

Årsrapport 2022



Illustrasjoner: Trond Kulterud, HAN SOM TEGNER

Layout og trykk: Aksell.no

Grunnlagsdata for tal og statistikk i årsrapporten finn du på nettstaden vår: www.lottstift.no

Innhald

1	Del 1 – Oppsummering	4
	Nye store ekstraoppgåver – som vi løyste på best mogleg vis	4
2	Del 2 – Introduksjon	6
	Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet	6
3	Del 3 – Aktivitetar og resultat	12
	Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel	12
	Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit	28
	Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar	44
	Slik jobba vi for å forenkle brukarreisa og vere ein synleg samfunnsaktør	58
4	Del 4 – Styring og kontroll	66
	Intern styring og kontroll	66
5	Del 5 – Framtidsutsikter	76
	Vurdering av framtidsutsikter	76
6	Del 6 – Årsrekneskap	78
	Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen	78
	Prinsippnote til årsrekneskapen	81
	Løyvingsrapport for 2022	82
	Artskontorapport for 2022	84

Direktøren si innleiing:

Nye store ekstraoppgåver – som vi løyste på best mogleg vis

Etter to lange år med pandemi såg det ut som om 2022 skulle bli året der samfunnet og vi gjekk tilbake til normalen. Men året hadde knapt starta før vi fekk nye store oppdrag som utfordra oss. Når vi ser tilbake, går 2022 inn i rekka som eit av våre mest krevjande år, men vi har nok ein gong levert.

I både 2020 og 2021 var heile det norske samfunnet prega av koronapandemien. Vi forvalta krisepakkar og tilskotsordningar for frivilligheita gjennom heile perioden, og gav jobben høgaste prioritet. Ved slutten av 2021 såg vi fram mot eit nytt år og til å ta att det tapte på andre frontar. Slik skulle det ikkje bli.

Ved inngangen til 2022 blei det klart at Kultur- og likestillingsdepartementet flytta ansvaret for den mellombelse kompensasjonsordninga for kultursektoren frå Kulturrådet til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Dette for å sikre god og effektiv behandling av søknadene, med kortast mogleg behandlingstid og rask utbetaling.

Med andre ord skulle vi gjere oss kjende med ein heilt ny søkarmasse og gjere nye digitale løysingar tilgjengelege på kort tid. Erfaringane frå dei siste to åra gjorde at vi kunne levere i rekordfart, men oppdraget kravde store omprioriteringar. Innsatsen frå dei tilsette har vore avgjerande for at vi har lykkast så godt med arbeidet. Det gjeld både dei som jobba direkte med ordninga, og dei som måtte løyse andre oppgåver med reduserte ressursar.

I tillegg til kompensasjonsordninga for kultursektoren har vi også i 2022 jobba med tilskotsordningane til idrett og frivilligheit i samband med koronapandemien. Dessutan fekk vi to nye mellombelse ordningar på frivillighetsfeltet: tilskotsordning for mangfald og inkludering – og ikkje minst straumstøtteordning for frivillige lag og organisasjonar.

Dei tre siste åra har vi verkeleg tatt store steg i arbeidet med å utvikle brukarvennlege, effektive system for frivillig sektor og for saksbehandling. Arbeidet vi har lagt ned her, kjem heile det frivillige Noreg til gode. Samtidig som vi gler oss stort over dette, ser vi at andre område i tilsynet står i kø. Her har vi behov for nytenking og oppgradering for å kunne levere like gode digitale løysingar til brukarane våre.

Vi skriv historie – med nye verkemiddel

Stadig færre nordmenn spelar pengespel hos ulovlege tilbydarar. Saman med Medietilsynet gler vi oss over at 2022 blei året då vi endeleg fekk stoppa den ulovlege TV-reklamen som i årevis har rekruttert nye spelarar til ulovlege speltilbod. For første gong har vi tatt i bruk tvangsmulkt overfor ulovlege pengespelselskap, med dagbøter på 1,2 millionar kroner. Det var først då dei måtte begynne å betale tvangsmulkt, at Trannel International, som står bak spelsider som Unibet og Maria Casino, la fram ein plan for å trekke seg ut av Noreg.

På oppdrag frå Lotteritilsynet har Nasjonalt kompetansesenter for spillforskning (SPILLFORSK) ved Universitetet i Bergen undersøkt dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av problemspeling. Våren 2022 presenterte dei resultata sine. Estimata viser at problema pengespel skaper, kostar samfunnet meir enn 5 milliardar

1

kroner i året. Med dette i bakhovudet er det ekstra gledeleg at vi har fått ei heilt ny pengespellov, som gjer det tydeleg at ansvarlegheit er det viktigaste omsynet i den norske einerettsmodellen.

Førebygging og auka kunnskap avgjerande for stiftelsane

Samfunnsoppdraget til Stiftelsestilsynet er å sikre trygg forvaltning av stiftelsar i Noreg og auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga til stiftelsane. Også i 2022 har vi prioritert førebyggjande tilsynsarbeid – for å hjelpe dei mange stiftelsane som ønsker å gjere rett. Eit tematilsyn der vi såg på korleis eit større utval stiftelsar jobbar med å realisere formåla sine, danna grunnlaget for vidare arbeid med risikobaserte tilsyn med habilitet og nærståande transaksjonar.

Ein viktig del av samfunnsoppdraget vårt er å vere leiande i å bygge opp og formidle kunnskap og truverdig informasjon om alle områda våre. På stiftelsesområdet ser vi at vår rolle som kunnskapsbyggjar er sentral. Derfor har vi i 2022 sett i gang ei større undersøking av norske stiftelsar sine verdibidrag til samfunnet. Vi erfarer dessutan at strategiske samarbeid med andre aktørar og tilsynsorgan blir stadig viktigare. Derfor gjennomførte vi for første gong eit samordna tilsyn med eit anna direktorat. Det hjelper oss med å sikre at vi bruker ressursane våre effektivt, at vi utviklar felles kompetanse, og at vi i enda større grad når måla våre.

Viktig tilbakemelding frå fornøgde brukarar

Ifølge strategien vår skal vi jobbe for å styrke brukarane våre. Gjennom god rådgi-ving skal vi vere ekspertane som gjer det enkelt for brukarane å ta kunnskapsba-serte val. Lotteri- og stiftelsestilsynet gjennomfører jamleg undersøkingar for å få tilbakemelding om kor tilfredse brukarane våre er. Resultata frå 2022 viser at vi har fornøgde brukarar med høg tillit til oss.

Dette er viktig. Vi er avhengige av tillit i jobben med å sikre ansvarlege pengespel, ei sterk frivilligheit og trygge stiftelsar. For det er nettopp det vi jobbar med kvar dag. Korleis vi jobbar for å løyse samfunnsoppdraga våre, kan du lese meir om i resten av årsrapporten.

Etter mi vurdering har Lotteri- og stiftelsestilsynet oppfylt dei krava som styrande dokument for 2022 stiller til oss, og handtert nok eit ekstraordinært år på ein god måte.



God lesnad!

Atle Hamar

Dette er Lotteri- og stiftelsestilsynet

Lotteri- og stiftelsestilsynet skal vere eit av samfunnets viktigaste verkemiddel for å sikre ansvarlege pengespel, sterk frivilligheit og trygge stiftelsar i Noreg.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet og har sidan oppstarten i 2001 halde til i Førde i Sunnfjord. Tilsynet er staten sitt forvaltningsorgan på områda pengespel, stiftelsar og frivilligheit. Dei tre områda har felles stabsfunksjonar og direktør.

Lotteritilsynet fører tilsyn og kontroll med dei statlege pengespela for å sikre at dei held seg innanfor rammene som gjeld for ansvarlege pengespel. Vi jobbar også for å sikre at aktørar som driv ulovleg, ikkje skal få fotfeste. Vi arbeider med å hindre kampfiksing og manipulering av idrettskonkurransar, og vi følger opp kvitvaskingslova på lotteri- og pengespelfeltet. Lotteritilsynet sørger for at spelemidlar frå dei regulerte aktørane kjem det norske samfunnet og frivilligheita til gode. Vi er dessutan tilsynsorgan for Grasrotandelen.

Lotteritilsynet forvaltar ordninga med momskompensasjon for både frivillige lag og organisasjonar og for bygging av idrettsanlegg. Sidan 2020 har vi i tillegg hatt ansvar for fleire kompensasjons- og stimuleringsordningar for frivilligheita, i samband med koronapandemien.

Stiftelsestilsynet skal sikre at norske stiftelsar driv lovleg og i tråd med formåla, men også bidra til at stiftelsar er ein attraktiv måte å utvikle samfunnet på. Vi rettleiar og fører tilsyn med norske stiftelsar. Dessutan jobbar vi med å dele kunnskap om rolla stiftelsar spelar i det norske samfunnet. I tillegg godkjenner vi endringar i private beslagsforbod, bandlagd pliktdelsarv, uråderettsklausular og samvirkeføretak.

Lotteri- og stiftelsestilsynet driftar tre nasjonale register. Alle norske stiftelsar er registrerte i Stiftelsesregisteret. I Lotteriregisteret ligg informasjon om lag og organisasjonar som har løyve til å skaffe seg lotteriinntekter. Anleggsregisteret har informasjon om anlegg for idrett og fysisk aktivitet, kulturarenaer, løypetiltak i fjellet m.m. I alle tre registera kan publikum søke fram informasjon.

I strategien vår for 2019 til 2023 har vi tre eksterne ambisjonar: Over heile linja skal vi jobbe for å styrke brukarane, forenkle for frivilligheita og ha smarte tilsyn. For å få til dette har vi fastsett fire interne ambisjonar som skal hjelpe oss på vegen: Vi skal vende blikket utover, forenkle og effektivisere, samarbeide og dele – og ikkje minst utvikle kompetansen vår. Slik skal strategien hjelpe oss å med å løyse oppgåvene våre på best mogleg vis både no og i framtida.

2

Tilsynet sine oppgaver

Tildelingsbrevet for 2022 definerer Lotteri- og stiftelsestilsynet sine overordna mål slik:

1. sikre ansvarlege pengespel, førebygge speleavhengigheit og negative sosiale konsekvensar av pengespel- og lotteritilbodet
2. legge til rette for at overskot frå pengespel og lotteri går til helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
3. legge til rette for ei effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivilligheita
4. sikre ei forsvarleg forvaltning av stiftelsar og auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga deira
5. bidra til at tilsynet er leiande i å bygge og formidle kunnskap og truverdig informasjon om pengespel, stiftelsar og støtteordningar for frivilligheita

I tillegg har Lotteri- og stiftelsestilsynet i 2022 hatt nokre særskilde oppdrag:

- bidra i Kultur- og likestillingsdepartementet (KUD) si lovgruppe i arbeidet med revisjon av pengespelregelverket
- bidra i arbeidet med oppfølging av utgreiing om mogleg registrert spel på bingo og eventuelt andre endringar i regelverket for bingospel
- alde fram med å handheve regelverket overfor ulovlege tilbydarar på den norske spelmarknaden og gjennomføre tiltak for å stenge slike aktørar ute
- følge opp betalingsformidlingsforbodet og endringane i kringkastingslova, som gir Medietilsynet heimel til å pålegge distributørar å hindre eller vanskeleggjere marknadsføring av pengespel utan løyve i Noreg
- følge opp Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025, noko som blant anna betyr gjennomføring av ny befolkningsundersøking i 2022
- sørge for god informasjon til stiftelsar og sette i verk endringar dersom Stortinget vedtar ny stiftelseslov i 2022
- sørge for gode forvaltningsrutinar i tråd med regelverket for ordningane for momskompensasjon som gjeld for frivillige organisasjonar og bygging av idrettsanlegg
- bidra til departementet sin gjennomgang av momskompensasjonsordninga, blant anna for å sjå nærare på avgrensingar mot næringsinteresser og offentleg verksemd
- vere rådgivande organ for departementet på tilskotsfeltet for frivillige lag og organisasjonar
- følge opp dei mellombelse kompensasjonsordningane frå 2020 og 2021 som tilsynet forvalta for frivilligheit og idrett, og som kom av at arrangement og aktivitetar blei direkte påverka av pålegg eller råd frå styresmaktene i samband med koronapandemien
- overta ansvaret for den mellombelse kompensasjonsordninga for arrangørar og underleverandørar i kultursektoren for avlyste, stengde eller nedskalerte arrangement frå Kulturrådet i samband med koronapandemien
- overta ansvaret for forvaltning av tilskotsordninga for frivilligsentralar frå Kultur- og likestillingsdepartementet
- ha ansvar for å forvalte ny søknadsbasert ordning for mangfalds- og inkluderings tiltak knytte til idrett og fysisk aktivitet i 2022 og 2023
- forvalte den mellombelse straumstøtteordninga til frivillige lag og organisasjonar med bakgrunn i dei ekstraordinære straumprisane

2

Inntektskomponentar

Lotteri- og stiftelsestilsynet er sjølvfinansiert med gebyr og avgifter. I 2022 var inntektskomponentane slik:

- gebyr og oppdrag (inkl. handlingsplanmidlar): kr 20 296 903
- årsavgift frå stiftelsar: kr 25 364 648
- refusjon – Norsk Tipping og Norsk Rikstoto: kr 46 635 000

Lotteri- og stiftelsestilsynet fører rekneskap etter kontantprinsippet.

Tabell 1: Utvalde volumtal:

Volumtal	2019	2020	2021	2022
Godkjende lotteriverdige organisasjonar	5 255	5 144	5 056	4 988
Organisasjonar med løyve til bingo	3 457	3 329	3 251	3 323
Registrerte stiftelsar	6 589	6 472	6 385	6 332
Næringsdrivande stiftelsar	819	812	802	806
Søknader om momskompensasjon på varer og tenester	1 921	2 019	1 909	2 186
Samla tal journalførte dokument i tilsynet	31 294	62 035	70 367	71 849
Sidevisingar på lottstift.no	734 346	1 331 436	1 093 233	989 105
Kontakt med Hjelpelinjen	800	797	859	943

Tabell 2: Økonomiske nøkkeltal

Nøkkeltal	2021	2022	Endring i %
Tal årsverk	70	75	7,1
Samla løyving inkl. tilskotsordningar	4 308 276 000	3 280 003 000	-23,9
Rekneskapsførte driftsutgifter	99 699 000	116 300 000	16,7
Lønsdel av driftsutgifter (prosent)	63	57	-9,5
Løn og sosiale utgifter per årsverk	891 000	888 000	-0,3
Samla rekneskapsførte inntekter	100 809 000	109 373 000	8,5
Utnyttingsgrad post 01–29 (prosent)	96	96,5	0,5

Kommentarar til endringar i nøkkeltal

Årsverk: Auken kjem av at vi på frivillighetsområdet og andre fagområde har fått større oppdragsportefølje og har måtta opprette nye stillingar.

Samla løyving: Reduksjonen kjem av at kompensasjonsordningane knytte til pandemien blei trappa ned.

Driftsutgifter: Auken kjem i stor grad av ekstraoppdraget med å forvalte kompensasjonsordninga for avlyste, stengde eller nedskalerte kulturarrangement i samband med covid-19. For å dekke ekstra forvaltningsutgifter fekk vi ei tilleggsloøyving på 15 millionar kroner. Vi hadde i 2022 også ein auke i utgifter knytte til oppdrag med å utvikle og drifte Anleggsregisteret og i utgifter knytte til handlingsplanen mot speleproblem. Dei to sistnemnde oppdraga auka med til saman 5 millionar kroner i rekneskapsførte utgifter.


2

Lønsdel: Vi har hatt større tenestekjøp enn normalt, mellom anna knytt til systemutvikling for å forvalte ekstraoppdrag og nye ordningar på frivilligheitsområdet. Dette har ført til at lønsdelen i prosent av drift har gått mellombels ned samanlikna med normalnivået. Lønsutbetalingar auka med 5,3 millionar kroner trass i redusert lønsdel.

Løn og sosiale utgifter per årsverk: Nedgangen kjem av tilfeldig svinging i samansetnaden av lønsmassen, mellom anna som følge av rekrutteringsprosessar og andre faktorar som lønsrefusjonar. Lønsvået hadde normal utvikling for statleg sektor i 2022.


Rekneskapsførte inntekter: Auken kjem av større oppdragsinntekter knytte til Anleggsregisteret og handlingsplanen mot speleproblem og av tilbakebetaling av momskompensasjon mottakarar ikkje hadde krav på. Éi enkeltsak utgjorde 6,6 millionar kroner i tilbakebetalt kompensasjon.

Forvaltning og tilsyn i Lotteri- og stiftelsestilsynet bygger på fire lovområde som er knytte til tre departement.



2

Organisasjon og leiling



Leiargruppa i 2022



Atle Hamar,
direktør i Lotteri- og
stiftelsestilsynet



Marie Havnen,
kommunikasjons- og
strategidirektør



**Siw Heggedal
Longvastøl,**
avdelingsdirektør,
Stiftelsestilsynet



Stig Starheim,
fagdirektør for økonomi
og verksemdsstyring



Henrik Nordal,
avdelingsdirektør
for pengespel,
Lotteritilsynet



Siv-Karin Hestad,
fagdirektør for
organisasjon og
personale



**Marianne Skjeldestad
Hove,**
avdelingsdirektør
for frivillighetsstøtte,
Lotteritilsynet



Falk Michael Tewes,
fagdirektør for IT og
dokumenthandtering

Slik jobbar vi for å sikre ansvarlege pengespel

Vi ser eit hamskifte i den norske pengespelmarknaden. Meir ansvarlegheit gir stor samfunnsgevinst.

Den norske pengespelmarknaden har vore gjennom store omveltingar det siste året. Vi har fått ei heilt ny pengespellov som gjer det tydeleg at ansvarlegheit er det viktigaste omsynet i den norske einerettsmodellen. At dette er viktig, ser vi av ei undersøking frå SPILLFORSK som viser at dei problema pengespel skaper, kostar samfunnet meir enn 5 milliardar kroner i året. Det ligg store samfunnsgevinstar i å legge til rette for at pengespel skjer i tryggare former. For formåla inneber det litt mindre pengar, men også at dei er med på å gi spelarane tryggare rammer.

Ansvarlegheita blir utfordra i einerettsmodellen

Mot slutten av 2021 såg vi ein tendens: Fleire veit kven som har lov å tilby pengespel i Noreg. Denne tendensen har blitt sterkare i 2022. Undersøkingar frå Sentio viser at halvparten av befolkninga no veit kven som er lovlege aktørar i Noreg. Dette er viktig kunnskap. Spelarane blir utsett for langt høgare risiko hos ulovlege aktørar enn hos dei lovlege aktørane i Noreg.

At spelarane veit kven som er lovlege aktørar, er eit resultat av langsiktig tolmodig arbeid, og vi ser at fleire tiltak har hatt god effekt. På TV har reklameformidlingsforbodet fjerna trykket av reklamen som rekrutterte spelarar til dei ulovlege selskapa. Betalingsformidlingsforbodet har blitt meir effektivt, og vi ser at enkelte bankar stoppar betalingar utan vedtak frå Lotteritilsynet. Neste mål må vere at alle handhevar forbodet likt.

Ulovlege aktørar er til stades uansett pengespelmodell

I media har det vore mykje omtale av tvangsmulkt til ulovlege aktørar. Det har også bidratt til å sette fokus på kven som er ulovlege tilbydarar i Noreg. Bruk av mulkt og etterleving av regelverk på tvers av jurisdiksjonar var tema under ein internasjonal myndighetskonferanse i Australia. Fleire land ønsker å få bukt med sine ulovlege marknader, og ei løysing vil vere å respektere lovverket i andre land.

Når den ulovlege marknaden krympar vesentleg, utfordrar dette einerettsaktørane. Som følge av EU-retten blir krava til reklame frå dei norske lovlege aktørane skjerpa, men reklamen må likevel vere tilstrekkeleg til å kanalisere spelarar. Norsk Tipping må derfor handtere ein stor auke i spelarar som tidlegare har spela hos ulovlege aktørarar. Dei tar med seg spelevanane sine og spelar dei farlegaste pengespela hos Norsk Tipping. Utfordringa framover blir å få desse til å spele mindre risikofylte spel for å avgrense problemspeling.

Alle må dra lasset saman

Så lenge dei ulovlege aktørane kjempar med nebb og klør om norske spelarar, og overgår kvarandre med lovnader om «freespins» og «cashback», drar dei speltilbodet i retning av mindre ansvarlege tiltak og høgare risiko for store tap. Konkurransen kan påverke einerettsaktørane sine spel, som vil kunne bli meir aggressive for å vere attraktive og kanalisere spelarar.

Den nye lova legg meir vekt på ansvarlegheit og skjerpar dermed krava til at norske tilbydarar av pengespel: Dei må gjere meir for å bidra til at det blir færre problem-spelarar. Alle må bidra for å gjere rammene for spel tryggare og ansvarlege – både formål, speltilbydarar og myndigheiter.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

1. Sikre ansvarlige pengespill, forebygge spilleavhengighet og negative sosiale konsekvenser av pengespill- og lotteritilbudet
2. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2022)



Innsatsen mot ulovleg pengespelreklame har effekt

Vi følger med på den ulovlege marknadsføringa i mange ulike kanalar, og prioriterer tilsyn og tiltak der vi meiner risikoen er størst.

Vi opplever god effekt av å rapportere ulovleg marknadsføring direkte til dei internasjonale digitale plattformene og sosiale kanalane. Ulovleg pengespelreklame er ofte i strid med selskapa sine eigne retningslinjer for bruk, og vi rapporterer mellom anna til Facebook og Instagram. Vi prøver å etablere kontakt og samarbeid med sentrale internasjonale aktørar. I tillegg samarbeider vi med myndigheiter i andre land med same utfordringar.

Vi jobbar med å holde norske nettsider og nettaviser frie for programmatisk annonser med ulovleg pengespelreklame. Vi kontaktar mellom anna mediehus der vi ser at ulovlege annonser slepp gjennom annonsefilter, og opplever at dette er noko mediehusa tar på stort alvor.

3

Marknadsføring gjennom bruk av ambassadører og påverkarar (influensarar)

Lotteritilsynet ser svært alvorleg på at påverkarar, kjendisar og idrettsprofilar utnyttar statusen sin til å marknadsføre ulovlege pengespel i sosiale medium. Vi meiner dette er ei svært skadeleg form for marknadsføring. Som påverkar i sosiale medium har ein mykje makt, og barn og unge er ei særleg utsett målgruppe.

Med ny pengespellov frå 1. januar 2023 har vi fått nye heimlar som gir oss nye verkemiddel. Dermed kan vi oppnå større effekt i tilsynssaker.


Lotteritilsynet kan etter nytt regelverk gi lovbrøtsgebyr (overtredelsesgebyr) og førehandsfastsette tvangsmulkt. Dette kjem i tillegg til at vi kan gi ordinær tvangsmulkt, som vi også kunne etter den tidlegare lova.

Eit lovbrøtsgebyr er ein negativ reaksjon som rettar seg mot eit begått lovbrøt. Formålet er å påføre ein negativ konsekvens som følge av eit lovbrøt som allereie har skjedd, og betalingsplikta fell ikkje bort sjølv om forholdet blir retta.

Tvangsmulkt er eit pålegg om å betale eit pengebeløp. Formålet er å tvinge ein aktør til å rette opp i noko, for eksempel fjerne ulovleg marknadsføring. I motsetning til lovbrøtsgebyr, som gjeld lovbrøt som allereie har skjedd, er formålet med tvangsmulkt å tvinge fram etterleving av lova. At vi kan fastsette tvangsmulkt på førehand, betyr for eksempel at ein aktør kan bli pliktig til å betale eit visst beløp utan at vi må treffe nytt vedtak dersom denne aktøren tidlegare har marknadsført eit ulovleg pengespel i sosiale medium og i framtida gjer det igjen. Den nye lova fastset også eit særleg medverknadsansvar for aktørar som medverkar til ulovleg tilbod om og marknadsføring av pengespel.

Lotteritilsynet meiner tida er inne for å legge eit større ansvar på desse aktørane, og vi planlegg å ta dei nye heimlane i bruk for å auke effekten av regelverket. Derfor har vi i brev til påverkarnettverk (influensar-nettverk) og gjennom uttalar i media hausten 2022 varsla at vi vil slå ned på denne typen marknadsføring når nytt regelverk trer i kraft. Vi ser allereie ein vesentleg effekt av regelverksendringar og varsel om tilsyn. Fleire spelselskap har avslutta eller endra samarbeid med norske påverkarar/ambassadører som følge av dette.

Vi vil i 2023 gjennomføre kartleggingsaksjonar og tilsynssaker etter risikovurdering. På den måten vil vi statuere eksempel og ytterlegare auke den preventive effekten av regelverket.



3

Tvangsmulkt og rettssaker påvirkar den ulovlege marknaden

Lotteritilsynet har i 2022 jobba med to store saker mot ulovlege pengespelselskap. Både Trannel-saka og BML-saka er offentleg kjende gjennom media.

Trannel-saka har pågått sidan 2019, og både Trannel og BML har nytta sin rett til å få overprøvd vedtaka våre i alle moglege instansar.

I 2019 vedtok Lotteritilsynet at Trannel International Limited måtte stanse det ulovlege pengespeltilbodet til Noreg, og i 2022 slo Oslo tingrett fast at vedtaket vårt er gyldig. Etter denne dommen såg vi det som nødvendig å gi selskapet tvangsmulkt for å tvinge dei til å rette seg etter vedtaket vårt om stans. Mulкта er på 1,2 millionar kroner dagleg. Trannel er mellom anna kjent for spelsidene Unibet, Maria Casino, Storspiller og Bingo i Norge. Selskapet har anka tingrettsdommen, og saka skal etter planen opp for lagmannsretten i løpet av våren 2023.

Betsson-selskapet BML Group har fått varsel om tvangsmulkt. Etter at klageinstansane kom fram til at vi har gjort eit gyldig vedtak om at dei må slutte å tilby pengespel i Noreg, har BML Group bestemt at dei skal innrette seg etter dette.

Både norske, svenske og andre internasjonale mediehus har hatt store oppslag om at ulovlege pengespelselskap blir trua med millionbøter i Noreg, og tilsynet ser at slike medieoppslag får stor og umiddelbar effekt. Det var først då Lotteritilsynet fatta vedtak om tvangsmulkt, at Trannel la fram ein plan for å trekke seg ut av Noreg, sjølv om dei framleis meinte at vedtaket om stans er ugyldig.

Gjennom sakene mot Trannel og BML har Lotteritilsynet nådd ut med mykje relevant informasjon om regelverket for pengespel i Noreg. Fleire av våre internasjonale kollegaer hos spelmyndigheitene i andre land har også tatt kontakt og vist interesse for sakene.

Betalingsformidlingsforbodet blir stadig meir effektivt

Stadig fleire bankar følger opp forbodet mot å formidle innsats og gevinst til og frå ulovlege pengespelselskap.

Norske bankar og finansføretak har plikt til å stoppe pengeoverføringar til og frå spelselskap som ikkje har løyve i Noreg. Dette betalingsformidlingsforbodet er eit effektivt verkemiddel. I 2022 gjorde vi sju vedtak med pålegg om stans av pengespeltransaksjonar til norske bankar. Vi får dagleg tips om ulovleg pengespel-formidling frå norske bankar, og dei siste åra har vi følgd opp med vedtak med pålegg til rundt 150 bankar og finansføretak til saman.

Mange bankar har god oversikt

I 2022 gjennomførte vi ei spørjeundersøking om korleis norske bankar generelt følger opp betalingsformidlingsforbodet, og om bankane sin kunnskap om speleproblem. Om lag halvparten av bankane som blei spurde, seier at dei har god oversikt over betalingsformidling av pengespel som ikkje har norsk løyve, og om lag halvparten har stor tru på effekten av forbodet.

3

Som eksempel på tiltak dei set i verk for å følge opp forbodet, nemner bankane oftast å informere om forbodet, å ta kontakt med kunden og å informere om konsekvensar av forbodet for banken og for kundane. Desse tre tiltaka har hatt ein signifikant auke sidan vi gjennomførte same spørjeundersøking i 2020. For om lag to av tre bankar er pengespelproblem sjeldan eller av og til tema under lånemøte med kundar. Når det gjeld informasjon om speleproblem, har éin av fire generell informasjon om speleproblem, anten på nettsida til banken eller i anna informasjonsmateriell.

Ifølge bankane sluttar mange av kundane å spele, eller vel lovlege tilbydarar, når dei blir klar over at det berre er Norsk Tipping og Norsk Rikstoto som har lov å tilby kasinospel og sportsspel på nett. Det er også slik at banken kan vere den første staden speleproblem blir oppdaga. Dermed kan banken også bidra til at dei som har problem, oppsøker hjelp.

Spelansvarskonferanse om pengestraumen

Lotteritilsynet arrangerte 16. november 2022 Spillansvarskonferansen i Oslo. Tema på konferansen var: *Korleis kan vi stoppe pengestraumen som skaper problem for både spelaren og familien? Banken kan faktisk redde liv. Kva betyr det for spelaren når banken «ser» han og tar kontakt? Kva moglegheiter har norske finansinstitusjonar for å oppdage og stoppe dei som har problem med pengespel? For mange spelarar er bankane siste skanse mot å gå til grunne.* Finansklagenemnda, Forbrukarrådet og Gjeldsregisteret heldt innlegg. Det same gjorde fleire personar med erfaring knytt til speleproblem. Fleire bankar deltok også på konferansen.



Lotteritilsynets Silje Sægrav Amble og Jonny Engebø på scena under Spillansvarskonferansen i 2022.

Betalingsformidlingsforbodet er eit effektivt verkemiddel

Lotteritilsynet meiner betalingsformidlingsforbodet er eit effektivt verkemiddel for å hindre og stanse ulovlege pengespel, og vi har konkrete haldepunkt for dette. Effekten kjem tydelegare fram når ein ser dei ulike haldepunkta i samanheng, og korleis dei underbygger kvarandre. Det er vanskeleg å talfeste effekten, men han kjem til uttrykk både gjennom spelselskapa sine eigne uttalar om årsakene til redusert omsetning i Noreg og i resultat frå spørjeundersøkinga om effekt og arbeid med betalingsformidlingsforbodet hos bankane. Vi ser også effekten i reaksjonar frå spelarar som vi er i kontakt med, eller som skriv i opne spelarforum om trøbbel med å få utbetalt gevinst.

3

Mange formidlarar har også trekt seg ut av den norske marknaden på grunn av betalingsformidlingsforbudet. Dette er utanlandske selskap som formidlar betaling av innsats og gevinst til og frå norske kundar, på vegner av spelselskap. Vi har også eksempel på speltildarar som har gjort det same på grunn av vedtak knytt til betalingsformidlingsforbudet.

Når Lotteritilsynet har testspela på nettspel som utan lov er retta mot Noreg, har vi opplevd problem med å få gjort innskot frå spelar til spelselskap. Norsk Tipping har også fått fleire nye kundar som tidlegare har spela hos utanlandske tilbydarar. I tillegg viser tal frå faste kvartalsvise spørjeundersøkingar til den norske befolkninga (Sentio Research Norge AS for Lotteritilsynet) ei endring i åtferd som følge av betalingsformidlingsforbudet.

Det viktigaste tiltaket for å auke effekten ytterlegare vil vere å sikre lik etterleving hos bankane. I dag har vi god grunn til å tru at det generelle forbudet blir etterlevd på ulike måtar blant bankane.

Samarbeid med andre etatar

I 2022 har Lotteritilsynet samarbeidd tett med Medietilsynet om å stoppe ulovleg pengespelreklame på TV, og det har ført til mykje mindre ulovleg marknadsføring.

Tilsynet er gjennomført av Medietilsynet etter reglane i kringkastingslova. Lotteritilsynet har bidratt med råd, vurderingar og innspel knytte til pengespellovgevinga og pengespelmarknaden.

Tilsynet har hatt stor effekt. Discovery slutta å sende ulovleg pengespelreklame på sine TV-kanalar frå 15. august 2022. Nent Group slutta å sende slik reklame frå 2021, og den ulovlege pengespelreklamen er ved utgangen av 2022 i stor grad vekke frå alle TV-kanalar som er retta mot Noreg. Målingar som Sentio gjennomførte for Lotteritilsynet i desember 2022, viser også ein relativt stor nedgang i tal personar som har sett ulovleg pengespelreklame på TV.

Samarbeidet mellom Medietilsynet og Lotteritilsynet om ulovleg pengespelreklame har ført til ein markant nedgang i ulovleg marknadsføring av pengespel på TV. Målt i bruttokroner brukt på pengespelreklame er den ulovlege pengespelreklamen på TV redusert med nærare 780 millionar kroner frå 2018/2019 og fram til i dag (kjelde: Medietilsynets reklamestatistikk frå Nielsen Media Research).

Samarbeid mot pyramidespel

Lotteritilsynet har i 2022 samarbeidd med Økokrim for å auke tilsynsmyndigheitene og politiet sin felles innsats mot pyramidespel. Vi har også samarbeidd med Forbrukartilsynet og Finanstilsynet, mellom anna om ei felles åtvaring mot selskapet Cash FX. Samarbeidet med Økokrim, Finanstilsynet og Forbrukartilsynet på pyramidefeltet har ført til fleire medieoppslag. Det har bidratt til å auke nordmenn sin kunnskap om kva som kjenneteiknar pyramidespel, og kva som er risikoen ved å delta. Frå 1. januar 2023 er ansvaret for tilsyn med pyramidespel flytta til Forbrukartilsynet.

3

6 av 10 er blitt til 5 av 10

Stadig fleire nordmenn veit kven som har og ikkje har lov til å tilby pengespel.

Det er viktig at nordmenn veit kven som har lov til tilby pengespel på nett og mobil, og kven som ikkje har lov. Mange av spela hos dei ulovlege selskapa er høgrisiko-spel, og aktørar med norske løyve har fleire effektive tiltak for å førebygge speleproblem enn dei ulovlege. Dei som spelar hos dei lovlege aktørane, har også eit betre forbrukarvern ved at dei slepp å vende seg til myndigheitene i andre land.

Lotteritilsynet har sidan 2014 undersøkt folk sin kjennskap til kven som har lov og ikkje lov til å tilby spel på nett og mobil. I 2014 var det i underkant av 40 prosent som trudde at berre Norsk Tipping og Rikstoto hadde lov. Med andre ord var det vel 6 av 10 som ikkje visste. Dette talet var stabilt over fleire år.

I 2022 endra dette seg merkbart. No er det 50 prosent som ikkje veit. Det kan vere fordi dei trur at ulovlege aktørar også har lov, eller fordi dei er usikre. I 2022 er det dermed 5 av 10 som ikkje veit kven som har lov eller ikkje.

Denne reduksjonen har truleg fleire årsaker. Mellom anna har Lotteritilsynet gjennom fleire år laga kampanjar som fortel kven som ikkje har lov, og kva som er ulempene ved å spele hos ulovlege aktørar. Truleg har også fleire større medieomtalar i 2022 vore medverkande. Eit eksempel er mediasakene som følgde då Lotteritilsynet både varsla og ila tvangsmulkt til Trannel, som tilbyr ulovlege spel gjennom nettsidene Unibet, Maria Casino, Storspiller og Bingo i Noreg.

Speleproblem kostar samfunnet over 5 milliardar kroner årleg

I 2022 fekk vi for første gong kunnskap om kva pengespelproblem kostar samfunnet.

Å undersøke dette var eit tiltak i regjeringa sin handlingsplan mot speleproblem. Det har vore mykje snakk om kva konsekvensar pengespel kan få for enkeltpersonar. Men vi har ikkje hatt oversikt over kva det kostar samfunnet når folk øydelegg privatøkonomien sin, ikkje klarer å konsentrere seg på jobb, eller familiar går i oppløysing. Det fekk vi i rapporten *Den samfunnsøkonomiske kostnaden av problem-spilling i Norge*, som blei utarbeidd av SPILLFORSK i 2022.

Ulike samfunnsmessige kostnader

Forskarane har berekna at dei samla kostnadene av problemspeling utgjorde heile 5,14 milliardar kroner i 2019. Dei har tatt utgangspunkt i kor mange med speleproblem det var i den siste befolkningsundersøkinga Universitetet i Bergen gjennomførte for Lotteritilsynet. Befolkningsundersøkinga viste at 55 000 nordmenn har speleproblem, og at 122 000 er i risikosona for å få det. SPILLFORSK har sett på

- direkte kostnader som behandling for problemspeling, rettsvesen og rekruttering av nye tilsette fordi arbeidstakarar mistar eller sluttar i jobben
- indirekte kostnader som arbeidsfråvær, arbeidsløyse og for tidleg død
- immaterielle kostnader som psykisk uhelse, sjølvmondsforsøk og belastning for nærstående

3

Forskarane har valt ei konservativ tilnærming for å vere sikre på at ikkje dei berekna kostnadene blir høgare enn dei verkeleg er. Truleg er kostnadene underestimerte.

Store pengar å spare om vi avgrensar skadane

Det som kostar samfunnet mest, er arbeidsløyse og for tidleg død, som kvar for seg er berekna å koste samfunnet nesten 900 millionar årleg. Deretter kjem sjukenær-vær, eit produksjonsfall som kjem av at ein person bruker tid på pengespel eller pengespelrelaterte problem i arbeidstida. Denne kostnaden er berekna til over 450 millionar kroner.

Samla sett viser rapporten at kvar enkelt problemspelar kostar samfunnet over 98 000 kroner. Det kan verke rart å sette ein prislapp på ein tilstand som for mange øydelegg både familie og framtid. Men det viser også at det er store pengar å spare for samfunnet dersom vi klarer å avgrense skadane pengespel påfører folk.

Fleire søker hjelp hos Hjelpelinjen

Hjelpelinjestatistikken for 2022 viser ein ny auke i personar som søker hjelp på grunn av problem med pengespel.

Det samla talet på samtaler om spelarar var 825 i 2022 mot 767 i 2021. Heldigvis er auken lågare når det gjeld dei som tek kontakt for første gong. Her var auken frå 475 samtaler i 2021 til 486 i 2022.

Sjølv om fleire tar kontakt med Hjelpelinjen, ser vi ein tendens til at det blir færre som har svært høg gjeld på samtaletidspunktet. Truleg er innføringa av gjeldsregisteret ein av grunnane. Det gjer at ein spelar ikkje kan ta opp stadig nye forbrukslån når han eller ho går tom for pengar. Strengare grenser for kasinospela til Norsk Tipping og strengare handheving av betalingsformidlingsforbodet kan også spele inn.

I 2022 var det ein liten nedgang i andelen som tok kontakt om spel på nettkasino, frå 56 til 50 prosent. Men nettkasino dominerer framleis statistikken, og det var 242 førstegongssamtaler om kasino, mot 84 samtaler om oddsspel, som var nest største kategori.



Svært mange av samtalene om kasinospel, oddsspel og poker handlar om spel på utanlandske nettstader. I 2022 handla 52 prosent av desse utelukkande om spel hos ein utanlandsk tilbydar. Om vi tar med samtalene der både Norsk Tipping og ein utanlandsk speltilbydar har vore omtala, har ein utanlandsk tilbydar vore tema i 86 prosent av samtalane.

3

Dei statlege pengespela i ein marknad med mindre synlege ulovlege aktørar

At dei ulovlege selskapa taper terreng i den norske spelmarknaden, påverkar også dei lovlege aktørane.

Den årlege rapporten til generalforsamlinga til Norsk Tipping i 2022 bekrefta i all hovudsak at Norsk Tipping tilbyr og tilfredsstiller kravet om å tilby pengespel på ein ansvarleg måte.

Eit viktig prinsipp er at pengespeltilbydarane skal kunne sette i verk tiltak raskt dersom det er behov for det. Norsk Tipping sin direkte kommunikasjon med spelarane gjennom «Spillepuls» er eit eksempel på eit risikoreduserande tiltak som i 2022 har gitt resultat for spelarar med problematisk speleåtfærd. Dei låge grensene på Kongkasino har resultert i lågare snitt-tap og færre spelsekvensar per spelar i 2022.

Norsk Tipping har i fleire år blitt oppmoda til å styrke budskapet om å spele ansvarleg og til å samarbeide meir med Norsk Rikstoto. Det er ein styrke for einere rettsmodellen at selskapa står samla og er konsistente, slik at spelarane får den same budskapet. I 2022 har vi sett at samarbeidet gir gode resultat, mellom anna med felles bruk av logoen «Spill med måte, så tipper du ikke over».

Fleire spelar lovleg

Effekten av betalingsformidlingsforbodet og bortfall av kasinoreklame frå ulovlege tilbydarar på TV er med på å forklare kvifor Norsk Tipping også i 2022 har fått fleire spelarar på både Kongkasino og Oddsens. At fleire spelar lovleg, betyr òg at fleire problemspelarar blir registrerte og får eit sterkare vern.

Kongkasino blir ikkje marknadsført av Norsk Tipping, men vi ser likevel at nordmenn som ikkje har spela i den ulovlege marknaden, blir rekruttert. Lotteritilsynet utfordra derfor Norsk Tipping til å sette i verk tiltak for å fjerne Kongkasino frå startside i appen til Norsk Tipping, eventuelt etablere ein eigen app. Norsk Tipping flytta dermed spelet bakover i appen, og spelarane må no gjennom fleire steg for å finne Kongkasino. Som eit ekstra tiltak må spelarane logge seg på sin eigen profil på nett for i det heile tatt å finne kasinospela. Effekten av tiltaket var at talet på nye spelarar på Kongkasino gjekk ned med 50 prosent.

Ny totalgrense for dei yngste oddsspelarane

Oddsens er eit spel i direkte konkurranse med den ulovlege marknaden. Det blei etablert for at Norsk Tipping skal ha eit tilbod som er attraktivt nok til å kanalisere spelarar. For at Oddsens skal fungere etter intensjonen med å redusere problemspel, må tiltaka treffe spelarar i risikogruppene. Lotteritilsynet har vore bekymra for dei yngste spelarane som blir kanaliserte frå den ulovlege marknaden til Oddsspel. I 2022 blei det derfor vedtatt å innføre ei lågare totalgrense for dei yngste spelarane, som er mellom 18 og 20 år. Dei får ei tapsgrense på 2000 kroner per månad. Lotteritilsynet vil følge med på utviklinga og vurderer ei tilpassa tapsgrense også for gruppa rett over 20 år.

I april gjennomførte Lotteritilsynet ein kvalitetsrevisjon av Oddsens. Målet var å kontrollere korleis selskapet sikrar at speltilbodet er ansvarleg, men likevel attraktivt. Kontrollen skulle også vurdere korleis selskapet sikrar at dei driv i samsvar med krava frå myndigheitene.



Endelig meldingsvariant

Under revisjonen la selskapet fram fleire nye tiltak for å auka bevisstgjerings om tap hos spelarane. Her bruker selskapet «Spillepuls» for å komme i direkte dialog med kvar enkelt spelar. Dei testar ut kva meldingar som gir best effekt, for eksempel «Oddssjefens råd», og legg meldinga til i «Spillepuls». Lotteritilsynet ser at tiltaket verkelegheitsorienterer spelaren, og at det bidrar til lågare spelengrenser. Sjå eksempel:

Lotteritilsynet avdekte ingen avvik i revisjonen, men vi hadde ein merknad: Vi anbefaler selskapet å finne ein måleindikator som viser om tiltak på Oddsens beveger spelarar i grøn retning. I dag er Play-scan-indeksen ein indikator som på overordna nivå måler kva retning spelarane beveger seg i.

Lotteritilsynet har også bede Norsk Tipping om ei evaluering av pauseverktøya for å finne område der selskapet kan bli betre. Dette skal selskapet ha på plass i første kvartal av 2023.

Marknadsføringa til Norsk Tipping

Lotteritilsynet gjennomførte ikkje ein eigen revisjon av marknadsføringa til Norsk Tipping i 2022.

Reklametrykket på TV blei endra over natta då Discovery stoppa reklame frå ulovlege selskap 15. august 2022. NENT stoppa den ulovlege TV-reklamen allereie då den nye kringkastingslova tredde i verk 1. januar 2021. Ifølge EU-retten skal einerettsaktørane berre reklamere i strengt nødvendig utstrekning for kanalisere spelarar frå den ulovlege marknaden.

Som følge av redusert reklametrykk bad vi Norsk Tipping om å gjere greie for korleis selskapet ville innrette seg for å etterleve endringa i reklametrykket. Norsk Tipping gjorde følgande tiltak:

- stopp i all marknadsføring av Oddsens på TV
- stopp i all utsending av tekstmeldingar til kundar hos Oddsens
- gjennomføring av to store Lotto-kampanjar hausten 2022 utan TV-reklame
- redusert TV-reklame for Flax
- oppvekting av ansvarlegheit på TV i samband med fotball-VM og Premier League-fotball
- reduksjon i marknadsføring av store premiepottar på TV
- mindre marknadsføring hos e-kommisjonærar

Lotteritilsynet har vurdert tilbakemeldinga frå Norsk Tipping. Vi har deretter peika på to forhold selskapet må vurdere alle tiltak opp mot for å stå stødig i einerettsmodellen:

- Konkurransen i marknaden er ikkje like stor som før.
- Omfanget av marknadsaktivitetar retta mot breiddetilbodet til Norsk Tipping må ikkje medføre at det veks meir enn det den norske modellen toler.

Vi veit at det tar tid før ein ser kva effekt endringane til Norsk Tipping vil ha, og korleis marknadsføringstrykket vil endre seg, i både den lovlege og den ulovlege marknaden. Det er mange spørsmål det vil ta tid å få god nok kunnskap om, for eksempel om reklamen frå ulovlege aktørar finn nye plattformer, eller om dei flyttar reklamen til eksisterande plattformer som er mindre synlege.

3

Lotteritilsynet meiner at Norsk Tipping må opparbeide seg svært god kunnskap om marknadsaktivitetane til dei ulovlege tilbydarane før selskapet planlegg eigen aktivitet framover.

For å nå kanaliseringsmål kan det vere nødvendig å marknadsføre eit breitt utval spel. Lotteritilsynet forventar likevel at omfanget av marknadsaktivitetar retta mot breiddetilbodet til Norsk Tipping ikkje vil føre til at pengespelmarknaden veks urimeleg og meir enn det den norske modellen tillèt.

Tilsyn med Norsk Rikstoto

I mars 2022 gjennomførte vi eit tilsyn for å kontrollere korleis Norsk Rikstoto følger opp og etterlever policyar, retningslinjer og rutinar for gjennomføring av totalisatorløp. Tilsynet hadde spesielt fokus på å finne ut kva tilgangar til spelsystemet både tilsette og representantar for sporten har under eit V75-arrangement.

Lotteritilsynet avdekte ingen avvik, men hadde ein merknad: Vi anbefaler at ein i større grad tydeleggjer samhandlinga mellom arrangøren av hesteløpa og Norsk Rikstoto i selskapet sitt strategidokument. Dette vil bidra til at gjennomføringa av løp kjem tydelegare fram i verksemdsstyringa og i internkontrollen.

Ny konsesjon til å tilby pengespel på hest

I desember 2022 gav Kulturdepartementet Norsk Rikstoto fornyta løyve til å tilby pengespel på hest dei neste ti åra. Selskapet har den siste tida gjennomført ei rekke tiltak som reduserer risikoen for speleproblem, og dei har gjort nødvendige vedtektsendringar for å kunne tilby pengespel.



Bingomarknaden er tilbake på nivået før covid-19

Den profesjonelle delen av bingomarknaden har i delar av 2022 vore prega av covid-19. Men alle bingohallane har halde opne etter at landet opna opp att 12. februar.

Tala frå bransjen viser at omsetninga er tilbake på omtrent same nivå som før pandemien. Talet på bingohallar er også stabilt.

Det er interessant å sjå at det i 2022 framleis var ein auke i omsetning på hovudspel på internett, som bingoentreprenørar kan ha. Auken er likevel mindre enn då bingo-hallane var stengde på grunn av covid-19-restriksjonar. Omsetninga i første halvår av 2021 var på 175 millionar kroner, mot 195 millionar kroner i tilsvarende periode i 2022.

Lotteritilsynet trur denne moderate auken kjem av at folk er blitt vane med å spele bingo på internett. I tillegg har det vore ein auke i talet på hallar som tilbyr nettspel.

3

Oppdaterte tal for nettbingo per 30.09.2022:

Måltal/år:	Per 31.12.2021:	Per 30.09.2022:
Brutto omsetning frå hovudspel på nett	343 626 318 kr	292 400 277 kr
Brutto omsetning frå hovudspel totalt	972 257 859 kr	932 937 436 kr
Andel hovudspel på nett av total omsetning	35,3 %	31,3 %
Tal bingoallar med hovudspel på nett	186	203
Tal bingoallar totalt	225	225

Både tradisjonell foreiningsbingo og bingo i lokalradio har hatt ein liten nedgang i talet på løyve i 2022. Det er ein trend vi har sett over nokre år.

Tilsyn med bingo – rekneskapskontroll

Lotteritilsynet gjennomførte ingen fysiske kontrollar i bingoallar i 2022. Hovudårsaka var at tilsynet hadde redusert kapasitet på grunn av ekstra arbeidsmengde knytt til stimuleringsordningar og kompensasjonsordningar på grunn av pandemien.

Vi kontrollerte 920 bingorekneskap fordelt på 235 bingoallar (entreprenør). I tillegg hadde vi tilsyn med 160 rekneskapar frå organisasjonar som hadde løyve til foreiningsbingo og radio-/TV-bingo.

Resultatet av tilsyna viser at bransjen i stor grad følger gjeldande reglar på området. I 2022 var det ingen entreprenørar som miste løyvet på grunn av manglar ved rekneskapen. To foreiningsbingoar og éin lokalradio mista løyvet på grunn av manglande rapportering.

Tilsyn med kvitvasking

Lotteritilsynet gjennomførte i 2022 tilsyn med utvalde bingoentreprenørar etter kvitvaskingsregelverket. Fem tilsyn er avslutta, medan fire tilsyn som vi starta opp hausten 2022, ikkje er ferdige. Vi gjennomførte tilsyna som dokumenttilsyn. For Lotteritilsynet var det blant anna sentralt å kontrollere i kva grad bingoentreprenørane har fått på plass risikovurderingar, rutinar og opplæring i tråd med krava. Funna viser at dei fleste har innført eit system og gjennomført risikovurderingar. Så langt ser vi at risikovurderingane og rutineane ofte er overordna og generelle, og i mindre grad tilpassa den enkelte verksemda.

Tilsyna viser også at bingoentreprenørane sjeldan undersøker mistenkelege transaksjonar, og at dei svært sjeldan rapporterer til Økokrim. Det skal vere låg terskel for å undersøke nærare og å sende MT-rapportar til Økokrim. Det å få bingoentreprenørane til å forstå at dei har ein viktig rolle her, er noko vi vil ha fokus på framover.

211 mista godkjenninga som lotteriverdig

For at ein organisasjon skal kunne ha større lotteri, eller få utbetalt overskot frå bingo, poker eller spel på skip, må han vere godkjend som lotteriverdig organisasjon. I 2022 godkjende vi 140 organisasjonar.

I løpet av året mista totalt 211 organisasjonar godkjenninga som lotteriverdig organisasjon, dei fleste på grunn av manglande rekneskapsrapportering.

Alle organisasjonar som har vore godkjende av Lotteritilsynet (rundt 5000), må som følge av ny regulering i løpet av 2023 søke om ny godkjenning. Det er eit krav for å kunne ha inntekter frå pengespel som krev løyve, i 2024.



Færre autoriserte entreprenører i løpet av året

For å arrangere bingo og lotteri på vegner av organisasjoner som har løyve, må verksemda ha autorisasjon som entreprenør. I løpet av 2022 var det to verksemdar som søkte om og fekk slik autorisasjon. Samtidig var det heile åtte verksemdar som fekk sletta autorisasjonen. Autorisasjonen blir sletta dersom verksemda blir avslutta (sletta) i Einingsregisteret. Ein aktør kan også be om å få sletta autorisasjonen dersom det ikkje lenger er aktuelt å arrangere bingo og lotteri på vegner av ein organisasjon.

Alle verksemdar som frå og med 2024 skal tilby pengespel på vegner av organisasjonar med løyve, må i løpet av 2023 søke om å bli godkjende som medhjelparar etter nytt lovverk.

Auka omsetningsramme i dei største lotteria

Etter ei regelendring frå 1. juli 2022 kunne lotteri med omsetning opptil 300 millionar kroner få indeksregulert omsetningsramma si. Det var aktuelt for to av dei tre lotteria i marknaden. Både Pantelotteriet og Postkodelotteriet fekk som følge av dette oppjustert løyva sine til i overkant av 350 millionar kroner i løpet av 2022.

I ny forskrift er indeksreguleringa tatt vekk, og det er lagt inn ei omsetningsramme på 360 millionar kroner.

Siste året der lotteri med omsetning under 200 000 kroner må meldast inn

Som følge av ny lov og forskrift på pengespelområdet treng ikkje organisasjonar lenger å melde smålotteri inn til Lotteritilsynet. Organisasjonane kan dermed tilby pengespel (bingo og lotteri) med ei samla omsetning på inntil 200 000 kroner per kalenderår utan å melde det inn eller søke. Endringa skal gjere det enklare og mindre byråkratisk for organisasjonar å gjennomføre smålotteri.

Det blei meldt inn totalt 2 935 lotteri, noko som er om lag på same nivå som før pandemien.

3

Nøkkeltal på lotteriområdet

Område/år	2018	2019	2020	2021	2022
Godkjende organisasjonar per 31.12	5 349	5 255	5 145	5 056	4 988
Autoriserte entreprenørar per 31.12	105	99	98	98	92
Løyve til entreprenørbingo	264	246	233	242	252
Bingohallar med løyve i løpet av året	241	234	229	232	235
Løyve til foreinings- og radio-/TV-bingo	222	236	211	201	192
Aktive 9-års lotteri (opptil 360 mill. kr)	5	5	3	3	3
Aktive store lotteri (200 000–100 mill.kr)	129	124	91	86	83
Aktive smålotteri (under 200 000 kr)	2 702	2 847	2 181	2 206	2 935

Internasjonalt arbeid

For at regelverket vårt skal få den effekten vi ønsker, må vi sørge for at internasjonale kollegaer, media og pengespelbransjen har nok kunnskap om den norske pengespelmodellen og verktøya vi har for å redusere problemspel.

Vi må bidra til å formidle kunnskap om regelverket i Noreg både nasjonalt og internasjonalt. I 2022 har vi deltatt med presentasjoner og i paneldebatter på relevante konferanser vi har blitt inviterte til. Internasjonalt arbeider vi aktivt i organisasjonene EASG, GREF og IAGR, og i arbeidsgrupper som spring ut fra disse organisasjonene.

Debatt om berekraftige pengespel

IAGR (International Association of Gaming Regulators) er den globale medlemsorganisasjonen for pengespelmyndigheter. Vi har sikra kontinuitet i IAGR-arbeidet ved å engasjere oss sidan organisasjonen blei stifta i 2011. Lotteritilsynet har hatt ulike roller i styret gjennom alle disse åra, og vi har framleis ein representant i styret.

I 2022 kunne IAGR igjen halde ein fysisk konferanse, og der arrangerte vi ein paneldebatt om berekraftige pengespel. Berekraftige pengespel er eit aktuelt tema, og det er mange meiningar om kva som ligg i omgrepet. Dette er ein effektiv måte å nå ut til mange internasjonale kollegaer og få nye kontaktar på.

Internasjonal arbeidsgruppe om førebygging av speleproblem

Lotteritilsynet har ein styremedlem i GREF (Gambling Regulators European Forum), den europeiske medlemsorganisasjonen for pengespelmyndigheter. Organisasjonen sitt formål er mellom anna å utveksle informasjon, kunnskap og erfaring mellom dei ulike landa. Saman med Kypros leiar vi også ei av fire arbeidsgrupper der temaet er førebygging av speleproblem. GREF har bestemt at den årlege konferansen i 2023 skal haldast i Bergen. Lotteritilsynet blir vertskap og førebur no konferansen.

Stor konferanse i Oslo

Lotteritilsynet har også ein styremedlem i EASG (European Association for the Study of Gambling). Organisasjonen har medlemmer frå europeiske myndigheter, spelselskap, forskarar, behandlarar og andre som jobbar på pengespeleområdet. I 2022 arrangerte EASG ein stor internasjonal konferanse i Oslo med i overkant av 350 deltakarar. Lotteritilsynet bidrog i planlegginga, mellom anna med å sette

3

saman den delen av programmet som handla om den norske modellen for pengespel. Konferansen blei opna av kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen, og både Lotteritilsynet, Norsk Tipping, Norsk Rikstoto og Universitetet i Bergen heldt presentasjonar.



Frå venstre: professor Ståle Pallesen ved Universitetet i Bergen, avdelingsdirektør i Lotteritilsynet Henrik Nordal, administrerende direktør i Norsk Rikstoto Camilla Garmann, fagsjef for ansvarleg spel i Norsk Tipping Bjørn Tore Hoffmann og kultur- og likestillingsminister Anette Trettebergstuen.

Respekt for pengespelregulering i andre land

Fleire myndigheiter stiller i dag krav om at operatørar som har lisens i deira jurisdiksjon, må respektere pengespelreguleringa i andre land og halde seg ute av marknader der dei ikkje er ønskte. Dette er noko vi gjerne omtalar som *etterleving av regelverk (compliance) på tvers av jurisdiksjonar*. Vi ser god effekt av å informere desse myndigheitene når deira lisensinnehavarar bryt norske reglar i Noreg.

Vi har registrert auka interesse for spørsmålet om eit pengespelselskap med lisens i eitt land også må respektere lova som gjeld i land der selskapet ikkje har lisens. Når nasjonale myndigheiter skal vurdere om ein aktør følger regelverk, lisensvilkår eller konsesjonsvilkår, kan og bør dei også sjå på korleis aktøren opptre i land der han ikkje har lisens. Dette blir trekt fram som eit viktig samarbeidsområde for pengespelmyndigheiter internasjonalt. Stadig fleire myndigheiter framhevar informasjonsutveksling og samarbeid mellom ulike nasjonar som ein effektiv måte å ha kontroll med pengespelbransjen på, og vi har blitt invitert til å inngå avtalar om samarbeid og informasjonsutveksling på enkelte område. Lotteritilsynet arbeider for at etterleving av regelverk på tvers av jurisdiksjonar skal bli eit av dei viktigaste tiltaka mot ulovlege aktørar. Dette er eit stort steg i riktig retning for vår del, og det kan bety mykje for arbeidet vårt framover.

Overvaking av vinter-OL og erfaringsutveksling med svensk politi

Internasjonale og nasjonale samarbeid er viktig for å førebygge og avdekke kampfiksing.

I 2014 signerte og ratifiserte Noreg Europarådets konvensjon om manipulering av idrettskonkurransar. Konvensjonen har som formål å førebygge, avdekke og reagere på manipulering av idrettskonkurransar, og fremmar internasjonalt samarbeid.

3

Nettverket av land som har slutta seg til konvensjonen, den såkalla Group of Copenhagen, møtest to gonger i året. Frå Noreg er det kampfiksingseininga i Lotteritilsynet som stiller.

Under vinter-OL i Beijing i februar 2022 samarbeidde Group of Copenhagen med IOC om å overvake leikane for å hindre manipulering av konkurransar. Noreg hadde ansvar for langrenn, hopp og kombinert, og vi samarbeidde med Polen, Sverige og Finland om å følge med på oddsmarknad, nyheiter og sosiale medium i samband med konkurransane i desse idrettane. Gjennom heile februar hadde vi hyppige møte, men vi oppdaga ingenting som tydde på at konkurransane ikkje gjekk føre seg på rettferdig vis.

Svensk politi delte erfaringar med kampfiksing og kriminelle grupper

I Samarbeidsforum, som er ei gruppe beståande av dei viktigaste aktørane innan kampfiksingsarbeidet i Noreg, møtest vi jamleg for å dele informasjon og kunnskap. Under møtet vårt i oktober hadde vi invitert svensk politi sin ekspert på kampfiksing for å fortelje om utfordringane i Sverige. Presentasjonen var svært lærerik. Vi fekk mellom anna innblikk i korleis kriminelle grupper infiltrerer idrettsforeningar og tvingar gjennom sin agenda. Idretten i Sverige er organisert på liknande måte som i Noreg, og vi er derfor like sårbare som dei for dei same hendingane som svenskane har opplevd.

Nytt saksbehandlingssystem gir høgare kvalitet og betre oversikt

Gjennom store delar av 2022 blei det utvikla eit nytt saksbehandlingssystem for kampfiksingseininga. Utviklinga var eit samarbeid mellom interne IT-ressursar og eksterne konsulentar, og kampfiksingseininga har vore sterkt involvert som produkteigar. Systemet er no i bruk, og det gir oss høgare kvalitet på saksarbeidet og betre oversikt over tips, informasjon og hendingar.

Sanksjon i basketball

I 2022 fekk vi inn rundt 20 tips og varsel. Vi har førebels ikkje gitt sanksjonar på bakgrunn av desse, men nokre er framleis under utgreiing. Slike utgreiingar kan ta lang tid.



Hausten 2022 blei ein basketball-spelar suspendert frå all idrett av domsutvalet i NIF. Bakgrunnen for suspensjonen var pengespel knytt til eigen idrett, som ifølge regelverket er forbode. Sanksjonen kom etter eit samarbeid mellom NIF, Norges Basketballforbund og kampfiksingseininga i Lotteritilsynet. Samarbeidet om saka starta allereie i 2020.

Slik jobbar vi for å sikre ei sterk frivilligheit

2022 var Frivillighetens år. Frivillige lag og organisasjonar markerte dette på ulikt vis gjennom heile året. For oss var det viktig å fortsette å utføre samfunnsoppdraget vårt på ein god måte. I tillegg blei 2022 også eit år med mange ekstraordinære oppgåver.

Vi har eit viktig samfunnsoppdrag med å legge til rette for effektiv og trygg forvaltning av pengestøtta til frivilligheita. Dette inneber forvaltning av momskompensasjon til frivillige lag og organisasjonar, momskompensasjon til idrettsanlegg og speleoverskotet til Norsk Tipping. Vi har også ansvar for tilsyn med Grasrotandelen.

2020 og 2021 var prega av koronatiltak og ekstraordinære oppgåver. Vi trudde at 2022 skulle bli eit meir normalt år, men såg fort at slik blei det ikkje.

Vi var knapt ferdige med årsplanen før vi fekk det første ekstraoppdraget: Kultur- og likestillingsdepartementet overførte ansvaret for å forvalte kompensasjonsordninga for kultursektoren frå Kulturrådet til oss. Dette var ei stor oppgåve der vi måtte utvikle fagsystem, få på plass eit nytt lag og sikre raske utbetalningar til ei ny søkargruppe.

Frå april overtok vi også forvaltninga av straumstøtte til frivillig sektor frå kommunane. Mange søknader og stor merksemd frå media, politikarar og frivilligheita sjølv gjorde at dette blei eit større oppdrag enn vi hadde sett for oss.

Vi fekk ansvaret for å forvalte ei nyetablert toårig ordning for tilskot til mangfalds- og inkluderingsstiltak i idrett og fysisk aktivitet. I tillegg fekk vi i 2022 ei ny fast oppgåve med forvaltning av tilskot til frivilligsentralar. Vi opna for søknader i 2022, og første utbetaling skjer i 2023.

Også i 2022 har vi jobba med tilskotsordningar knytte til koronapandemien. Sjølv om siste søknadsfrist var 20. april, har vi gjennom heile året jobba med klagebehandling og etterkontroll. Dette er eit stort og viktig arbeid som skal halde fram i store delar av 2023. Vi har i heile perioden hatt eit tett samarbeid med Økokrim. Så langt er det avsagt tre dommar som gjeld støtteordningar knytte til covid-19 for frivillige lag og organisasjonar.

Alle desse nye ordningane og ekstraordinære oppdraga har utfordra oss som forvaltar. Avdeling for frivillighetsstøtte har styrkt bemanninga med både faste stillingar og engasjementsstillingar. I tillegg har vi gjennomført interne omprioriteringar. Vi meiner at vi har løyst oppgåvene på ein god og ansvarleg måte, med særleg fokus på digitalisering og brukarvennlegheit. Tilbakemeldingane vi har fått frå brukarar og andre vi er i kontakt med, tyder på at vi i stor grad har lykkast med dette.

Vi arbeider vidare med å forenkle for frivillig sektor gjennom digitalisering, analyse og publisering av data. Vi deltar i prosjektet med livshendinga *Starte og drive en frivillig organisasjon* for å forenkle for frivilligheita. Dette er eit pågåande arbeid, med fleire delprosjekt, som vi er ein del av.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet


2. Legge til rette for at overskudd fra pengespill og lotterier tilfaller helse- og rehabiliteringsformål, samfunnsnyttig og humanitært arbeid, idrett og kultur
3. Legge til rette for en effektiv og trygg forvaltning av pengestøtte til frivilligheten

(Frå Kulturdepartementets tildelingsbrev 2022)

3,7 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar i 2022

I 2022 fordelte vi kring 3,7 milliardar kroner til frivillige lag og organisasjonar. Av dette var 2 milliardar momskompensasjon på varer og tenester, over 926 millionar kom frå overskotet til Norsk Tipping, og 343 millionar var momskompensasjon til idrettsanlegg. I tillegg blei det i løpet av 2022 utbetalt over 533 millionar kroner gjennom dei mellombelse ordningane vi forvaltar.

Figur 1. Oversikt over straumutbetalingar



Nye tilskotsordningar til frivilligheita i 2022

Ved inngangen til 2022 var det fleire forhold som gjorde det utfordrande å vere ein frivillig organisasjon.

Høge straumprisar råka frivillig sektor hardt i store delar av landet, og Lotteri- og stiftelsestilsynet fekk ansvaret for straumstøtteordninga for frivillig sektor. Dette er ei viktig ordning for å motverke negative konsekvensar av dei høge straumprisane. I tillegg har vi fått ansvaret for å forvalte den årlege tilskotsordninga for frivilligsentralar og ei toårig ordning for mangfald og inkludering i idretten. Dei to sistnemnde ordningane er særskilt viktige for å sikre eit godt idrettstilbod til barn og unge og å skape opne møteplassar for befolkninga generelt.

3

Straumstøtte

Ein energimarknad med endra rammevilkår og påfølgande høge straumprisar har lenge vore eit aktuelt tema. På tampen av 2021 og inn i 2022 blei det innført fleire statlege straumstøtteordningar. Først ute var ordninga for privatpersonar. I tillegg såg myndigheitene behov for å motverke dei negative konsekvensane av høge straumprisar for frivilligheita. Høge straumprisar på alt frå snøproduksjon til flaumlys gav nemleg organisasjonane problem med å betale straumrekningane sine. Det blei sett av 250 millionar kroner til ordninga, og den første søknadsrunden blei forvalta av kommunane. Lotteri- og stiftelsestilsynet bidrog med utvikling av søknadsskjema, som dei fleste kommunane tok i bruk. I denne runden søkte organisasjonane om støtte for perioden desember 2021–mars 2022. Etter dette kom eit nytt regelverk på plass, og vi fekk i oppdrag frå Kultur- og likestillingsdepartementet å ta over forvaltninga av straumstøtteordninga for frivillig sektor. Vi har gjennomført kvartalsvise søknadsrundar og hatt fokus på god informasjon til søkerane.



Gjennom heile 2022 var det store variasjonar i straumprisen, både innanfor og på tvers av regionar. I den første runden vi forvalta, var det tre straumprisområde som kom inn under ordninga (Austlandet, Sørlandet og Vestlandet). I september kom også Midt-Noreg inn under ordninga, men med såpass låg støttesats per kWt (4 øre) at vi på det tidspunktet ikkje fekk dei store søkarmassane frå regionen. Men i desember opplevde også organisasjonar i Nord- og Midt-Noreg uvanleg høge straumprisar, og for denne månaden var frivilligheita i heile Noreg omfatta av ordninga.

Ordninga har fått mykje merksemd, frå både politikarar, media og frivilligheita sjølv. I perioden april–september var støttesatsen 80 % av prisskilnaden mellom 70 øre per kWt og den månadlege gjennomsnittsprisen. Idretten uttrykte misnøye med ein kompensasjonsgrad på 80 % og oppmoda politikarane om å auke denne til 90 %, på lik linje med ordninga for hushald. Idretten blei høyrd, og for perioden oktober 2022–mars 2023 får tilskotsmottakarane dekt 90 % av kostnaden over 70 øre per kWt. For Lotteri- og stiftelsestilsynet innebar dette ei mindre teknisk justering av søknadsskjemaet.

3

Den neste oppmodinga frå frivilligheita utfordra oss som forvaltar i større grad. Utover hausten blei det tydeleg at fleire organisjonar strevde med likviditeten, og dei opplevde at det tok for lang tid frå straumfakturaen skulle betalast, til straumstøtta kom på konto. «Raskare utbetaling» blei ofte nemnt i media, og vi måtte handtere utbetaling på ein annan måte for å hjelpe ein pressa sektor. Vi gjekk frå å betale ut i store puljar til å gjennomføre hyppigare utbetalingar. Vi gjorde justeringar på den maskinelle kontrollen av søknader, og i ein periode styrkte vi laget med ekstra saksbehandlarar for å sikre rask utbetaling. Vi er godt nøgde med resultatene vi har oppnådd, og med at vi har redusert likviditetsutfordringane til mange frivillige organisasjonar.

Den store merksemda rundt ordninga, endringar i forskrifta undervegs og viktigheta av rask utbetaling har utfordra Lotteri- og stiftelsestilsynet på nye måtar. Maskinelle og manuelle kontrollar har langt på veg sikra oss mot å betale ut støtte til organisasjonar som ikkje har krav på straumstøtte. I løpet av 2022 fekk vi inn 8910 søknader, og vi betalte ut 162 millionar kroner. Det kom inn 18 klager, og vi gjorde om vedtaket i seks av dei. Resten sende vi over til klageinstansen, i dette tilfellet Kultur- og likestillingsdepartementet, som har stadfesta våre vedtak.

Tal søknader i 2022

Tabell 1: Nøkkeltal fordelt på søknadsrunde

Runde	Tal søknader	Opphavleg søknadsbeløp	Tildelt beløp
April, mai, juni	4606	63 086 239,00	57 612 474,00
Juli, august, september	4304	112 748 689,00	104 598 362,00
Sum	8910	175 834 928,00	162 210 836,00

Utbetalingar i 2022

Tabell 2: Nøkkeltal fordelt på utbetalingar

Utbetalingsdato	Runde	Tal saker	Utbetalt beløp
21.09.2022	April, mai, juni	4144	42 333 202
05.10.2022	April, mai, juni	275	14 599 240
28.10.2022	Juli, august, september	1399	37 629 277
01.11.2022	April, mai, juni	11	680 032
11.11.2022	Juli, august, september	1480	30 789 571
25.11.2022	Juli, august, september	1160	27 054 667
20.12.2022	Juli, august, september	149	8 157 524
13.01.2023	Juli, august, september	24	967 323
Sum		8642	162 210 836

3

Tabell 3: Nøkkeltal fordelt på mottakere fra Einingsregisteret

Mottaker	Tal søknader	Tildelt beløp
Drift av historiske stader og bygninger og liknende turistattraksjoner	62	307 689
Fond/legat som støtter samfunnsgagnlige og allmenntillegge formål	65	1 102 086
Folkehøgskuleundervisning	67	11 483 707
Andre sosialtjenester utan butilbod	106	946 327
Eigedomsforvaltning	130	675 880
Drift av idrettsanlegg	200	12 002 409
Sosiale velferdsorganisasjonar	306	6 176 446
Utleige av eigen eller leigd fast eigedom	542	9 478 959
Andre mottakere	788	26 048 464
Religiøse organisasjonar	1 789	32 251 145
Idrettslag og -klubbar	2 327	42 258 773
Aktiviteter i andre typar interesseorganisasjonar	2 528	19 478 951
Sum	8910	162 210 836

Mangfold og inkludering

Mot slutten av 2021 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet ansvaret for å forvalte ei søknadsbasert ordning for tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet. Ordninga hadde ei ramme på 100 millionar kroner i 2022. Ho er finansiert med ei blanding av spelemidlar, løyving over statsbudsjettet og private midlar (Sparebankstiftelsen DNB, Stiftelsen VI og OBOS). Formålet med tilskotsordninga er å skape varig auka deltaking gjennom tilskot til mangfalds- og inkluderingstiltak knytte til idrett og fysisk aktivitet. Dette er målgruppene for ordninga:

- barn og ungdom frå 6 til 19 år i familiar med vedvarande låginntekt
- jenter med minoritetsbakgrunn frå 6 til 19 år, og jenter frå 6 til 19 år generelt i samanhengar der jenter er underrepresenterte eller opplever særlege barrierar
- personar med funksjonsnedsetting, uavhengig av alder
- noverande og framtidige unge leiarar og trenarar opp til 26 år som er jenter/kvinner, personar med funksjonsnedsetting eller personar med minoritetsbakgrunn

I søknadsrunden for 2022 fekk vi inn nesten 1100 søknader med ein søknadssum på over 580 millionar kroner. Vi godkjende og utbetalte 250 søknader og avsto 857. Vi fekk 12 klager, og dei er til behandling hos klagenemnda.

I 2023 vil vi gjennomføre ein ny søknadsrunde med ei ramme på 100 millionar kroner.



3

Frivilligsentralar

I 2022 fekk vi i oppdrag å ta over den statlege tilskotsordninga for frivilligsentralane frå Kultur- og likestillingsdepartementet. Frivilligsentralar har ei viktig rolle i arbeidet med å stimulere til frivillig innsats, tilby opne møteplassar for befolkninga og vere eit bindeledd mellom kommunen og frivillig sektor. Det er ei ordning med årlege søknadsrundar, der frivilligsentralane kan søke om eit driftstilskot.

Ny forskrift tredde i kraft 1. august 2022, og vi nytta seinsommaren og hausten til å utvikle tekniske løysingar for å kunne ta imot søknader. I dette arbeidet involverte vi både Norges Frivilligsentraler og Kultur- og likestillingsdepartementet for å få innspel til forbetringar av skjema og informasjonstekstar om ordninga på nettsidene våre. 1. november opna vi søknadsskjemaet. Der kunne kommunane på vegner av sine frivilligsentralar sende inn søknader om tilskot til drift i 2023.

Vi fekk inn søknader frå 333 kommunar på vegner av 515 sentralar. Løyvinga i statsbudsjettet blir fordelt likt på talet frivilligsentralar som det er søkt for, og som oppfyller vilkåra i forskrifta. Utbetalinga blir gjennomført tidleg i 2023, og på slutten av året må kommunane rapportere til Lotteri- og stiftelsestilsynet om bruken av midlane. Det er lagt opp til årlege søknadsrundar, og vi er i tett dialog med departementet, kommunane og frivilligsentralane.

Kompensasjonsordning for kultursektoren

For å sikre god og effektiv behandling av søknader, kortast mogleg saksbehandlingstid og rask utbetaling overførte departementet i januar 2022 ansvaret for å forvalte kompensasjonsordninga for kultursektoren frå Kulturrådet til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Gjennom denne ordninga kunne arrangørar og underleverandørar i kultursektoren med nedstengde, avlyste eller nedskalerte kulturarrangement søke om støtte. Ordninga var tidsavgrensa, og ein kunne søke om støtte til arrangement som skulle ha vore gjennomført i perioden november 2021–februar 2022.

Arbeidet med kompensasjonsordninga for kultursektoren blei ein hektisk periode for oss. Vi skulle gjere oss kjende med ein ny søkarmasse, og vi skulle utvikle ei digital løysing for søknader i løpet av kort tid. Samtidig venta vi på at forskrifta skulle bli ferdig, og 8. mars 2022 tredde ho i kraft. Erfaring frå tidlegare ordningar og gode system gjorde at vi kom i mål med utviklinga av fagsystem på ein god måte, og vi kunne opne for søknader 1. april 2022.

Ordninga hadde ei ramme på 480 millionar kroner, med søknadsfrist 1. mai 2022. På grunn av avgrensingar knytte til notifiseringsordning måtte alle sakene vere behandla innan 30. juni 2022. Vi fekk inn 712 søknader. Til saman blei det søkt om støtte til 4425 arrangement. Den totale søknadssummen var nær 208 millionar kroner. Alle søknadene blei behandla innan fristen, og det blei til saman tildelt nær 178 millionar kroner.

Vi fekk tilbakemeldingar frå søkarane på at vi hadde både gode og informative nettsider, godt søknadsskjema og god tilgjengelegheit på telefon og e-post. På grunn av den korte saksbehandlingstida var god rettleiing før og under saksbehandling svært viktig for søkarane.

I etterkant av saksbehandlinga har vi fått inn 23 klagesaker. Av desse blei 7 gjorde om, 1 blei avvist, og 15 blei oversende til klagenemnda. Vi har førebels fått tilbake 2 klagesaker frå nemnda, og dei har stadfesta vedtaket vårt i begge sakene.

Vi har også gjennomført etterkontrollar av eit større tal saker. På 35 søknader har vi valt å opne eigne etterkontrollsaker. Av desse er det oppretta 15 tilbakebetalings-

3

saker. Dette har ført til 6 klager, der vi har gjort om 2 av vedtaka og sendt 4 over til klagenemnda. I ei av sakene avdekte vi det vi meinte var moglege straffbare forhold, og ein søkar blei meld til Økokrim.

Vi har framleis igjen noko arbeid med oppfølging av tilbakebetalingssaker og behandling av vedtak frå klagenemnda. Prosjektdokumentasjon og sluttevaluering er også noko vi jobbar med.



Rekordår for utbetaling av momskompensasjon

I 2022 fekk i alt 22 204 frivillige lag og organisasjonar utbetalt momskompensasjon på til saman 2,027 milliardar kroner. For andre år på rad har søkarane fått full momskompensasjon, det vil seie at dei har fått tildelt heile den godkjende søknadssummen. I 2022 var søknadssummen for momskompensasjon på varer og tenester i overkant av 2,080 milliardar kroner. Av dei 2186 søknadene vi fekk inn, blei 1976 godkjende.

Tabell 4: Oversikt over nøkkeltal for momskompensasjon frå 2016 til 2022

Søknadsår	2016	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Tal søkarar	1 448	1 558	1 730	1 921	2 019	1 909	2 186
Tal organisasjonar	22 653	23 486	24 055	21 778	22 397	21 575	22 204
Søknadssum (Millionar kroner)	1 721	1 864	1 977	2 063	2 102	1 853	2 081
Godkjend søknadssum (Millionar kroner)	1 691	1 812	1 908	1 963	2 079	1 816	2 027
Utbetalt beløp (millionar kroner)	1 291	1 319	1 422	1 608	1 684	1 837	2 027
Innvilgingsprosent	76,30 %	72,80 %	74,50 %	81,90 %	80,98 %	100,00 %	100,00 %
Tal avslag / avviste søknader	161	162	176	220	173	143	210


Sidan 2016 har det vore eit stabilt tal organisasjonar som har fått momskompensasjon. Samtidig har den godkjende søknadssummen og den tildelte ramma auka jamt sidan 2010. Denne auken ligg an til å halde fram. Utbetalinga i 2022 var for første gong på over 2 milliardar kroner.

Det blei rekord i både utbetalt beløp og tal søknader i 2022. Etter ei gradvis opning av samfunnet i 2021 er aktiviteten på veg oppover etter covid-19-pandemien. Søknadssummen auka med 12 % frå 2021 til 2022. Ramma for tildeling blei endra undervegs i statsbudsjettet, noko som førte til at alle organisasjonane fekk utbetalt heile den godkjende søknadssummen.

3

Sjølvs om tilskotsordninga skal nå mange organisasjonar, er det kvart år ein del organisasjonar som ikkje får søknaden sin godkjend. I 2022 var det 210 søknader som ikkje blei godkjende. Dei fleste av desse er organisasjonar som enten søker for første gong, som har søkt etter søknadsfristen, eller som har avbrote søknaden sin.

Figur 2: Godkjend søknadssum og tal mottakarar av momskompensasjon over tid




Forbetra oversikt over tildeling av momskompensasjon

Momskompensasjonsordninga er den største ordninga vi har, og den kan for mange vere ei omfattande ordning å få oversikt over. Vi ønsker å dele mest mogleg data med brukarane våre og andre som er interesserte i arbeidet vårt. Medan ein tidlegare måtte søke i store Excel-lister over mottakarar, får ein no presentert ei oppsummering av tildelinga på nettsida vår. Vi har lagt ned mykje innsats i å visualisere data om ordninga på ein oversiktleg og enkel måte. Ein kan også sjå utbetaling per sentralledd og søke opp enkeltorganisasjonar. Det er dessutan mogleg å sjå fordelinga av momskompensasjon på ulike kategoriar, navigere i kart og sjå fylkes- og kommuneoversikt.

Oversikt over tildeling av momskompensasjon i 2022 visualisert i Highcharts

Her finn du oversikt over mottakarar og tildelt søknadsbeløp for momskompensasjon på varer og tenester i 2022. Du kan søke på enkeltorganisasjon eller navigere i kart og sjå fylkes- og kommuneoversikt. Du kan også sjå fordeling av momskompensasjon fordelt på ulike aktivitetar.



3

388 godkjende søknader til idrettsanlegg

I 2022 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet 406 søknader om kompensasjon for utgifter til meirverdiavgift ved bygging av idrettsanlegg. Vi såg ein liten reduksjon i søknadstal samanlikna med 2021. Det kan komme av at den årlege søknadsfristen no er flytta frå 1. mars til 1. desember året før.



Av 406 søknader blei 388 godkjende, 5 fekk avslag, 9 blei avviste, og 4 trekte søknaden. Sjølv om det i 2022 var ein liten reduksjon i talet på søknader, var det likevel ein auke i det godkjende søknadsbeløpet. Beløpet auka frå 292 millionar kroner i 2021 til 343 millionar kroner i 2022. Det blei utbetalt full momskompensasjon i 2022.

Dei mest populære anleggskategoriene er mindre utandørsanlegg som ballbingar og trimparkar, ulike fotballanlegg og idrettshus i tillegg til servicebygg som klubbhus og lager/garasjebygg.

Det er god kvalitet på søknadene som kjem inn, og det er lite skjønn knytt til denne saksbehandlinga. Likevel er det ein del tekniske manglar ved søknadene som krev oppfølging frå saksbehandlarane.

Tabell 5: Oversikt over fordeling av idrettsmoms på anleggskategori


Anleggskategori	Tal	Anleggskategori	Tal
Mindre utendørsanlegg	70	Motorsportanlegg	8
Fotballanlegg	56	Golfanlegg	6
Idrettshus og servicebygg	49	Friidrettsanlegg	5
Friluftslivsanlegg	40	Hestesportanlegg	5
Skyteanlegg	32	Is- og skøyteanlegg	4
Idrettshaller og aktivitetssaler	27	Klatreanlegg	4
Kart	26	Vannsportanlegg	4
Ski- og alpinanlegg	19	Luftsportanlegg	2
Sykkelanlegg	15	Skateanlegg	2
Racketsportsanlegg	14		

3


Eit søknadsbeløp på cirka 371 millionar kroner

Innan 1. desember 2022, som var fristen for søknadsrunden 2023, fekk vi inn 596 søknader med eit søknadsbeløp på cirka 371 millionar kroner. Endeleg godkjent søknadsbeløp blir først klart når saksbehandlinga er ferdig. Sidan starten i 2010 har det vore ein jamn auke i både søknadstal og søknadsbeløp. Unntaket er ein liten reduksjon for søknadsrunden 2022, som truleg kom av at søknadsfristen for den runden blei framskunda.

Figur 3: Oversikt over søknadsbeløp for idrettsmoms over tid



Figur 4: Oversikt over tal søknader om idrettsmoms over tid



926 millionar i speleoverskot til 45 organisasjonar

I 2022 fordelte vi 926 millionar kroner av Norsk Tipping sitt speleoverskot til 45 organisasjonar. Desse pengane gjekk til:

- Norges Røde Kors – 292,7 millionar kroner
- Redningsselskapet – 180,6 millionar kroner
- Norsk Folkehjelp – 22,2 millionar kroner


Det resterande beløpet blei fordelt mellom 42 landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar etter søknad.

Av Norsk Tipping sitt samla speleoverskot går 18 prosent til fordeling gjennom denne ordninga. Tilskotsordninga er retta mot landsdekkande samfunnsnyttige og humanitære organisasjonar. Formålet er å bidra til å trygge viktige samfunnsoppgåver på områda helse, sosiale tenester, krisehjelp, støttarbeid pluss natur-, miljø- og dyrevern.

Ordninga skal i tillegg sikre at sentrale rednings- og beredskapsoppgåver kan vidareførast. Dei tre beredskapsorganisasjonane Norges Røde Kors, Rednings-selskapet og Norsk Folkehjelp får derfor ein fast årleg prosentdel av midlane. Andre organisasjonar må søke.

Søknadsfristen for denne ordninga er 1. september, og den årlege utbetalinga skjer i fjerde kvartal.

Figur 5: Tildelt beløp fordelt på kategori



Vårt tilsyn med Grasrotandelen

Lotteritilsynet sitt tilsyn med grasrotordninga som blei avslutta i 2022, førte til at fem organisasjonar mista retten til å delta i ordninga. Etter at Lotteritilsynet i 2013 fekk ansvaret for tilsyn, har 185 organisasjonar mista denne retten. Til saman 2,2 millionar kroner er betalte tilbake i denne perioden.

Utvalde nøkkeltal frå Grasrotandelen:

- Ved utgangen av 2022 er det registrert over 30 000 grasrotmottakarar.
- Nesten 1,4 millionar kundar hos Norsk Tipping er registrerte som grasrotgivarar.
- Frivillige lag og foreiningar i Noreg fekk i 2022 fordelt 771 millionar kroner gjennom Grasrotandelen. Det er ein auke på om lag 34 millionar kroner samanlikna med året før.
- Tal givarar auka med om lag 22 000, frå 1 375 000 til 1 397 000 givarar.
- Sidan starten i 2009 er det blitt utbetalt nesten 6,7 milliardar kroner til grasrota gjennom denne ordninga.

Dette er Grasrotandelen


Ein spelar hos Norsk Tipping kan bestemme at 7 prosent av speleinnsatsen skal gå til eit lag eller ein organisasjon som er registrert i Frivilligregisteret og godkjend som grasrotmottakar av Brønnøysundregistra. Dette er Grasrotandelen som spelaren gir til «sitt» lag.

Forvaltning av covid-19-tilskot også i 2022

I nesten to år måtte frivilligheita innrette seg etter pandemien og myndighetene sine råd og restriksjonar. Dette gjekk ut over inntektsbringande arrangement og normal aktivitet. Frivilligåret starta med at lag og organisasjonar framleis var råka av restriksjonar som følge av pandemien, men i midten av februar 2022 blei nesten alle koronatiltak fjerna, og støtteordningane kunne omsider fasast ut. Siste søknadsfrist var i slutten av april 2022, og i starten av juni gjennomførte vi siste puljeutbetaling. I løpet av to år utbetalte vi over 3,7 milliardar kroner til over 23 000 organisasjonar.

Etter to år med fokus på raske utbetalinger var det på tide å få meir innsikt i kva midlane hadde gått til. Vi har derfor publisert ei samanstilling av data frå alle covid-19-ordningane for idrett og frivilligheit på nettsida vår. Her får frivilligheita, media og andre interesserte presentert tal og statistikkar, samtidig som dei kan utforske ved å klikke på kart og grafar.

Samanstilling av data frå alle covid-19-ordningane visualisert i Highcharts



Utvalde nøkkeltal for covid-19-tilskot i perioden 2020–2022:

- Vi har redusert mogleg utbetaling med over 400 millionar kroner: 60 millionar kroner trekt, 150 millionar kroner avslått, og 200 millionar kroner justert ned i saksbehandlingen.
- Vi har behandla i overkant av 60 tips. Desse gjaldt i underkant av 40 organisasjonar.
- Vi har sendt krav om tilbakebetaling av totalt 13 millionar kroner til over 50 organisasjonar.
- Vi har sendt åtte krav til Statens innkrevjingssentral på totalt 2,5 millionar kroner.
- Vi har inngått sju avtaler om nedbetaling på totalt 3,1 millionar kroner.
- Over 100 organisasjonar har på eige initiativ tatt kontakt og betalt tilbake om lag 18 millionar kroner.
- Vi har fått over 200 klager. Av desse blei nesten halvparten trekte eller avviste.
- Av behandla klager blei om lag halvparten omgjorde. Resten blei sende til klageinstans. Så langt har klagar fått medhald i 5 saker, og ikkje medhald i 50 saker. Resten av sakene er til behandling hos klageinstans.

3

Etterkontrollar

Samanstilling av data var også sentralt i vårt eige arbeid med å vurdere gjenståande risiko og behov for etterkontroll. Ifølge regelverka skal vi gjennomføre etterkontrollar basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Gjennom heile pandemien har vi jobba målretta med å finne ein balanse mellom rask utbetaling og forsvarleg kontroll, slik at behovet for etterkontrollar skulle vere minst mogleg. Vår erfaring er at vi sparer mykje ressursar på å førebygge og avdekke feil i forkant. Etterkontrollar er dessutan ressurskrevjande og belastande for organisasjonane.

Vi har gjennomført analytisk etterkontroll av om lag 100 organisasjonar som fekk utbetalt til saman rundt 100 millionar kroner. Vi har også planlagt å gjennomføre etterkontroll av søknadsdokumentasjon for 80–90 organisasjonar som fekk utbetalt nær 80 millionar kroner til saman. Mykje av arbeidet med etterkontrollar blei gjennomført i 2021 og 2022, men vi vil halde fram til langt inn i 2023. Den vanlegaste årsaka til at ein organisasjon blir plukka ut til etterkontroll, er risiko for at organisasjonen ikkje kan dokumentere inntektsbortfallet dei har fått kompensasjon for. Av dei kontrollerte er det fleire som ikkje kan vise til tidlegare gjennomførte samanliknbare arrangement eller annan dokumentasjon som i tilstrekkeleg grad kan sannsynleggjere inntektsbortfallet.

Samarbeid med Økokrim har auka fokuset på økonomisk kriminalitet

Då Stortinget innførte krisepakane til frivilligheita grunna covid-19-restriksjonar, var det med klare føringar om at pengane skulle betalast ut raskt. Ordningane måtte derfor bygge på tillit. Vi prioriterte fleire tiltak for å førebygge og avdekke misbruk av ordningane. Eit av tiltaka var jamleg dialog med Økokrim, som har hatt ei eiga satsing på å førebygge og avdekke svindel med koronastøtteordningar. Sidan oktober 2020 har vi gjennomført ni fysiske samarbeidsmøte, der tre av dei var i 2022. Samarbeidsmøta har gitt oss auka kompetanse og fokus på økonomisk kriminalitet. I tillegg har vi fått moglegheit til å utveksle erfaring og informasjon. På slutten av året blei samarbeidet vårt omtalt i Dagens Næringsliv, og Økokrim-sjef Pål Lønseth uttalte då at:

– I en situasjon hvor staten hadde behov for raskt utbetalte støtteordninger for å håndtere en krise, så var det veldig viktig for oss å forebygge at ordningene ble utsatt for bedragerier.

Det straffar seg å utnytte tillitsbaserte støtteordningar

Risikobasert kontrollarbeid og samarbeid med Økokrim har gitt konkrete resultat. Så langt er det avsagt tre dommar som gjeld støtteordningar knytte til covid-19 for frivillige lag og organisasjonar. Den siste dommen blei avsagd i Vestfold tingrett i november 2022. Ein mann blei då dømd til seks månader i fengsel etter at vi hadde meldt han for grovt bedrageri og vitna i rettssaka. Retten fann det bevist utover all rimeleg og fornuftig tvil at han bevisst hadde levert feil opplysningar i ein søknad om krisestøtte. Dommen er anka.

I alle dei tre sakene la retten særleg vekt på at dei tiltalte hadde utnytta tillitsbaserte økonomiske støtteordningar som blei innførte i krisetid, og at allmennpreventive omsyn skulle gjere seg særleg gjeldande ved utnytting av slike ordningar. Dommane viser at vi samarbeider godt med andre etatar, og at misbruk – og forsøk på misbruk – kan få alvorlege konsekvensar. Vi håper og trur at samarbeid med andre etatar vil ha ein førebyggjande effekt, slik at ingen misbruker statlege støtteordningar.

Trass fleire saker i rettssystemet er likevel vår erfaring at det er få som har forsøkt å misbruke dei tillitsbaserte tilskotsordningane.

3

Slik balanserer vi krav om rask utbetaling og forsvarleg kontroll


Vi har hatt mange tilskotsordningar med krav om rask utbetaling: først dei ulike ordningane knytte til covid-19 og i 2022 straumstøtte. Vi har jobba målretta med å finne ein balanse mellom rask utbetaling og forsvarleg kontroll. Utvikling av nye digitale verktøy og erfaringsdata frå dei ordinære ordningane våre har gitt oss eit svært godt grunnlag for å auke graden av automatisering. Alle søknader går gjennom ein automatisk kontroll, der vi bruker eigne erfaringstal og andre registerdata. Om lag 80 prosent av søknadsbeløpet og søknadstalet kom frå organisasjonar som vi har kvalitetssikra erfaringsdata frå.

Vi har ulik automatiseringsgrad på dei ulike ordningane, basert på ei risiko- og vesentlegvurdering. Gjenbruk av data gjer det mogleg å ha høg automatiseringsgrad og akseptabel risiko. Mykje av saksbehandlinga er delvis automatisert.

Økonomien i frivillig sektor under pandemien

Pandemien førte til redusert aktivitet i frivillig sektor i både 2020 og 2021. Søknadsbeløpa i momskompensasjonsordninga viser at kostnadene gjekk vesentleg ned i 2020, og at kostnadsnivået i 2021 enno ikkje var på nivå med 2019. Dette ser vi også på den årlege rekneskapsrapporteringa for lotteriverdige organisasjonar. Reduksjonen i kostnader førte til at fleire organisasjonar enn vanleg gjekk med overskot i 2020 samanlikna med åra før. 80 % av organisasjonane hadde positivt årsresultat i 2020, medan normalen har vore rundt 60 %. Denne trenden ser vi også i 2021, der 70 % av organisasjonane hadde eit positivt årsresultat.

Figur 6: Oversikt over organisasjonar med positivt resultat frå 2016 til 2021



3

Slik har vi forenkla for frivilligheita i 2022

I 2022 har vi halde fram det viktige arbeidet med å gjere det enklare og mindre byråkratisk å vere frivillig i Noreg. Vidareutvikling av systemløysingar, brukarvennlege digitale innsynsløysingar og samarbeid med andre statlege organisasjonar har vore sentralt i dette arbeidet.

God informasjon på nettsidene

Det er viktig for oss at frivilligheita får god og lik informasjon om alle ordningane vi har, og at vi når ut til alle organisasjonar som har rett på støtte gjennom desse ordningane. Vi har brukt mykje tid på å utforme «Spørsmål og svar»-sider på nettstaden vår for dei fleste av tilskotsordningane vi forvaltar. Dette gjer at brukarane raskt og enkelt kan få svar på mange av spørsmåla dei har. Vi oppdaterer desse sidene kontinuerleg, mellom anna basert på tilbakemeldingar frå søkerane.

Enkle søknadsskjema

I tillegg jobbar vi for å gjere søknadsskjemaane våre så enkle og brukarvennlege som mogleg. Når vi utviklar nye skjema og funksjonar, forsøker vi å involvere fleire i testinga undervegs, både internt og eksternt. Dette gjer at vi tidleg får innspel på kva som bør forbetrast, og at eventuelle feil blir oppdaga og retta før vi tar løysingane i bruk.

Forbetra oversikt over utbetalingar

Stadig nye støtteordningar har ført til større interesse for innsyn i søknader og resultat. Vi har derfor vore ekstra opptatt av å lage brukarvennlege digitale innsynsløysingar og oppsummeringar av ordningane våre. Det at brukarane våre no enklare kan finne relevant informasjon sjølve, har forhåpentlegvis spart dei tid og kanskje også gitt dei ekstra innsikt.

Lansering av tilskudd.no

I desember 2022 blei tilskudd.no lansert. Nettstaden skal gi oversikt over alle statlege tilskotsordningar og tildelingar, vise samanhengar og gi innsyn. Lotteri- og stiftelsestilsynet har vore engasjert i å få til denne løysinga og trur at resultatet vil vere til stor nytte for frivillig sektor, som no enklare kan finne relevante tilskotsordningar. Som den største tilskotsforvaltaren for frivillig sektor er det viktig at vi gjer informasjon om ordningane våre tilgjengeleg på tilskudd.no.

Utviklingsprosjekt på tilskotsområdet

I 2019 starta vi eit utviklingsprosjekt på tilskotsområdet med nye søknadsskjema og fagsystem. Vi har sidan jobba med kontinuerleg forbetring og vidareutvikling av systemet. Dette er grunnmuren som gjer at vi raskt kan fase inn nye tilskotsordningar og drive effektiv saksbehandling. I 2022 har vi forvalta åtte ordningar og fått inn nær 15 000 søknader gjennom systemet. Tre av desse ordningane var heilt nye for oss: straumstøtte, kulturkompensasjon og mangfalds- og inkluderingstiltak. I tillegg har vi utvikla løysingar for frivilligsentralar. Her skal saksbehandling og utbetaling skje i 2023.

3

Vidareutvikling av Frivilligregisteret

I 2022 kom Kultur- og likestillingsdepartementet med rapporten *Videreutvikling av Frivillighetsregisteret*. Vi har bidratt med vår kunnskap om å legge til rette for forenklingar for frivillig sektor. Rapporten inneheld konkrete råd om endringar i Frivilligregisteret. Vi jobbar no saman med Brønnøysundregistra for få desse anbefalingane på plass i registeret. Dei viktigaste endringane handlar om vedtektene til organisasjonane og om å få fleire opplysningar om organisasjonane inn i registeret. Forenklingsarbeidet vil halde fram dei neste åra.

Kva skjer framover?

Avdeling for frivillighetsstøtte blei etablert som eining i 2021, som eit resultat av Lotteri- og stiftelsestilsynet sine strategiske prioriteringar. Avdelinga har i heile si levetid vore i ei form for unntakstilstand som følge av oppgåver knytte til pandemien.

Vi er ikkje ferdige med ekstraordinære oppgåver. Straumstøtte til frivillige organisasjonar og ordninga for mangfalds- og inkluderings tiltak i idrett og fysisk aktivitet held fram i 2023. Vi vil jobbe med klager og etterkontrollar for tilskot knytte til covid-19 for både idrett, frivilligheit og kultur. Her vil vi framleis ha eit tett samarbeid med Økokrim om større saker. Dette er ofte tidkrevjande arbeid.

Vi ønsker også å bruke data frå tilskotsordningane våre til å få meir innsikt i korleis pandemien, auka straumprisar og inflasjon har påverka frivillig sektor.

For å komme i mål med dei ekstraordinære oppgåvene har vi dei siste åra prioritert dei faste oppgåvene ned til eit minimumsnivå. Det er ikkje berekraftig over tid. Når vi avsluttar dei mellomsele ordningane, må vi ta igjen dette etterslepet.

Vi vil styrke rolla vår som tilskotsforvaltar ved å heile tida jobbe for å profesjonalisere arbeidet vårt. Gjennom kontinuerleg forbetring vil vi vidareutvikle systemløysingane våre, arbeidet med risiko- og vesentlegvurderingar og saksbehandlingsrutinane. Ved å utvikle nye søknadsskjema og fagsystem på same plattform kan vi enkelt gjenbruke delar av utviklingsarbeidet som alt er gjort. Dermed kan vi gjennomføre utviklingsarbeidet effektivt og få midlane raskt ut til frivillig sektor. Vi har dessutan erfart at å jobbe i eit lite, dedikert lag med ulik kompetanse er effektivt og gir god framdrift i slike prosjekt.

Vi har fått signal om at det i 2023 vil bli sett i gang regelverksarbeid med moms-kompensasjonsordninga og frivilligregisterlova. Det vil også få konsekvensar for frivilligheita at regelverket for pengespel er endra med verknad frå 1. januar 2023. Dette er viktige regelverk for frivillig sektor, og vi vil bidra med vår erfaring og kunnskap i desse prosessane.

Kultur- og likestillingsdepartementet eig livshendinga *Starte og drive en frivillig organisasjon*. Vi er med i styringsgruppa og i arbeidsgruppa som ser på forenkling av Frivilligregisteret. Dette er viktig arbeid for å forenkle for frivillig sektor, og vi har eit sterkt ønske om å bidra så langt vi har ressursar til det.

I tråd med digitaliseringsrundskrivet er vi opptatt av å finne gode løysingar i lag med andre offentlege og private aktørar. Dette er avgjerande for å nå målet om ein digital offentlig sektor. Skal vi lykkast, må vi vende blikket utover og vere opne for nye samarbeid.

Slik jobbar vi for å sikre trygge stiftelsar

I 2022 har Stiftelsestilsynet prioritert å vidareføre førebyggjande tilsynsarbeid. Dette er målretta oppfølging av stiftelsar som ønsker å drive godt og etter lova, og vi prioriterer det for å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar. Kunnskapen frå tematilsynet om formålsrealisering i 2021 har vore sentral i formidlinga av kunnskap i 2022. I tillegg har denne kunnskapen danna grunnlaget for planlagde risikobaserte tilsyn med habilitet og nærståande transaksjonar.

Strategisk samarbeid med andre aktørar og tilsynsorgan er stadig viktigare for effektiv ressursbruk og auka måloppnåing. Slikt samarbeid er nyttig både for stiftelsane og for kontrollarbeidet vårt, enten det gjeld planlagde tilsyn eller oppfølging av enkeltsaker med alvorleg innhald.

Kunnskapen om stiftelsar er mangelfull i samfunnet. Å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar og auke kunnskapen om den samfunnsmessige betydninga deira er ein del av samfunnsoppdraget vårt. Vi erfarer at det kan vere utfordrande å auke denne kunnskapen. Det er stor variasjon i både størrelsen på stiftelsane, kva aktivitet dei driv med, og kva sektor dei høyrer til. Samtidig opplever vi at kunnskapen er etterspurd og nødvendig i arbeidet med å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar, både i samarbeid med andre aktørar og i utforming av regelverk.

For å utvikle nyttig og strukturert kunnskap som kan delast og gi god rettleiing, må vi vende blikket utover og finne ut kvar skoen trykker. I 2022 har vi saman med NTB Arkitekt AS kartlagt brukarreisa for stiftelsar som har behov for å endre noko. Målet er at fleire skal gjere rett på første forsøk. Dette vil redusere behovet vårt for å be om meir dokumentasjon, og dermed kunne gi raskare saksbehandling.

Vi har samarbeidd med Sparebankforeningen om ein ny mal for sparebankstiftelsane si rapportering til Finanstilsynet. Her utveksla vi erfaringar om kategorisering av utdelingar frå stiftelsar. Vi har også gjennomført ein anbudsrunde for å få ein samfunnsøkonomisk analyse av stiftelsar. Undersøkinga blei gjennomført av Oslo Economics hausten 2022, og vi vil få resultatet i form av rapporten *Norske stiftelsars verdibidrag i første kvartal av 2023*.

I løpet av året har vi deltatt på fleire nasjonale og internasjonale arenaer der vi har møtt stiftelsar og samarbeidsaktørar. Å møte nordiske kollegaer i Göteborg for å utveksle erfaringar frå arbeid med kontroll av stiftelsar og å delta på den europeiske stiftelseskonferansen Philea Forum i Barcelona er viktig for å både auke og dele kunnskapen vår. Gjennom kontakt med brukarar, samarbeidsaktørar og kollegaer aukar vi forståinga av korleis stiftelsane arbeider, og kva utfordringar dei møter. I brukarundersøkinga frå 2022 får vi bekrefta at det er viktig for brukarane våre at vi gir god informasjon om lover og plikter og har solid kunnskap om stiftelsesområdet.

I 2022 har vi for første gong gjennomført eit samordna tilsyn saman med eit anna direktorat. Temaet for tilsynet var habilitet og transaksjonar med nærståande i barnehagar som er organisert som stiftelsar eller eigde av stiftelsar. Stiftelsestilsynet har i lengre tid sett at stiftelsar har hatt utfordringar knytte til habilitet og transaksjonar med nærståande, og dette vil også vere temaet for planlagde tilsyn i 2023.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

4. Sikre en forsvarlig forvaltning av stiftelser og øke kunnskapen om deres samfunns-messige betydning

Deltaking i internasjonalt samarbeid

Som tilsyn er det viktig for oss å kjenne brukarane våre, stiftelsane og samfunnet vi er ein del av. Samfunnet er i kontinuerleg utvikling, og verda blir stadig mindre. Både stiftelsar og myndigheiter i Europa lærer av kvarandre, og nye idear, moglegheiter og utfordringar kan delast raskt. Det er derfor nyttig for oss å følge med på kva som skjer på stiftelsesfeltet i Europa.

Philantropy Europe Association (Philea) arrangerer årleg ein stor konferanse for stiftelsar og donorar/givarar. 30. mai–1. juni 2022 deltok vi på Philea Forum i Barcelona, der temaet var «Philantrophy United – the Time is Now». Konferansen tok opp dagsaktuelle spørsmål som krig og klimautfordringar. Det blei diskutert korleis stiftelsar med sine særtrekk kan ha ei spesiell rolle i revitalisering av demokratiet, kva rolle stiftelsar spelar i frivilligheita, og korleis dei er med på å stimulere til meir frivilligheit.

Til liks med stiftelsane i Noreg er stiftelsane i Europa interesserte i å utgjere ein forskjell og synleggjere samfunnsbidraget sitt. Stiftelsane ønsker moglegheiter for samarbeid og kunnskapsdeling og at det blir utvikla gode verktøy og bransjestandardar. Vår deltaking på Philea Forum gav oss innsikt i korleis stiftelsane i Europa jobbar, og var også nyttig med tanke på nettverksbygging og mogleg vidare samarbeid.

Etter to år utan nordisk møte på grunn av koronapandemien tok Stiftelsestilsynet initiativ til eit nytt møte med stiftelsesmyndigheitene i dei nordiske landa. Denne gongen var det Länsstyrelsen Västra Götaland i Sverige som stod for organiseringa, og møtet blei halde i Gøteborg 8.–9. desember 2022. I tillegg til Länsstyrelsen Västra Götaland møtte vi ein delegasjon frå Patent- og registreringskontoret i Finland og to delegasjonar frå Danmark, som representerte Erhvervsstyrelsen (næringsdrivande stiftelsar) og Civilstyrelsen (alminnelege stiftelsar).

Slike møte skaper ei unik plattform for gjensidig erfaringsutveksling og fagleg utbytte. Vi får diskutere relevante spørsmål og ta opp tema og utfordringar som vi møter i det daglege arbeidet. Eksempel på tema som blei diskutert på møtet, var krav ved oppretting og registrering av stiftelse, tilsynsmetodikk, risikovurderingar og endringar i lov, reguleringar og premissar. I 2023 er Stiftelsestilsynet vertskap for det nordiske møtet.



Frå venstre: Siw Heggstad Longvastøl, May Helen Vik og Karsten Karlsen Sunde i prat med Bjørn O. Øiulfstad i Stiftelsesforeningen.

Samarbeid med andre aktører

For å nå våre overordna mål er det viktig for oss å samarbeide godt med brukarane våre og andre aktører på stiftelsesområdet. For å kunne nå ut til fleire stiftelsar prioriterer vi å delta på kurs og seminar for stiftelsar. I 2022 deltok vi på samlingar i regi av Stiftelsesforeningen, Sparebankforeningen, Handelshøyskolen BI, Formue, BDO, Söderberg & Partners og Fundraising Norge. Desse samlingane er populære blant stiftelsane, og på ei slik samling møter vi gjerne 50–100 deltakarar.

Saman med Sparebankforeningen og Finanstilsynet har vi arbeidd med utforming av kategoriar for rapportering til Finanstilsynet og til Sparebankforeningens gaveundersøkelse for finans- og sparebankstiftelsane. Dersom kategoriseringa er tilnærma lik, vil det kunne bidra til å minimere feilrapportering. Det vil også auke kvaliteten på det stiftelsane rapporterer til oss og Sparebankforeningen når vi gjennomfører undersøkingar. Betre kvalitet på innsamla data gir oss sikrare analysar og styrker kunnskapen vi får om stiftelsane. Ei meir lik kategorisering vil også gjere det lettare å samanlikne tala frå dei ulike undersøkingane.

Vi deltar årleg på fleire seminar og kurs i regi av Stiftelsesforeningen og Handelshøyskolen BI, som har eit sentralt utdannings- og fagmiljø for stiftelsesrett i Noreg. Samarbeidet med Forum for stiftelser ved BI gir oss òg moglegheit til å foreslå tema og aktuelle problemstillingar til masteroppgåver for studentane. I 2022 fullførte ein ph.d.-student ved BI ein doktorgrad om styret sine plikter knytte til krav om kapitalforvaltning i stiftelsar. Ph.d.-avhandlingar og masteroppgåver gir vesentlege bidrag til å auke kunnskapen om og interessa for stiftelsar i samfunnet.

3

Ny undersøking om stiftelsar

Vår undersøking frå 2020 om stiftelsane sitt samfunnsbidrag blir stadig brukt av brukarane våre og andre interessentar. Dette viser at det er behov for meir kunnskap om stiftelsar, og at vi er leiande på dette området.

I 2022 har vi gått djupare inn i temaet frå eit samfunnsøkonomisk perspektiv. For å få berekningar og ny kunnskap av høg kvalitet valde vi å knyte til oss ekspertar innanfor samfunnsøkonomisk analyse og verdsetting. Vi innhenta tilbod frå fleire kjende leverandørar, og valet fall til slutt på Oslo Economics, som leverte utkast til rapport i desember. Rapporten kartlegg område som ein tidlegare ikkje har sett på, og gir ny kunnskap om stiftelsar med eit samfunnsøkonomisk perspektiv. Rapporten *Norske stiftelsars verdibidrag* vil bli lansert i 2023 og formidla til publikum i ulike kanalar.

Stiftelsar og forskning

Vi har opplevd aukande interesse for stiftelsar og forskning. Stiftelsane er betydelege aktørar på forskingsfeltet, og undersøkinga vår frå 2020 om stiftelsane sitt samfunnsbidrag viser at forskning ligg på tredje plass over formål som tar imot utdelingar, målt i kroner.

Avisa Khrono har i fleire artiklar belyst stiftelsar som deler ut midlar til forskning. NTNU Handelshøyskolen har laga eit notat om stiftelsane si betydning for forskningsfinansiering. I slike samanhengar bidrar vi med data og kunnskap.

Under Arendalsuka var det også interesse for stiftelsane sitt bidrag til forskning. Vi deltok på to arrangement om stiftelsar. Det eine handla om stiftelsane sine bidrag til ei positiv samfunnsutvikling i Noreg og blei arrangert av Stiftelsesforeningen.

Det andre var i regi av Stiftelsesforeningen og Universitetet i Agder, og det handla om forskning, innovasjon og finansiering. Der framheva ein mellom anna skilnadene mellom dei skandinaviske landa når det gjeld stiftelsane si finansiering av forskning. Forskningsrådet peikar på at nødvendig finansiering av forskningsinnsats krev nytenking, og at det er behov for større grad av samfinansiering mellom det offentlege og det private. Diskusjonen handla om kva som skal til for å legge til rette for og stimulere til dette, mellom anna forpliktande partnerskap.



Siw Heggedal Longvastøl på arrangementet til Stiftelsesforeningen.

3

Stiftelsar delte egne erfaringar

I 2021 gjennomførte vi eit stort tematilsyn med formålsrealisering i 36 stiftelsar. I 2022 publiserte Stiftelsestilsynet samlerapporten frå tematilsynet, og ein del av rapporten handlar om stiftelsane sine erfaringar. Styra i stiftelsane viser stor interesse for å lære av erfaringane til liknande stiftelsar. Vi ønskte å synleggjere kva erfaringar stiftelsane har med ulike tema som tilsynet omfatta. Rapporten gir kunnskap frå dei enkelte tilsyna og kan dermed vere til nytte for andre stiftelsar.

I rapporten delte vi erfaringar om korleis stiftelsane

- arbeider med strategiar og planar for formålsrealisering, blant anna i styre-arbeidet og i løysingar for søknader og tildelingar
- samarbeider med andre aktørar
- arbeider med kontroll og oppfølging av midlane, både ved bruk av avtaleverk og rapportering, transparent rekneskapsføring og kommunikasjon overfor omverda

På nettsidene la vi ut malar og sjekklister for både formålsrealisering og vurdering av habilitet.

Vi fekk invitasjonar frå fleire samarbeidsaktørar og presenterte ny kunnskap i fleire forum. Tilbakemeldingane vi fekk, er at stiftelsane har tatt i bruk både kunnskapen og verktøya i praktisk styrearbeid. Også andre interesseorganisasjonar seier dei har hatt stor nytte av rapporten.

Samordna tilsyn – habilitet og nærstående handel

Stiftelsestilsynet og Utdanningsdirektoratet har i 2022 utført samordna tilsyn med barnehagar som er organiserte som stiftelsar eller er eigde av stiftelsar. Tema for tilsynet var habilitet og transaksjonar med nærstående. Det er første gong vi samarbeider med eit anna direktorat om eit slikt tilsyn. Stiftelsestilsynet har i lengre tid sett at mange stiftelsar har utfordringar med vurderingar av og prosessar for habilitet og transaksjonar med nærstående. Utdanningsdirektoratet, ved avdelinga for økonomisk tilsyn med private barnehagar, har sett det same. I staden for at vi førte tilsyn kvar for oss, samordna vi tilsyna. Slik letta vi arbeidet for stiftelsane, som hadde dialog med og sende inn dokumentasjon til to etatar på same tid. I tillegg gav tilsynet meir heilskapleg fokus på gode rutinar og tiltak.

Stiftelseslova stiller krav til at styret behandlar saker og tar avgjerder ut frå kva som fremmar stiftelsens formål og interesser. Barnehagelova krev på same måte at offentlege tilskot og foreldrebetaling skal komme barna i barnehagen til gode.

Vi gjennomførte det samordna tilsynet innanfor ei felles ramme, med felles malar og avtaleverk for deling av informasjon. Tilsynet omfatta tre stiftelsar som driv 14 barnehagar. Vi sende ut felles brev via Utdanningsdirektoratet sine digitale plattformer og hadde felles videomøte med eitt av styra.

Vi kontrollerte rutinar styret hadde etablert for å sikre at transaksjonar med nærstående skjer på marknaden sine vilkår. Vi kontrollerte også at stiftelsen hadde tilstrekkeleg internkontroll for å følge opp dette. Utdanningsdirektoratet såg på bruk av felleskostnader for barnehagane og på at desse er fordelt i samsvar med reglane i barnehagelova.

Oppsummert viser funna frå tilsynet at styra i stiftelsane hadde gjennomført prosessar og styrevurderingar av aktuelle transaksjonar på ein forsvarleg måte og i samsvar med aktuelle lover. Stiftelsane hadde likevel ikkje i stor nok grad vurdert

behovet for skriftlege formaliserte rutinar og annan dokumentasjon. Dei fekk anbefalingar om å forbetre dette i det vidare arbeidet.

Slik har vi jobba førebyggjande med tilsyn

Med bakgrunn i kunnskap om at dei fleste stiftelsane ønsker å gjere rett og følge lova, har vi vidareført strategien med å jobbe førebyggjande i tilsynsarbeidet. I 205 av tilsynssakene i 2022 har dialog med og rettleiing til stiftelsane vore viktig og effektivt. I arbeidet med å auke bruk av førebyggjande verkemiddel har vi også hatt fleire planlagte risikobaserte tilsyn. Vi gjennomfører samtidig enkelttilsyn med utgangspunkt i meldingar som kjem inn, og som vi må følge opp.

Vi gjennomfører tematiske tilsyn med risikoområde for å sikre at fleire stiftelsar driv forsvarleg. Vi når då effektivt fleire stiftelsar, samtidig som vi samlar kunnskap vi kan formidle til andre stiftelsar.

I tillegg har vi halde fram med dialogmøte med styra i stiftelsane. Målet er at tidleg dialog skal hjelpe styra med å redusere risikoen for stiftelsen eller rette opp i manglar. I mange av desse sakene er det uro eller konflikt i styret, ein situasjon som styret sjølv har ansvar for å løyse. I dialogmøta set vi søkelyset på å sikre at internkontrollen i styret og stiftelsen fungerer. I eit par saker har dialogmøte ført til at styret har trekt seg. Dette gir stiftelsen ei raskare løysing enn viss vi gjennomfører fullt tilsyn og avset styret. Vi har også eit par saker der vi har kravd tiltak i form av endra rutinar eller vedtekter.



Tilsyn i samarbeid med andre kontrolletatar

Vi har også avdekt alvorlege forhold og oppretta enkelttilsyn på bakgrunn av tips eller eiga overvaking. Forholda gjeld både formuesforvaltning og formålsrealisering, for eksempel manglar ved utdelingar, styrearbeid og internkontroll. Vi prioriterer enkelttilsyn i alvorlege saker, sidan ein del av samfunnsoppdraget vårt er å trygge stiftelsesforma. I 2022 har vi hatt fire slike større enkelttilsyn. Desse kjem i tillegg til sakene der vi i ein tidleg fase har vore i dialog med styra, og dermed ikkje har trengt å opne tilsyn.

Slike saker gjeld ofte fleire forhold og utgjer ein risiko for brot på fleire lover. Det kan vere spørsmål om rekneskaps- og skattemessige forhold eller andre lover som regulerer aktiviteten til stiftelsen. Vi samordnar oss då med andre kontrolletatar.

Vi har få slike saker, men dei er ressurskrevjande og tar tid å følge opp. Ofte gjer også stor medieinteresse at samfunnet forventar at vi tar tak i saka. I ei av tilsyns-sakene trekte styret seg etter at vi melde saka til politiet og varsla om styreavsetting. Der er det komme inn eit nytt styre for å sikre stiftelsen sine interesser. I eit av dei andre enkelttilsyna oppnemnde vi ein ny styremedlem, som har sikra forsvarleg gjennomføring av aktuelle prosessar i stiftelsen.

Mange stiftelsar får tilskot frå offentlege myndigheiter, eller har aktivitet som er regulert av eit anna lovverk, og er dermed underlagde kontroll frå desse i tillegg til Stiftelsestilsynet. Vi skal ikkje overprøve andre myndigheiter sin kontroll med eigne lover og regelverk, eller vilkår for tilskotsordningar. Samarbeid med andre kontroll-aktørar er derfor nødvendig for å koordinere kontrollen. Samarbeidet kan variere frå deling av generell informasjon om regelverk og myndigheit til deling av opplysingar og dokumentasjon i enkeltsaker.

Vi har i 2022 hatt mykje kontakt med andre kontrollaktørar: Skatteetaten, politiet, Statsforvaltaren og andre myndigheiter som Arbeidstilsynet, Utdanningsdirektoratet, Barne-, ungdoms- og familiedirektoratet, Helfo, Helsedirektoratet og Nokut (Nasjonalt organ for kvalitet i utdanninga). I nokre saker har kontrollen frå andre myndigheiter gjort at Stiftelsestilsynet ikkje har trengt å følge opp med tilsyn overfor stiftelsen.

Revisor er ein viktig medspelar og kontrollaktør for stiftelsar. Vi har i 2022 jobba med å styrke revisorane. Dei sit tett på styra med sin kompetanse og har ei sentral rolle med kontroll av rekneskap og formue. Vi vil i 2023 jobbe enda meir med revisorar. Å betre dialogen med kvar enkelt revisor og kvar enkelt stiftelse er viktig for oss. Eit strategisk samarbeid med Revisorforeningen og fagmiljø for revisorar er også eit satsingsområde.

Analysar viser at økonomiforvaltning og internkontroll er eit risikoområde vi må sette søkelyset på framover. Strategisk samarbeid med revisorane kan vere eit effektivt verkemiddel for å redusere risikoen.

Oversikt over hendingar registrerte som saker og vår oppfølging av dei

	2020	2021	2022	Oppfølging
Nye hendingar der vi ser avvik eller risiko for avvik	207	212	235	Alle saker blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Frå revisorbrev	149	142	179	Alle revisorbrev blir risikovurderte. Dei fleste revisorbrev blir følgde opp med påpeiking av plikter og rettleiing. Viss tipsa gjeld forhold med høg risiko, gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Frå tips/meldingar	45	58	37	Alle tips blir risikovurderte. Oppfølginga av saka og val av verkemiddel følger av den dokumenterte risikovurderinga.
Ekstern varslingsom forhold i stiftelse	2	4	7	Alle offentlege verksemder er pålagde å ta imot varslings i samsvar med nasjonale retningslinjer. Desse følger vi opp på same måte som tipsa.
Media og annan overvaking mv.	8	4	6	Vi overvaker media og fangar opp saker som vi risikovurderer. Dei fleste blir følgde opp med rettleiing, men ved forhold med høg risiko gjennomfører vi tilsyn og kontroll.
Bakgrunn i søknadskontroll	3	2	2	Vi behandlar søknader om omdanning frå stiftelsane. Under dokumentasjonskontrollane kan vi oppdage risiko som vi må følge opp.
Melding om forhold i stiftelse frå anna kontrollorgan		2	4	Vi samarbeider strategisk med andre kontrollorgan, slik at vi kan få melding dersom dei oppdagar hendingar i stiftelsane.

Nærare om korleis vi har følgd opp hendingane ved annan risiko

Verkemiddel ut	2020	2021	2022	
Registerbaserte tilsyn – standardavvik henta frå offentlege register:	17	137	84	Dersom vi fangar opp konkrete avvik, sender vi ut brev med påminning og påpeiking av plikter. Dette gjeld både dersom det ikkje er registrert revisor eller styre, og dersom det ikkje er levert årsrekneskap. Desse breva sender vi samla til dei aktuelle stiftelsane som registerbaserte tilsyn.
Ikkje registrert revisor	6	20	35	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert revisor.
Ikkje registrert styre	1	1	4	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har registrert styre.
Ikkje levert årsrekneskap	4	3	9	Vi sender ut brev dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap. Dersom stiftelsen ikkje har levert årsrekneskap for to år (gjentakande forhold), sender vi melding til politiet.
Manglar i revisjonsberetning	5	0	0	I saker der vi ser at revisor ikkje har uttalt seg om utdelingar og forvaltning, sender vi brev med påminning til revisor.
Spørsmål knytte til heimel til fast eigedom	0	0	27	I saker der vi ser at stiftelsane ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, f.eks. manglar organisasjonsnummer i grunnboka, sender vi brev til stiftelsane og ber dei rette opplysningane i grunnboka.
Andre avvik	1	1	9	
Ikkje registrert elektronisk varslingsadresse	0	112	0	Vi sender ut brev til stiftelsar som ikkje har registrert elektronisk varslingsadresse. Dette var eit enkeltprosjekt for 2021.
Tematilsyn	0	36	0	Planlagt tilsyn med fleire stiftelsar om utvalde tema/område basert på heilskapleg risikovurdering. Planlagt tematilsyn med formålsrealisering blei gjennomført i 2021. Førre tematilsyn var i 2018 og handla om kapitalforvaltning (20 stiftelsar).
Samordna tilsyn	0	0	3	Tilsyn som gjeld fleire lover og er samordna med eit anna tilsynsorgan. I 2022 gjennomførte vi saman med Utdanningsdirektoratet tilsyn med 3 stiftelsar som driv 14 barnehagar, om habilitet og transaksjonar med nærstående. Dette er det første året vi har samordna tilsyn.
Dialog og rettleiing	176	185	205	Dialogbasert tilsynsarbeid. Eit strategisk val har vore å gå i dialog med styra i stiftelsar så tidleg som mogleg. Vi rettleiar og får forsikringar frå styra på at dei jobbar forsvarleg. Dialog med styra i stiftelsane kan vere både munnleg i møte og skriftleg.
Enkelttilsyn (kontrollsak)	15	3	4	Tilsyn er det verkemiddelet vi nyttar i dei mest alvorlege sakene, og i saker der det er høg risiko for store manglar og konsekvensar for stiftelsen. I desse sakene hentar vi inn omfattande dokumentasjon og opplysningar frå stiftelsen og andre aktørar. Sakene endar alltid med ein tilsynsrapport eller eit meir omfattande brev til stiftelsen. Strategien vår er å redusere talet på store tilsyn og heller nytte andre proaktive verkemiddel. Talet på slike saker vil likevel variere avhengig av kva som skjer i stiftelsane. Dersom tilsyn er rett verkemiddel, skal vi nytte det.
Andre saker	3	1	1	

3

Auke i tal registerbaserte tilsyn

Ein sentral føresetnad for å sikre forsvarleg forvaltning er at stiftelsen har på plass eit minimumsgrunnlag for organisering av stiftelsen og styrearbeidet.

Bruk av registerbaserte tilsyn er førebyggjande og kan bidra til at stiftelsane følger lova. Gjennom datauttrekk frå registrerte opplysingar og vedtekter får vi informasjon om manglar i stiftelsar. Vi sender jamleg ut brev der vi ber stiftelsane rette opp manglar, for eksempel dersom ein stiftelse ikkje har riktig styresamansetnad, ikkje har revisor og ikkje leverer årsrekneskap. Om vi ser vekk frå eit enkeltprosjekt i 2021, har vi auka registerbaserte tilsyn samanlikna med dei to føregåande åra. Vi hadde 84 i 2022, 25 i 2021 og 17 i 2020.

Mange stiftelsar har store verdiar i form av eigedom. Manglar ved grunnboksheimlar, avtalar og liknande er forhold som kan auke risikoen for at stiftelsen ikkje har sjølvstendig råderett over verdiane sine. For at ein stiftelse skal ha råderett over egne verdiar, er det viktig at stiftelsens verdiar er riktig registrert og at stiftelsen har nødvendige avtaler. Vi har derfor sett søkelys på dette ved tilsyn i 2022.

I 27 saker har vi stilt spørsmål til stiftelsar som ikkje har eintydig heimel til fast eigedom, for eksempel ved at dei manglar organisasjonsnummer i grunnboka. Det er viktig at stiftelsane formelt har registrert grunnboksheimel, eventuelt at dei har inngått forsvarlege avtalar som sikrar stiftelsen sine interesser og verdiar.

Færre søknader og klager frå stiftelsar

Stiftelsestilsynet fekk i 2022 inn 772 søknader frå norske stiftelsar. Det er nokre færre enn dei 798 søknadene vi fekk i 2021. Både 2022 og 2021 markerer ein nedgang frå 1027 søknader i 2020. Den vanlegaste sakstypen er endring av vedtekter. Av søknadene ser vi at fleire kjem frå styre i stiftelsar som har til formål å dele ut pengar. Fleire ser at det er behov for å endre vedtektene for å kunne gjere utdelingar som monnar, spesielt der ein ifølgje vedtektene berre kan dele ut den årlege avkastninga til formålet. I desse tilfella kan det vere nødvendig å endre vedtektene slik at også delar av eigenkapitalen kan delast ut til formålet.



3

Oversikt over søknader og saker om rettleiing i 2021

	2020	2021	2022
Stiftelsar			
Nyregistrering	107	116	93
Omklassifisering	7	1	9
Kapitalendring	100	41	34
Dispensasjonar	6	5	5
Oppnemning av styre	12	10	4
Vedtektsendring	542	431	437
Oppheving	219	170	164
Samanslåing	33	24	26
Deling	1	-	-
Sum søknader frå stiftelsar	1 027	798	772
Rettleiing til stiftelsar	141	111	109
Andre saksområde			
Uråderett – stiftelseslova § 55	47	40	22
Beslagsforbod etter dekningslov og arvelov	164	139	197
Samvirkeføretak	1	1	1
Sum søknader etter anna lovverk	212	180	220
Rettleiing på andre saksområde	17	39	47

Stiftelsestilsynet tok i 2022 imot 20 klagesaker. Trenden med stadig færre klager held med andre ord fram: I 2020 fekk Stiftelsestilsynet 26 klager, og i 2021 fekk vi 22 klager. Vi ser denne trenden i samanheng med at vi dei siste par åra også har fått færre søknader. Stiftelsesklagenemnda avgjorde 13 klager på vedtak gjorde av Stiftelsestilsynet i 2022. Sju av desse klagenes gjaldt vedtak om stiftelsar, medan dei seks andre gjaldt andre ansvarsområde som Stiftelsestilsynet har.

Auke i tal søknader etter dekningslova og arvelova

Arbeidet med saker der Stiftelsestilsynet har ansvar etter andre lover enn stiftelseslova, og arbeidet med saker om omdanning av anna enn stiftelsar (stiftelseslova § 55), utgjorde vel to årsverk i 2022. Hausten 2022 tilsette vi ein ny jurist som hovudsakleg arbeider med desse saksområda. Det har auka kapasiteten vår på dette feltet og frigjort ressursar til anna saksbehandling retta mot stiftelsar. Søknader som gjaldt beslagsforbod etter dekningslova og bandlagd pliktdelsarv, hadde ein auke på 42 prosent: frå 139 saker i 2021 til 197 i 2022. Regelverket for desse sakstypene er komplisert. Og etter at overgangsføresegnene i arvelova av 2019 tredde i kraft i 2022, har regelverka blitt enda meir kompliserte. Dette har ført til ein stor auke i behovet for rettleiing. I 2022 hadde vi for første gong møte med tingrettar og Statsforvaltaren for å avklare forståinga av regelverka.

3

Fleire nye minnestiftelsar

Rett i overkant av 90 stiftelsar er i 2022 blitt oppretta og registrerte i Stiftelsesregisteret. Det er komme til fleire ulike typar stiftelsar, men noko som går igjen år etter år, er at fleire av stiftelsane er såkalla minnestiftelsar. Det er stiftelsar som blir oppretta til minne om nokon eller noko, for eksempel opprettaren sjølv, nære slektningar eller ei bestemt hending. Minnestiftelsar har nesten alltid med namnet på den, dei eller det som skal minnast, i namnet på stiftelsen.

Her er tre eksempel på minnestiftelsar som blei registrerte i Stiftelsesregisteret i 2022:


- 14. januar 2022 blei stiftelsen **Eilif og datter Besse Gunstrøms minnelegat** registrert. Formålet til stiftelsen er å tildele stipend til framgangsrike fiolinistar under 30 år. Stiftelsen blei oppretta med bakgrunn i testamentet til Besse Gunstrøm.
- 8. november 2022 blei stiftelsen **Jahn Teigen – Minnene vil aldri dø** registrert. Formålet til stiftelsen er å bidra til utvikling av Tønsberg som besøksattraksjon, gjennom å på best mogleg vis sørge for at egedelane etter Jahn Teigen blir gjort tilgjengelege for allmenta. Stiftelsen blei oppretta av Tønsberglivet AS.
- 9. desember 2022 blei **Alfred Nobels norske minnestiftelse** registrert. Stiftelsen er til minne om ein av dei mest kjende i stiftelsesverda: Alfred Nobel frå Sverige. Alfred Nobel døydd i 1896 og bestemte i sitt testamente at det meste av det han eigde, skulle gå til å opprette ein svensk stiftelse som skulle dele ut renteavkastninga si til prisar innan fysikk, kjemi, medisin, litteratur og fredsarbeid. Nobels fredspris blir delt ut i Noreg, og dei andre prisane blir delte ut i Sverige. Stiftelsen er oppretta av den svenske stiftelsen Alfred Nobels Minnesstiftelse og har som formål å yte varig økonomisk støtte til Det Norske Nobelinstitut.



3

Færre, men meir robuste stiftelsar

Trenden med færre stiftelsar og høgare kapital heldt fram. Fleire stiftelsar blir oppheva enn oppretta, men eigenkapitalen aukar. Bokført eigenkapital steig frå 200 milliardar kroner i 2021 til 220 milliardar kroner i 2022. Dei nyregistrerte stiftelsane i 2022 har ein samla kapital på 3,2 milliardar kroner. Ved utgangen av 2022 var det registrert 6332 aktive stiftelsar i Stiftelsesregisteret.



Arbeid med tydlegare søknadsprosess for stiftelsane

God informasjon på nettsidene og brukarvennleg søknadsretteleing er viktig for at brukaren skal gjere rett på første forsøk. I 2022 har vi saman med NTB Arkitekt kartlagt brukarreisa for stiftelsar som har behov for å gjer endringar, for eksempel endre vedtekter, dele eller oppheve ein stiftelse. Først kartla vi internt kva brukarane spør oss om, og kva feil dei ofte gjer i søknadsprosessen. Deretter spurde vi brukarane kva dei opplever som vanskeleg når dei skal løyse oppgåvene sine. Funna viste at det må gå klarare fram kva dokumentasjon og kva prosessar som må vere på plass for få til nødvendige endringar i stiftelsar.

Vi skal i 2023 legge ut ny og oppdatert informasjon om søknadsprosessen på nettsidene våre. Vi håper at dette vil gjere lovkrava tydlegare, redusere behovet vårt for å be søkarane om meir dokumentasjon og gi raskare saksbehandling. Vi vil brukar-teste den nye informasjonen i 2023 og samtidig registrere om talet på stiftelsar som spør etter dokumentasjon, går ned.

3

Digitaliseringstiltak

Stiftelsestilsynet har i 2022 arbeidd med to digitaliseringsprosjekt.

Stiftelsane sender i dag søknad om registrering og endring via Samordna registermelding i Altinn. Det første prosjektet går ut på å utvikle eit tilpassa skjema for stiftelsane og oss. Formålet er å få registrert korrekte data og kunne gjenbruke dei i søknadsbehandling og registersamanheng. Prosjektet er eit samarbeid mellom Stiftelsestilsynet og Brønnøysundregistra.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har mange og ulike oppgåver som krev saksbehandling. Vi arbeider med både stiftelsar, pengespel og ulike tilskotsordningar til frivilligheita. Stiftelsestilsynet bruker i dag ei saksbehandlingsløyising som er integrert i saks- og arkivsystemet Public 360, medan andre fagområde nyttar eigne løysingar.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har derfor sett i gang eit prosjekt som skal undersøke om Salesforce kan nyttast som felles saksbehandlingsløyising for dei ulike oppgåvene tilsynet har. Vi undersøker i første omgang om Stiftelsestilsynet si saksbehandlingsløyising kan utviklast og flyttast frå Public 360 til Salesforce. Dette vil også opne opp for betre oppfølging av rettleiing og digital kunnskap om stiftelsane. Prosjektet involverer både dei ulike avdelingane i tilsynet og eksterne ressursar.

Lovendringar som påverkar fleire stiftelsar

Frå 1. januar 2023 er det krav om at private barnehagar skal vere eigne selskap, og det vil bli forbod mot å drive annan verksemd i tillegg til barnehage. Bakgrunnen for dette er ifølge regjeringa at barnehagar ikkje skal vere investeringsobjekt for å tene pengar, men at fellesskapet sine pengar skal gå til barna sitt beste. Stiftelsestilsynet har i 2022 rettleia barnehagestiftelsar om endringane og om kva alternativ som finst innanfor stiftelseslova.

Stortinget vedtok i 2022 reglar som gjer at kommunar som har oppretta bustadstiftelsar, kan vedta å oppheve bustadstiftelsane og overføre verdiane i stiftelsane til kommunen. Lovendringane Stortinget har vedtatt, går ut på at det blir lagt til eit nytt kapittel 6A i stiftelseslova. Føresegnene i dette kapittelet gjeld for stiftelsar som

a) har til formål å skaffe bustader til personar som ikkje kan vareta sine interesser på bustadmarknaden, og derfor treng bistand til å skaffe eller behalde eigna bustad, og

b) er oppretta av éin eller fleire kommunar

I korte trekk går endringane ut på at ein kommune som har oppretta ein slik stiftelse, ifølge ein ny paragraf (§ 55 b) kan gjere vedtak om at stiftelsen skal opphevast med den verknaden at stiftelsen sine eigedelar, rettar og plikter blir overførte til kommunen, jf. § 55 e.

Lova gjeld frå 1. januar 2023.

3

Talet på innsynskrav framleis lågt

I 2021 behandla Stiftelsestilsynet langt færre innsynskrav i saksdokument (695) etter offentleglova enn det som har vore vanleg dei seinare åra. Vi ser denne nedgangen i samanheng med at Lotteri- og stiftelsestilsynet sidan hausten 2020 har fulltekstpublisert mange saksdokument på elnnsyn.no. Gjennom elnnsyn blir offentlege dokument frå saksbehandlinga lettare tilgjengelege for publikum, som sjølve kan laste dei ned frå nettstaden.

I 2022 behandla Stiftelsestilsynet 731 innsynskrav etter offentleglova. Dette kan tyde på at talet på innsynskrav er i ferd med å stabilisere seg på eit lågare nivå enn før fulltekstpublisering blei innført.

3

Slik jobba vi for å forenkle brukarreisa og vere ein synleg samfunnsaktør

I 2022 har vi blant anna jobba med å gjere Hjelpelinjen sitt tilbod meir kjent for problemspelarar og pårørande. Vi har brukartesta nettsidene våre mot nye krav til universell utforming og gjennomført ei stor brukarundersøking.

Kommunikasjon er eit viktig verkemiddel for å utføre fleire av oppdraga til Lotteri- og stiftelsestilsynet og for å nå måla i strategien vår. I 2022 har vi jobba med fleire tiltak som skal gjere det enklare for brukaren å løyse oppgåvene sine og for oss å vere ein tydeleg og relevant samfunnsaktør.

Mål for Lotteri- og stiftelsestilsynet

5. Bidra til at tilsynet er ledende i å bygge og formidle kunnskap og troverdig informasjon om pengespill, stiftelser og støtteordningar for frivilligheten

Informasjonsarbeid om nye støtteordningar

I 2022 fekk Lotteri- og stiftelsestilsynet i oppgåve å forvalte ei kompensasjonsordning for arrangørar og underleverandørar i kultursektoren.

Ordninga gjaldt tap knytt til kulturarrangement som blei avlyste, stengde eller nedskalerte som følge av covid-19. Kommunikasjonstaben jobba mykje for at informasjonen på nettsidene skulle vere enkel å forstå.

I 2022 fekk vi også ansvar for tre nye søknadsordningar for frivillige lag og organisasjonar:

- straumstøtte til frivillige lag og organisasjonar
- tilskot til mangfalds- og inkluderings tiltak knytt til idrett og fysisk aktivitet
- tilskot til drift av frivilligsentralar

God og forståeleg informasjon på nettstaden er sentralt for at brukarane skal vite kva ordning dei skal søke på, og om dei oppfyller vilkåra for å søke. Kommunikasjonstaben har i samarbeid med avdeling for frivillighetsstøtte jobba med å utarbeide god informasjon om dei ulike ordningane – og gjere ordningane kjende.

3

Nye krav til universell utforming skal gjere nettsidene tilgjengelege for alle brukarar

Frå 1. februar 2023 er det eit lovkrav at offentlege nettsider skal vere universelt utforma og ha eiga erklæring om kor tilgjengelege nettsidene er. Hausten 2022 jobba vi saman med Funka for å bli enda betre på universell utforming. Målet er at nettsidene våre skal vere tilgjengelege for alle, uavhengig av funksjonsevne.

Vi har i fleire år jobba med universell utforming i utvikling av nettsidene våre, og vi har gjennomført testar med automatiserte verktøy. I arbeidet med Funka har vi lært at dette ikkje er nok. Funka har testa nettsidene med brukarar som har nedsett funksjonsevne. Sjølv om både lottstift.no og hjelpelinjen.no i all hovudsak fekk gode tilbakemeldingar, fann dei ein del feil vi må rette opp i.

Hovudområde som er problematiske for enkeltbrukarar på lottstift.no:

- overskriftsstruktur
- tastaturnavigasjon
- utforming av skjema

På hjelpelinjen.no er det desse hovudområda vi må rette opp i:


- utforming av skjema
- navigasjon og lenker, spesielt til eksterne PDF-filer
- alternativ til multimedia som video og podkast

I 2023 vil vi jobbe vidare med å rette opp i feila vi fann i dette arbeidet.

Slik brukte vi kommunikasjon som verkemiddel for å sikre ansvarlege pengespel

Som eit bidrag til å gjere Hjelpelinjen meir kjend for problemspelarar og pårørande fekk vi internettfenomenet Dangfart Tønnessen til å lage ein kampanjefilm for oss.

Målet med filmen var å auke kjennskapen til Hjelpelinjen, sette søkelyset på speleproblem og få fleire til å snakke om det. Nær 60 000 har starta avspeling, og om lag 10 000 personar har sett heile filmen. Dette er gode tal med tanke på at filmen er to minuttar lang. Videoen skapte veldig mykje engasjement og fekk stor organisk rekkevidde gjennom kommentarar, reaksjonar og delingar på Facebook og Instagram.




3

I tillegg har vi laga ein større innhaldspakke til Hjelpelinjen, der vi har snakka med speleavhengige, pårørende og menneske som jobbar med behandling av speleavhengige. I september deltok vi på eit seminar i regi av Norsk forening for spillproblematikk, og der møtte vi mange. Noko av dette innhaldet la vi ut på hjelpelinjen.no i 2022, og meir kjem utover i 2023.



Silje Kristin Nilsen og Trond Aspeland jobbar med fjernbasert behandling av speleavhengige frå Sykehuset Innlandet. Dei var to av fleire vi snakka med då vi laga innhald til Hjelpelinjen.



Halvor Johansson i
nytt format på TikTok

«Svart gambling» lansert på TikTok og Instagram

I 2022 relanserte vi informasjonskampanjen «Svart gambling» frå 2021 i nye kanalar. Gjennom korte filmar med komikar Halvor Johansson i hovudrolla ønsker vi å gjere unge spelarar meir bevisste på kva risiko dei tar ved å spele hos ulovlege spelselskap. I 2021 var kampanjen berre på Snapchat, mens vi i 2022 gjennomførte delar av kampanjen på Snapchat, TikTok og Instagram for å nå målgruppa, som var unge menn.

Målet med kampanjen har vore å auke kunnskapen om kven som har lov å tilby pengespel i Noreg, spesielt hos unge mannlege spelarar. Fem av ti nordmenn veit ikkje kva for nokre spelselskap som har lov – og ikkje lov – til å tilby pengespel i Noreg.

På tvers av alle kanalane var det over 500 000 som starta avspeling av kortvideoane og nær 150 000 som såg heile videoane. Totalt var det 11 711 som sveipa opp for å lese meir om temaet.

Både arbeidet med Hjelpelinjen og informasjonskampanjen «Svart gambling» var tiltak i *Handlingsplan mot spilleproblemer 2022–2025*.

3

Ny undersøking: Brukarane er fornøgde med oss

Vi har fornøgde brukarar med høg tillit til oss. Det viser den nye brukarundersøkinga Respons Analyse gjorde for oss i 2022.

Brukarundersøkinga har mellom anna gått ut til norske stiftelsar, lotteri- og bingo-aktørar og søkarar på momskompensasjonsordningane våre. Undersøkinga var retta mot dei som har hatt kontakt med oss dei siste 12 månadene. Vi fekk inn over 2300 svar frå ulike brukargrupper. Det samla bildet frå undersøkinga er at brukarane er fornøgde eller svært fornøgde med oss.

Vi gjennomfører jamleg brukarundersøkingar for å få tilbakemeldingar om kor tilfredse brukarane våre er. Førre undersøking var i 2018 og viste gode resultat, og det er gledeleg at vi held same nivå i 2022.

I undersøkinga bad vi brukarane om å ta stilling til ulike spørsmål eller påstandar. Svara blei gjorde om til ein skår der 50 er dårleg, 50 til 70 er forbettringsområde, 70 til 90 er bra, og 90 og over er svært bra.

Brukarane våre har høg tillit til oss

Vi er avhengige av tillit frå brukarane våre, og undersøkinga viser at dei har høg tillit til oss. Lotteritilsynet fekk ein skår på 88 av 100, avdeling for frivilligheitsstøtte fekk 86, og Stiftelsestilsynet fekk 83.

Vi spurde også brukarane om dei synest vi oppfyller krava som bør stillast til eit offentleg organ, og der fekk vi ein skår på mellom 77 og 81.

På ulike spørsmål om kva brukarane synest om informasjonen og rettleiinga frå oss, fekk vi frå 78 til 82.

Serviceinnstilling handlar mellom anna om kor lett det er å komme i kontakt med oss, kor raskt vi svarer, om vi svarer forståeleg, og om vi er serviceinnstilte. Der fekk vi ein skår frå 80 til 83 på dei ulike områda.

Vi spurde også om kompetanse. Det vil seie kunnskapen vi har om områda våre og lover og regelverk, korleis vi behandlar vanskelege spørsmål, og om informasjonen og rettleiinga er lik uavhengig av saksbehandlar. Her meinte brukarane at vi ligg på 82 og 83 av 100.

Brukarane fekk også spørsmål om nettsidene våre, for eksempel om der er lett å finne fram, om dei er oppdaterte, og om informasjonen er forståeleg. Der fekk vi ein skår på 78 til 81.

I brukarane si totalvurdering fekk Stiftelsestilsynet 72 i skår, Lotteritilsynet 76 og avdeling for frivilligheitsstøtte 77.

3

Slik jobba vi med klarspråk

Sidan 2011 har målet vårt vore at alt vi skriv, skal bli forstått på første forsøk. Ein sentral del av strategien vår er å styrke brukarane. Derfor jobbar vi også med å bruke klart og tydeleg språk i alt vi skriv.

I 2022 arrangerte vi to språkdagar for dei tilsette, då vi i 2021 ikkje fekk gjennomført språkdag grunna koronarestriksjonar. Å formidle komplekse budskap på ein klar måte var tema på begge dagane – på ulike vis. Her fekk vi fagleg påfyll frå NTB Arkitektst og Språkbruket. I tillegg delte vi ut pris til to tilsette som har utmerkt seg med godt språkarbeid dei siste to åra.



Jorunn Seim i Språkbruket stod for ein av dei to språkdagane. Her i samtale med Tore Bell (til venstre) og Bjørn Leirdal i Lotteri- og stiftelsestilsynet.

Forbetra rettleiingstekstar til stiftelsane

I 2022 sette vi saman med NTB Arkitektst i gang eit prosjekt der vi jobba spesielt med tekstar som skal rettleie stiftelsane i ulike søknadsprosessar. Målet er at fleire skal gjere rett på første forsøk når dei søker om for eksempel endring av vedtekter eller om å oppheve ein stiftelse.

Kostnaden av problemspeling på dagsordenen i Arendal

Stiftelsar si betydning for samfunnet, kostnaden av problemspeling og ulovleg TV-reklame var tema vi sette på dagsordenen under Arendalsuka 2022.

Under Arendalsuka i 2022 sette vi problemspeling på agendaen gjennom arrangementet «Dette kostar problemspelinga – for samfunnet og for enkeltmennesket». Her diskuterte vi dei samfunnsøkonomiske konsekvensane av problemspeling. I tillegg fekk publikum innsikt i korleis det faktisk kjennest å vere speleavhengig. Henrik Nordal, avdelingsdirektør for pengespel, representerte Lotteritilsynet i samtalen, som blei leia av kommunikasjons- og strategidirektør Marie Havnen. For å belyse temaet hadde vi med oss sosionom Asbjørn Visland frå Sørlandet sykehus, Jarle Wangen frå Akan og Frederick Haugen, som sjølv har slite med speleproblem.



Frå venstre: Marie Havnen, Frederick Haugen, Asbjørn Visland, Jarle Wangen og Henrik Nordal

Saman med Medietilsynet arrangerte vi ein panelsamtale om korleis vi har stoppa den ulovlege pengespelreklamen, og kor vegen går vidare. Her deltok direktør Atle Hamar med fleire.

Stiftelsesforeningen inviterte til arrangementet «Stiftelser er viktige aktører i sivilsamfunnet – hva er stiftelsens utfordringer fremover?». Avdelingsdirektør i Stiftelsestilsynet Siw Heggedal Longvastøl heldt innlegg og deltok i paneldebatten.

Stiftelsar si betydning for samfunnsutviklinga var også tema då Atle Hamar deltok på arrangementet «Norske stiftelser blir større. Hvordan kan de bli viktigere?» i regi av Sparebankforeningen i Norge.

Med andre ord hadde vi brei deltaking på Arendalsuka. Her nyttar vi høvet til å vere tydelege stemmer i samfunnsdebatten, samtidig som vi rettar blikket utover mot andre aktørar.

Ny nettstad: Brukaren finn lettare fram

I september 2021 lanserte vi ny nettstad og gjorde fleire grep med informasjonsarkitekturen. Målet var at brukaren skulle finne lettare fram. Ein analyse av brukarmønsteret viser at mange brukarar finn fram til informasjonen dei treng, med færre klikk enn tidlegare. Vi har fleire brukarbesøk, fleire økter og færre sidevisingar i 2022 enn i 2021.

Årsaker til at vi har lykkast med dette:

- Vi har gått over til målgruppeinngangar.
- Vi har fått ein ryddigare informasjonsarkitektur.
- Vi har gjort ei tydelegare prioritering av innhald som skal løftast fram.
- Brukaren må innom færre sider for å løyse ei oppgåve.
- Brukaren kan ikkje lenger velje parallelle versjonar av nettsidene på bokmål og nynorsk.
- Vi har forbetra internsøket.

3

At trafikken har vore såpass stor på nettstaden, heng saman med at vi framleis forvaltar fleire støtteordningar for frivilligheita i tillegg til dei faste ordningane våre. Vi har framleis klart flest sidebesøk på ordningane for frivilligheita.

I 2022 stod over 292 000 brukarar for 460 000 økter og nær 990 000 sidevisingar på nettstaden vår. Vi ser av brukarmønsteret at dei fleste også dette året besøkte oss via PC for å løyse oppgåvene sine. Dette er naturleg, sidan brukarene i større grad nyttar PC enn mobil i søknadsprosessar.

Vi har gjennom året jobba vidare med innhaldsarbeid på nettsidene. Av større jobbar har vi laga nytt innhald og ny innhaldsstruktur til momskompensasjonsordninga. Eit utkast til nytt innhald blei AB-testa mot gamle nettsider. Funna gjorde at vi omstrukturerte sidene, kutta i talet på informasjonssider og skreiv om delar av innhaldet. Brukarane møtte dermed ny og forbetra struktur og informasjon då dei skulle søke om momskompensasjon. På slutten av året jobba vi ein heil del med å tilpasse informasjonen på nettsidene til nytt pengespelregelverk.

Tal besøk på lottstift.no

År	Brukarar	Økter	Sidevisingar
2022	292 097	460 561	989 105
2021	257 973	423 674	1 093 233
2020	335 254	543 684	1 331 436

Forklaring til tabell:

Brukarar: Med dette meiner vi brukarar som har innleia minst éi økt i løpet av dataperioden.

Økter: Samla tal økter i perioden. Ei økt er tidsrommet der ein brukar nyttar nettstaden aktivt.

Sidevisingar er det samla talet sider som er blitt viste. Gjentatte visingar av same side blir talde med.

Sidevisingar fordelt på område

Lotteri- og stiftelsestilsynet jobbar både med kontroll og forvaltning av private lotteri, stiftelsar og statlege spel og med kontroll av den ulovlege spelmarknaden. Vi forvaltar også fleire tilskotsordningar for frivillige lag og organisasjonar. Under ser du sidevisingar fordelt på desse hovudområda. I tal sidevisingar er frivilligheitsområdet det mest besøkte på nettstaden vår.

Område	Sidevisingar	Unike sidevisingar
For frivilligheita	412 633	334 737
For aktørar	36 655	30 925
For spelarar	95 009	83 156
For stiftelsar	60 778	47 897

Statistikk for registera våre er ikkje med i tabellen. I 2021 hadde Stiftelsesregisteret 18 497 sidevisingar, og Lotteriregisteret hadde 22 441 sidevisingar.

Kontakt via brukarstøtte på nettsida

I 2022 fekk vi inn 1576 spørsmål via Zendesk, som er eit kontaktskjema på nettstaden. Dette er om lag på same nivå som året før.

3

Redaksjonelle medium

Lotteri- og stiftelsestilsynet blei omtala i 1801 oppslag i 2022. Vi valde å gjere ein breiare medieanalyse for 2022, og samarbeidde med Retriever. Analysen viser at det er lite negativ omtale av Lotteri- og stiftelsestilsynet, og at vi er godt synlege i oppslaga som er positive for oss.

Frivilligheit er det av områda våre som er mest omtala, i hovudsak på grunn av koronaordningane og straumstøtteordninga for frivillige lag og organisasjonar. Penge-spel er nest mest omtala, og innanfor dette området er det saker om ulovlege spelselskap som peikar seg ut. Stiftelsesområdet er minst omtala.

Vi er mest omtala i lokale medium, truleg på grunn av lokal interesse for frivilligheitsordningane vi forvaltar, men vi har også ein del omtale i riksmidia. I 2022 har vi hatt fleire store saker, for eksempel at vi sette i verk tvangsmulkt for Unibet-selskapet Trannel, og at kjendisar som var spelambassadørar, avslutta samarbeidet med ulovlege spelselskap.


I 2020 såg vi ein tydeleg oppsving i medieomtalen fordi vi fekk ansvaret for fleire nye koronaordningar for frivillige lag og organisasjonar, noko som hadde stor nyheitsverdi. I 2021 og 2022 har dette normalisert seg.

Tal saker i redaksjonelle medium

2020	2021	2022
2996 saker	1763 saker	1801 saker

Sosiale medium

I 2022 blei Lotteri- og stiftelsestilsynet omtala 2005 gonger i sosiale medium. Det er ein auke på om lag 150 frå året før, ifølge statistikk frå Retriever. Snapchat, TikTok og LinkedIn er ikkje ein del av denne målinga, då Retriever Pulse ikkje har data for desse.



4


Intern styring og kontroll

Betre system og prosedyrar for styring

Vi har dei seinare åra jobba ein god del med internkontroll og dokumentasjon, og vi har innført, tatt i bruk og tilpassa administrative støttesystem.

I 2022 har vi arbeidd med å etablere prosedyrar for leing og verksemdsstyring, og vi har tilpassa styringssystem og våre rutinar for bruk.

Vi har oppgradert til ny versjon av systemet for plan og rapportering, der vi nyttar systemleverandøren Corporater si løysing.



Vi har justert metoden og systemet for risikovurdering som eit resultat av styringsdialog med departementet. Risikovurdering er integrert i styringssystemet vårt, og vi graderer risiko før og etter risikoreduserande tiltak.

Risikobildet i Lotteri- og stiftelsestilsynet ber generelt preg av moderat og handterbar risiko på enkelte område. Når faktorar får høg gradering, informerer vi om det i etatsstyringsmøte og prioriterer tiltak.


Arbeid med internkontroll

Arbeidet vårt med internkontroll har halde fram i 2022. Vi har revidert prosedyrar og annan dokumentasjon på fagområda. Dokumentasjonen er på alle område bygd opp med overordna policy, tilhøyrande prosedyrar og annan dokumentasjon.

Frå 2022 har vi innført nøkkelkontrollar for alle fagområde. Leiarane rapporterer periodisk på desse. Leiinga går også periodisk gjennom avviksrapportar som er registrerte i avvikssystemet.



Til strukturering av internkontrolldokumentasjon og som avvikssystem nyttar vi systemleverandøren Compendia si løysing.



Samfunnstryggleik og beredskap

Ansvarsområda til Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje definerte som kritiske samfunnsfunksjonar. Nedetid vil for brukarane i hovudsak medføre manglande utøving av forvaltning og tilsyn, og eventuelt utsett tidspunkt for utbetaling av tilskot. Langvarige fråvær av våre funksjonar kan få konsekvensar av økonomisk betydning for brukargrupper, for eksempel frivillige organisasjonar som får momskompensasjon eller andre tilskot.

Tiltak innan tryggleik og beredskap blir dimensjonerte med utgangspunkt i at verksemda ikkje er samfunnskritisk, men at vi av omsyn til brukarane ikkje ønsker nedetid for system og forvaltnings- og tilsynsfunksjonar. Vi har ein beredskapsplan for handtering av beredskaps- og krisesituasjonar. Dokumentasjon, rolleavklaring, opplæring og øving er tema som leiinga har tatt opp til ny vurdering og revidert i 2022. Dei tilsette har blitt informerte.

Leiinga reviderer årleg ei eiga risikovurdering for tryggleik og beredskap.

4

Økonomistyring og innkjøp

Rekneskapen er omtala i del 6.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har fullsørvismodell hos Direktoratet for forvaltning og økonomistyring (DFØ). For oss som mellomstor statleg verksemd er DFØ-samarbeidet sentralt, og vi jobbar for å hente mest mogleg effektivitet ut av samarbeidsløysingane. DFØ utvidar stadig tenestetilbodet, og vi tar aktivt i bruk nye tenestetilbod. Ein stor del av varekjøpa våre, mellom anna innan IT, blir også gjorde innanfor dei sentrale rammeavtalane til DFØ.

Arbeidet med å motverke arbeidslivskriminalitet gjennom handtering av innkjøp er eit ansvar statleg sektor har i fellesføringane. Lotteri- og stiftelsestilsynet har dette aspektet med ved anbudsprosessar og inngåing av kontraktar. På våre innkjøpsområde har vi ikkje vurdert risikoen for arbeidslivskriminalitet som stor. På fleire område nyttar vi dei sentrale statlege rammeavtalane.

Hausten 2022 har vi gått over til DNB som vår bank. Vi har dessutan innført ei ny løysing for inngåande faktura, Unit4 ERP, som ein del av DFØ-samarbeidet.

Riksrevisjonen

Riksrevisjonen sine tilbakemeldingar har også for 2021-rekneskapen vore gode.

Vi har ikkje fått revisjonsrapport for 2022.

Arbeid med personvern

I 2022 har vi på personvernfeltet sett søkelyset på bevisstgjerings og opplæring, kulturbygging og eigarskap. Vi har også arbeidd mykje med rutinar for sletting og avviksrapportering.

Heile organisasjonen har mellom anna fått moglegheit til å delta på bevisstgjeringskurs i personvern gjennom opplæringsbolkar på e-post. For å auke bevisstheita og kunnskapen om personvern har dessutan personvernombodet i løpet av året publisert fleire innlegg for heile organisasjonen. Opplæringsplanen er endra for å sikre at personvernombodet raskt skal kunne gi alle nyttilsette ei innføring i våre grunnleggjande plikter ifølgje personvernregelverk og interne rutinar.

Vi har i 2022 hatt ein auke i talet på rapporterte avvik (brot på personopplysnings-sikkerheita) internt og til Datatilsynet. Mykje tyder på at dette hovudsakleg kjem av at folk har blitt meir bevisste på personvern, avdekking av brot og plikta til å rapportere dei. Dei fleste brota er av mindre omfang. Vi har følgd opp alle avvik i tråd med våre forpliktingar etter personvernregelverket, og vi har sett i verk korrigerande tiltak.

At det blir meldt inn avvik, viser at avviksrutinen fungerer. Sjølv om auken truleg kjem av auka fokus og bevisstheit, har vi hatt ein grundig gjennomgang av risiko-reducerande tiltak for å førebygge fleire tilfelle.

4

HMT og arbeidsmiljø

Lotteri- og stiftelsestilsynet har definert hovudmål for personalarbeidet. Vi skal

- arbeide strategisk, operasjonelt og analytisk innan personalområdet
- vere ein attraktiv arbeidsplass som legg til rette for personleg og fagleg utvikling
- arbeide aktivt for eit godt fysisk og psykososialt arbeidsmiljø prega av tillit, respekt og samhandling

Lotteri- og stiftelsestilsynet er ikkje lovpålagt å ha bedriftshelseteneste, men vi har likevel valt å ha dette. Bedriftshelsetenesta er ei fagleg støtte for oss i det førebyggjande HMT-arbeidet, slik arbeidsmiljølova krev. Bedriftshelsetenesta hjelper oss mellom anna med ergonomi, førstehjelpskurs og influensavaksining. I tillegg deltar bedriftshelsetenesta som fast representant i vårt arbeidsmiljøutval (AMU).

For året 2022 har bedriftshelsetenesta gitt dei tilsette tilbod om kartlegging av dataarbeidsplass og influensavaksining.

Vi har også i år gjennomført medarbeidarundersøkinga MUST i regi av Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI) og den årlege vernerunden. MUST gav eit svært godt resultat, men peika også på område vi kan forbetre. Medarbeidarundersøkinga viste mellom anna at dei tilsette opplever å ha eit godt organisatorisk, psykososialt og fysisk arbeidsmiljø. Verksemda vår skårar høgt på desse faktorane: «tilsette opplever høg grad av sjølvbestemming i jobben», «godt leiingsklima» og svært høg grad av «psykologisk tryggleik».

Auke i sjukefråvær

I 2020 hadde vi eit sjukefråvær på 2,7 prosent. I 2021 gjekk sjukefråværet noko opp, og enda på 3,1 prosent.

For året 2022 har sjukefråværet auka til 4,1 prosent, fordelt på 1,7 prosent eigenmeldt fråvær og 2,4 prosent legemeldt sjukefråvær. Vi har kontinuerleg fokus på sjukefråvær gjennom året, frå både leiarar og AMU.

Rekruttering, lærlingar og inkluderingsdugnaden

I 2022 gjennomførte vi elleve rekrutteringsprosessar. Nokre av desse omfatta fleire stillingar. Vi tilsette totalt 14 personar i faste stillingar og ni personar i vikariat/engasjement/traineestilling. Bakgrunnen for dei mange rekrutteringsprosessane var at sju tilsette slutta, og sju nye faste stillingar blei oppretta som følge av nye oppgåver. I tillegg styrkte vi organisasjonen med engasjement grunna tilleggsoppgåver knytte til nye tilskotsordningar.

Vi har i 2022 auka talet på lærlingar frå to til tre. Alle høyrer til IT-området, og vi har for første gong ein lærling i faget IT-utvikling. Lotteri- og stiftelsestilsynet er knytt til opplæringskontoret OK stat.

Vi har i all hovudsak god tilgang på søkarar, men i 2022 har trenden gått i retning av færre søkarar – med litt betring på slutten av året. Vi tilsette nokon i alle prosessane med unntak av éin.

4

Vi har nytta Traineeprogrammet i staten, som er ei satsing i arbeidet med mangfald og inkludering. Vi fekk i 2022 ein god del søknader til denne stillinga, der kriteria er at ein må ha nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en, ha høgare utdanning og elles vere kvalifisert til å fylle stillinga. Resultatet frå rekrutteringsprosessen var at vi gjennomførte tilsetting.

Vi tok i 2022 også imot ein lærling som ein del av arbeidet med mangfald og inkludering i staten.

Utlysingstekstane våre er i samsvar med råd frå Arbeidsgivarportalen.

Informasjon og dialog

Arbeidsgivar og tillitsvalde har faste partssamarbeidsmøte kvar tredje veke. Informasjon, drøfting og forhandling (IDF) utarbeider i fellesskap eit årshjul som danner ei ramme for arbeidet gjennom året. Arbeidsmiljøutvalet har møte kvart kvartal og elles etter behov. Samarbeidet i begge foruma er godt.

Vi har avdelingsmøte og stabsmøte kvar veke. I 2022 blei det gjennomført med-arbeidarsamtalar med alle tilsette i samsvar med rutinane våre. Alle tilsette har også fått tilbod om lønssamtale i forkant av dei lokale lønsforhandlingane.

Aktivitets- og opplysningsplikt som arbeidsgivar og myndighetsorgan

Den faktiske tilstanden for kjønnslikestilling

Kjønnsbalanse		Mellombels tilsette		Foreldrepermisjon		Faktisk deltid		Ufrivillig deltid	
Oppgis i tal		Oppgis i tal eller prosentdel av alle tilsette		Oppgis i gjennomsnitt tal veker		Oppgis i tal eller prosentdel av alle tilsette		Oppgis i tal eller prosentdel av alle tilsette	
Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn	Kvinner	Menn
48	50	2	10	19,45	9,66	2	0	0	0

Statistikken for kjønnsbalanse, mellombels tilsette og deltidsarbeid er henta frå rapportløysinga DFØ Innsikt for HR og lønn, likestillingsanalyse frå 15. desember 2022.

Tala for mellombels tilsette, faktisk deltid og ufrivillig deltid er angitt i tal personar. Vi legg til grunn at ingen av dei som arbeider deltid, gjer det ufrivillig, men at dei ut frå sin noverande livssituasjon må og ønsker å jobbe i redusert stilling.

Når det gjeld foreldrepermisjon, viser tala gjennomsnittleg tal veker foreldrepermisjon dei tilsette har tatt ut, både lønt og ulønt. Kvinner tok ut 19,45 veker og menn tok ut 9,66 veker foreldrepermisjon i 2022.

Kjønnslikestilling

Vi vurderer tal for rådgivarar og seniorrådgivarar, sidan desse gruppene har flest tilsette. Dette aukar moglegheita til å vurdere kjønnslikestillinga og gjer at vi kan rapportere utan å dele personopplysingar. Andre verksemder måler også bonus, tillegg og gode. Det gjer ikkje vi, då det ikkje er relevant.

	Kjønnsbalanse		Løn	
	Tal kvinner	Tal menn	Grunnløn Oppgitt som årsløn kvinner/menn:	
Total	48 49,0 %	50 51,0 %	Gjennomsnittleg løn kvinner:	661 634
			Gjennomsnittleg løn menn:	667 458
				97,7 %
Seniorrådgivar	29	27	Gjennomsnittleg løn kvinner:	658 645
			Gjennomsnittleg løn menn:	693 083
				95 %
Rådgivar	14	10	Gjennomsnittleg løn kvinner:	575 847
			Gjennomsnittleg løn menn:	593 176
				97,1 %

Kjelde: DFØ Innsikt for HR og lønn, likestillingsanalyse datert 15. desember 2022.

Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2022 samla sett hatt god kjønnsbalanse. Tala viser at fordelinga mellom kvinner og menn er tilnærma lik. For seniorrådgivar- og rådgivarstillingar har vi litt overvekt av kvinner.

Likeløn fordelt på alder

Tala for likeløn fordelt på alder viser at i alderen 18–39 år har menn lågare løn enn kvinner i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Derimot viser tala for aldersgruppa 40–59 år at kvinner har lågare løn enn det menn har. Også i alderen 60+ år har kvinner lågare løn enn menn.

Arbeid for likestilling og mot diskriminering

Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeider for å fremme likestilling i samsvar med regelverket og har eit bevisst forhold til dette i samband med rekruttering og lønsplassering.

Vi arbeider med likestilling og mot diskriminering i tråd med lovgiving og anbefalingar. Gjennom personalpolitikken legg vi til rette for fleksibilitet gjennom fleksitidsordning, heimekontoravtale og individuell tilrettelegging på arbeidsplassen ved behov. Slik kan tilsette ha ein god balanse mellom heim og jobb. Dette har leiinga tett dialog med dei tillitsvalde og verneombodet om.

For året 2022 har vi gjennomført ein likestillings- og diskrimineringsanalyse og ei kartlegging av lønsforhold. Resultata for både likestilling og lønsforhold i organisasjonen var gode. Samtidig kom det fram nokre forbettingsområde som vi vil jobbe vidare med gjennom ein tiltaksplan.

Resultatet av undersøkinga blei lagt fram for dei tillitsvalde og leiargruppa. Det dannar utgangspunktet for vidare arbeid.

Våre tillitsvalde er involverte i dei fleste prosessane på personalområdet som er omfatta av lova. Dei er direkte involverte i rekrutteringsarbeid og i arbeid med løns- og arbeidsvilkår og forfremming gjennom forhandlingar. IDF er forumet for involvering i personalpolitiske retningslinjer. I tillegg er dei tilsette representerte i Arbeidsmiljøutvalet (AMU), der ein diskuterer arbeidsmiljøspørsmål. Dette kan i nokre tilfelle vere relevant for arbeidet med likestilling og mot diskriminering. Dei tilsette er også representerte i tilsettingsrådet, og på den måten kan dei vere med på å fremme likestilling og hindre diskriminering i rekrutteringsprosessar.



Tilsette i Lotteri- og stiftelsestilsynet på ei personalsamling i Jølster.

For å identifisere risiko for diskriminering og manglande likestilling innhentar vi i tillegg informasjon frå avvikssystemet vårt, resultat frå gjennomførte vernerundar og resultat frå medarbeidarundersøkingar.

I 2021 gjennomførte vi ei organisasjonsendring. Vi har brukt resultatane frå evalueringsrapporten etter omorganiseringa til å identifisere risiko for diskriminering og faktorar som hindrar likestilling. I tillegg identifiserer Lotteri- og stiftelsestilsynet risiko for diskriminering og risiko for manglande likestilling gjennom årlege medarbeidar-samtalar, gjennom uformelle samtalar mellom leiar og tilsette og gjennom systematiske oppfølgingssamtalar som leiarane har med nytilsette gjennom prøvetida. Vi praktiserer også tett oppfølging av tilsette ved sjukefråvær og gjennom personalpolitiske rutinar for konflikthandtering, varsling om kritikkverdige tilhøve, livsfasepolitikk, permisjonar og medarbeidarutvikling. Rutinane er kjende for dei tilsette i organisasjonen.

Gjennomsnittsalderen i Lotteri- og stiftelsestilsynet har i 2022 vore 43,2 år. Det er ein liten nedgang frå 2021, då han var 44,5 år. Det var igjen noko lågare enn i 2020, då gjennomsnittsalderen var 45,1 år, og i 2019, då han var 44,8 år. Mange av dei tilsette har lang fartstid i Lotteri- og stiftelsestilsynet. Heile 13 tilsette har over 22 års ansiennitet, og ytterlegare 6 tilsette har mellom 11 og 13 års ansiennitet.

Dette sikrar kontinuitet og erfaring. I 2022 var det tilsett 49 prosent kvinner og 51 prosent menn. Tilsvarende tal for 2021 var 48,7 prosent og 51,3 prosent.

Arbeid framover

For å fremme likestilling og hindre diskriminering har Lotteri- og stiftelsestilsynet arbeidd vidare med tiltak som blei sette i verk etter førre likestilling- og diskrimineringsanalyse ved inngangen til 2020.

Dette har vi gjort i 2022:

- Gjennomført rekruttering ved hjelp av Traineeprogrammet i staten, som er ei satsing i arbeidet med mangfald og inkludering. Her har søkarar med nedsett funksjonsevne og/eller hol i CV-en høve til å søke.
- Vi har jobba med å forbetre stillingsannonssane våre basert på råd frå Arbeids-givarportalen. Formålet er å gjere tekstane meir inkluderande. Desse er noko vi kontinuerleg vil jobbe med å forbetre.

4

- Revidert rekrutteringsprosedyren vår i samband med revisjon av internkontrollen. Ansvar for inkludering, likestilling og diskriminering i rekrutteringsprosesser er blitt meir tydeleggjort.
- Tatt i bruk Virksomhetsportalen for å jobbe med forfremmingar og utviklingsmoglegheiter for tilsette.
- Arbeidd med strategisk kompetanseutvikling og utarbeidd ein kompetanseplan. Sentral styring vil gjere det lettare å sikre likestilling og hindre diskriminering.
- Gjennomført medarbeidarundersøkinga MUST i regi av Statens arbeidsmiljøinstitutt (STAMI).
- Vi har lagt til rette for å kombinere arbeid og familieliv gjennom auka bruk av heimekontor for tilsette som ønsker det.
- Basert på eit nytt lovkrav har vi utarbeidd retningslinjer og skjema for heimekontoravtale mellom tilsett og arbeidsgivar.
- Vi har oppdatert introduksjonsplanen for nytilsette og legg no meir vekt på «preboardingsfasen» og på å sikre at nytilsette blir følgde opp av leiar gjennom faste oppfølgingssamtalar i prøvetida.

Med bakgrunn i risikoområde vi har avdekt i 2022, er målet vårt å jobbe vidare med tiltaka som ledd i det førebyggjande arbeidsmiljøarbeidet.

Ytre miljø

Erfaringane frå pandemien har medført endringar i arbeidsmåtar og reisemønster. Det er ei allmenn oppfatning at det blir færre jobbreise, og for vårt vedkommande færre flyreise. Vi ventar også at persontrafikken til og frå arbeidsplassen vil bli noko mindre enn før, sidan fleire kjem til å nytte fleksible ordningar der dei vekslar mellom heimekontor og frammøte på arbeidsplassen.

Vi starta i 2022 på programmet for Miljøfyrtårn-sertifisering. To frå leiinga deltok. På grunn av ressursmangel måtte vi dessverre nedprioritere dette før vi kom så langt at vi kunne sette programmet om i handling og sertifisering. Vi skal i 2023 vurdere kva vi gjer framover. Vi har som mål å auke bevisstgjerings og etablere faste strukturar for arbeidet med det ytre miljøet.

IT og dokumenthandtering

IT og dokumenthandtering leverer tenester til heile organisasjon for å støtte arbeidet med å utføre samfunnsoppdraget. Dette inneber drift av og brukarstøtte for IT-infrastruktur, arkiv- og saksbehandlingssystem inkludert innsynsmodul for offentlegheita. Ein stor del av dokumentasjonen blir publisert i fulltekst.

Utvikling og drift av nasjonale løysingar som Stiftelsesregisteret, Pengespelregisteret og Anleggsregisteret kjem i tillegg. Utover dette driftar og utviklar vi andre interne saksbehandlings- og søknadssystem, ofte med eigen publikumsdel som er integrert med nasjonale fellesløysingar. Dette bidrar til effektiv offentlig digitalisering som set brukarane i fokus.

Store delar av 2022 har vore prega av styrking av drifts- og utviklingstenester etter ein lang periode med ekstraordinære tenesteleveransar og ekstraoppgåver grunna koronapandemien. Løysingar for heimekontor har blitt ein del av den vanlege drifta. Alle system er no tilrettelagde for heimekontor, og det er implementert i vanlege driftsrutinar. Koronastøtteordningane har halde fram med å påverke arbeidet til IT og dokumenthandtering. Planlegging, vidareutvikling og idriftssetting av nye oppgåver, og dessutan effektivisering av eksisterande prosessar, har blitt prioritert i 2022.

4

Utvikling av nye sakssystem

Eininga for kampfiksing har fått overlevert eit nytt sakssystem basert på Salesforce. Integrasjon med blant anna Norges Fotballforbund, Einingsregisteret og eit nytt tipssystem har bidratt til å standardisere og effektivisere saksbehandlingsprosessen.

Saman med Stiftelsestilsynet arbeider avdelinga med å utvikle eit nytt modulbasert saksbehandlingssystem. Systemet har som formål å forenkle brukardialogen og automatisere store delar av saksbehandlinga. Integrasjon med dagens arkivsystem og relevante offentlege fellesløysingar som SvarUt, Einingsregisteret og Stiftelsesregisteret vil bidra til å redusere tidsbruken for innhenting av informasjon og lagring. Systemutviklinga skal etter planen halde fram gjennom heile 2023, med kontinuerleg levering inntil alle modular er ferdigutvikla. Arbeidet med Stiftelsesregisteret har fokusert på forvaltning og drift av registeret. Registeret leverer datagrunnlaget for nytt saksbehandlingssystem, og integrasjonen mellom systema vil bidra til forenkling.

Arbeidet med Pengespelregisteret har i hovudsak bestått av forvaltning og drift. Årsaka er innføring av ny pengespellov og tilhøyrande forskrift for pengespel. I 2023 skal vi begynne å utvikle eit nytt pengespelregister.

Samhandling om tilskot, personvern, opplæring og utvikling

Også i 2022 har dokumenthandtering prioritert arbeidet med tilskotsfeltet og bidratt til vellykka gjennomføring av dei ulike støtteordningane. Vi hadde eit etter-slep i publiseringa til elnnsyn, men kom å jour i løpet av første kvartal.

Avdeling for frivilligheitsstøtte har gjort informasjon om tilskotsordningane tilgjengeleg for innbyggjarane gjennom ordna data i eigne datasett. Vi la inn lenker til desse datasetta på nettstaden vår. Denne informasjonen sparte organisasjonen for ein del innsynsarbeid i 2022. Vi kunne i mange tilfelle gi god nok informasjon ved å vise til datasetta på nettsida. Spesielt i samband med straumstøtteordninga kom det mange innsynskrav som vi kunne handtere på denne måten.

I samarbeid med personvernombodet har dokumenthandtering i løpet av året følgt opp personvernarrvik og drive informasjonsarbeid i organisasjonen. I dette informasjonsarbeidet har ein sett regelverk og praktiske omsyn i samanheng.

Med fleire nye tilsette i organisasjonen, inkludert to nye tilsette på dokumenthandtering, har opplæring og oppfølging av nytilsette vore viktig. Dokumenthandtering har bidratt med innspel til fornying av innføringsprosessen for nye tilsette og jobba med å utarbeide kurs for nytilsette og for organisasjonen generelt.

For å førebu oppgraderinga av arkivsystemet, som skal skje i 2023, har dokumenthandtering jobba med plan for bevaring og kassasjon av arkiv (bk-plan), arkivnøkkel, rutinegjennomgang, testing i den nye versjonen og bidrag til utviklinga av det nye modulbaserte saksbehandlingssystemet.

	2017	2018	2019	2020	2021	2022
Journalførte dokument	30 831	31 679	31 294	62 035	70 367	71 849
Nye saker	6 462	6 994	6 881	18 555	19 301	20 160
Innsynskrav	3 890	5 187	3 813	4 973	3 257	4 035

Tal basert på rapportane *Dokumenter: Antall journalførte* og *Saker: Antall opprettede* i tillegg til eiga undersøking og samanstilling om innsynskrav

4

Viktig satsing på informasjonssikkerheit og fleire store prosjekt for IT-drift

I 2022 har auka fokus på informasjonssikkerheit bidratt til at vi har gjennomført fleire tiltak knytte til sikkerheit ved bruk og drift av IT-system. Vi har blant anna deltatt i nasjonal sikkerheitsmånad i oktober, gjennomført ein penetrasjonstest av infrastruktur og IT-system og jobba med ein spesifikk risiko- og sårbarheitsanalyse og ein modenheitsanalyse basert på *Grunnprinsipper for IKT-sikkerhet 2.0* frå Nasjonalt tryggingssorgan (NSM).

Orden i eige hus og omlegging av IT-drift har vore prioritert store delar av året. Vi har også gjennomført fleire større prosjekt som oppgradering og standardisering av alle møterom, nettverksanalyse og gjennomgang og forbetring av eksisterande dokumentasjon.

Arbeidet med ny IT- og sourcing-strategi er utsett til tidleg i 2023. Viktige tema i 2022 har vore forenkling, tilrettelegging og utnytting av dagens verktøy, og dess-utan reduksjon av kompleksiteten i heile systemporteføljen. Den nye strategien vil danne grunnlaget for å utvide omfanget av desse oppgåvene og legge til rette for mindre kompleks drift og utvikling i heile organisasjonen.

IT-drift har per i dag to IT-lærlingar, éin på første utdanningsår og éin på andre utdanningsår. For første gong har vi også tilsett ein lærling på fagfeltet IT-utvikling.

Drift og utvikling av Anleggsregisteret

Anleggsregisteret er eit system for å administrere delar av overskotet frå Norsk Tipping. Kultur- og likestillingsdepartementet er eigar, og driftsansvaret er lagt til Lotteri- og stiftelsestilsynet. Registeret består i dag av både søknadsportal, fagsystem og publikumsdel.

I alle norske fylke og kommunar er det mogleg å søke om støtte til idrettsanlegg, kulturbygg, hytter og løyper i fjellet. Fagsystemet har mange ulike brukargrupper. Søkarane er frå både frivillige organisasjonar, næringsliv og offentleg sektor. Kommunen kontrollerer og prioriterer søknader, medan fylkeskommunen godkjenner og prioriterer søknader.

I 2022 kom det inn 4135 søknader om til saman 6,3 milliardar kroner i spelemidlar, og det blei tildelt totalt 1,7 milliardar kroner.

I april 2022 starta vi eit nytt prosjekt med å modernisere registeret for å ta i bruk nyare teknologi og ta omsyn til tilbakemeldingar frå brukarane av systemet. I testinga fekk vi svært gode tilbakemeldingar frå både kommunane og fylka. Den nye versjonen blei lansert 16. januar 2023 og er no i full drift.

Vidareutvikling av flyten frå tildeling til utbetaling er prosjektert og prioritert for 2023. I korte trekk vil den nye flyten innehalde delutbetaling, kommunane sin kontroll av anlegg, revisor sin kontroll av rekneskap og utbetaling.

Vurdering av framtidsutsikter

Utvikling og vedlikehald av effektive og brukarvennlege løysingar krev stadig meir ressursar og kompetanse.

Ein suksessfaktor for eit statleg direktorat og tilsyn som Lotteri- og stiftelsestilsynet er at vi heile tida vidareutviklar løysingane våre i takt med behov og forventningar hos brukarar og tilsette. Digitaliseringa av offentleg sektor handlar om å tilby digitale tenester som er enkle, effektive og pålitelege.

Som verksemd har vi mange fagområde og store brukargrupper å ta hand om. Dei siste åra har vore sterkt prega av koronapandemien, og arbeidet med ulike tilskotsordningar på frivilligheitsområdet har kravd mykje merksemd. Vi har lagt ned store ressursar i å utvikle effektive, brukarvennlege system for søknads- og saksbehandling på dette området – med gode resultat. Desse prioriteringane gjer at andre område har stått på vent.

Eit spissa fagområde som tilsyn med kampfiksing treng også effektive løysingar for overvaking og analyse av data, noko vi har greidd å prioritere i 2022. Det neste vi skal gjere, er å oppgradere både Anleggsregisteret og eit nytt saks- og arkivsystem som vil legge til rette for auka automatisering og effektivisering.

I tillegg skal vi i tida framover utvikle eit nytt og framtidsretta pengespelregister, med funksjonalitet for å løyse oppgåver som følger av ny lov og forskrift for pengespel. Dette blir ein ny omfattande utviklingsjobb.

Over tid har vi sett ein tydeleg trend: Vi bruker svært mykje av ressursane våre på å oppfylle krav om og forventningar til tidsriktige systemløysingar. Det kan vere krevjande for ei verksemd på vår størrelse å sikre at vi ligg langt nok framme i digitaliseringsløpet og held tritt med store verksemdar som har meir ressursar å ta av. Erfaringstal frå året som gjekk, viser at utgifter tilsvarende ein tredjedel av driftsbudsjettet vårt går til IT og digitalisering.

Framover vil det truleg bli vanskeleg for oss å sette inn så store delar av driftsbudsjettet på systemutvikling som det vi har gjort dei siste åra. Det er fordi fleire av jobbane vi har gjort, har hatt ekstrafinansiering knytt til forvaltning av krisepakkar og tilskotsordningar grunna pandemien.

Viss vi skal nå måla våre og gjere brukarane tilfredse gjennom effektive og tilgjengelege løysingar, vil vi derfor måtte finne smarte måtar å jobbe med utvikling og vedlikehald på.

Vi legg vekt på å heile tida utvikle både forvaltnings- og tilsynsarbeidet vårt. Dei siste åra har konkurransen om arbeidskrafta auka. Det gjeld også i resten av samfunnet, men det gjer oss ekstra merksame på at vi må halde trykket oppe for å få tak i dei rette folkane. Slik kan vi sikre at vi er rusta for å utføre samfunnsoppdragane våre best mogleg også i framtida.

5

Konsekvensar av ny lov om pengespel

Ny lov om pengespel tredde i kraft 1. januar 2023, og framover vil vi sjå konsekvensar for aktørane ute i marknaden og for oss som tilsyn. Den nye lova vidarefører hovudlinjene i den norske einerettsmodellen, og ho sikrar oss samtidig eit regelverk for å regulere ein sterkt teknologidreven pengespelmarknad. Det nye regelverket skjerpar innsatsen mot speleproblem og stiller strengare krav til ansvarlege spel.

Vi reknar med at bransjen i åra framover vil tilpasse seg til rammene som den nye lova gir, og at dette igjen kjem til å påverke Lotteritilsynet sine oppgåver og prioriteringar.

Kunnskap om og til stiftelsar

For å sikre forsvarleg forvaltning av stiftelsar trengst det kunnskap, kontroll og målretta rettleiing. I oppdraget vårt ligg det også ei erkjenning av at samfunnet har behov for meir kunnskap om stiftelsane si samfunnsmessige betydning. For Stiftelsestilsynet betyr dette at vi må utvikle posisjonen vår som nasjonal ekspert og kunnskapsleverandør.

Framleis ekstraordinære oppgåver på frivilligområdet

Også 2023 vil vere prega av ekstraordinære oppgåver for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Straumstøtte til frivillige organisasjonar og ordninga for mangfalds- og inkluderingstiltak i idrett og fysisk aktivitet skal halde fram. Det same gjeld arbeidet med klager og etterkontrollar knytte til koronaordningane.

Vi ønsker å bruke data frå tilskotsordningane våre til å få meir innsikt i korleis pandemien, auka straumprisar og inflasjon har påverka frivillig sektor.

Endring av regelverka på pengespelfeltet med verknad frå 1. januar 2023 får konsekvensar også for frivillighetsfeltet. Vi har fått signal om at det i 2023 vil bli sett i gang regelverksarbeid for momskompensasjonsordninga og frivillighetsregisterlova. Dette er viktige regelverk for frivillig sektor, og vi vil bidra med vår erfaring og kunnskap i desse prosessane.

Leiinga sin kommentar til årsrekneskapen

Formål

Lotteri- og stiftelsestilsynet er underlagt Kultur- og likestillingsdepartementet, og er eit ordinært statleg forvaltningsorgan som fører rekneskap etter kontantprinsippet. Tilsynet er staten sitt fagorgan på områda lotteri og pengespel, stiftelsar, moms-kompensasjon til frivillige organisasjonar og tilsyn med Grasrotandelen. Dei primære målgruppene er frivillige organisasjonar og stiftelsar.

Del 2 i årsrapporten inneheld ein introduksjon til tilsynet og hovudtal for verksemda.

Stadfesting

Årsrekneskapen er levert i tråd med føresegnene om økonomistyring i staten, rundskriv R-115 frå Finansdepartementet og krav frå Kultur- og likestillingsdepartementet i instruks om økonomistyring.

Eg meiner rekneskapen gir eit dekkande bilde av tilsynet sine disponible løyvingar, rekneskapsførte utgifter og inntekter.

Vurdering av vesentlege forhold

Ved inngangen til 2022 fekk vi som ekstraoppdrag å forvalte kompensasjonsordninga for avlyste, stengde eller nedskalerte kulturarrangement i samband med covid-19. I supplerande tildelingsbrev nr. 1 av 10. februar 2022 fekk vi løyve til å belaste kapittel 325 post 77 med inntil 15 millionar kroner for utgifter til forvaltning. Det er rekneskapsført 14 999 000 kroner.

Oppdraget med kulturkompensasjon hadde så stort omfang at vi måtte omprioritere i verksemdsplanen og i disponeringa av driftsbudsjettet. Vi flytta på medarbeidarar i fleire avdelingar. Dette førte gjennom året til innsparing i forbruk på dei delane av drift og tenestekjøp som ikkje spesifikt omfattar stimuleringsordningane. I den opphavlege verksemdsplanen hadde vi prioritert ferdigstilling av systemløyving for forvaltning av tilskot og oppgradering av sak-/arkivsystemet. Begge desse jobbane måtte i stor grad settast på vent, og tiltaka må inn på planen for 2023.

Det er i hovudsak forskyving av systemutviklingsjobbar som forklarar eit netto mindeforbruk på 3,85 millionar kroner på post 01 i driftsbudsjettet. Beløpet er innanfor 5 %-regelen, og vi søker om å få det overført til 2023.

Samla forbruk på drift var 118 131 227 kroner. Vi har hatt vekst i oppgåveporteføljen og dermed i tal utførte årsverk. I tillegg har vi hatt betydelege tenestekjøp knytte til systemutvikling for å utføre jobbane med kompensasjonsordningar og nye tilskotsordningar.

Vi brukte 14 389 000 kroner på kjøp av tenester for systemutvikling.

Reiseaktiviteten normaliserte seg i andre halvår. Det ser vi på at reiseutgiftene auka med 1,5 millionar kroner samanlikna med året før.

6

Utgiftene våre utgjorde til saman 3 099 769 094 kroner rekneskapsført. Ordningane for momskompensasjon utgjør 2 373 539 000 kroner utbetalt, kompensasjonsordningane for arrangørar på kultur-, frivilligheits- og idrettsfeltet utgjør 450 217 000 kroner utbetalt, og straumstøtte til frivillige organisasjonar utgjør 161 224 000 kroner utbetalt.

Løn utgjør 57 prosent av driftsutgiftene. Her har vi ein nedgang frå 63 prosent året før. Årsaka til nedgangen er at vi har hatt betydelege tenestekjøp knytte til systemutvikling for å utføre oppdraga med kompensasjonsordningar.

Tal utførte årsverk er 75. Det er fem meir enn året før.


Kapittel 3339 post 02 Lotterigebyr har mindreinntekt på 1 348 000 kroner. Dette har betydning ved berekning av overført beløp på post 01, jf. meirinntektsfullmakt. Det er ein viss nedgang i bingomarknaden i form av færre hallar og løyve. Nedgangen kan mellom anna komme av at bransjen hadde krevjande tider under pandemien, med stenging i periodar. Lotteritilsynet behandlar dei søknadene vi får inn. Gebyrinntekt og mindreinntekt er resultat av tal løyve vi gir.

Ny lov og forskrift om pengespel medfører fleire administrative endringar for bingo, mellom anna gebyr og modell for innbetaling. Effektane omfattar fleire element som påverkar post 02 i perioden 2023–2025, og Lotteri- og stiftelsestilsynet følger opp dette i styringsdialogen.

Kapittel 5569 post 71 Årsavgift frå stiftelsar har ei meirinntekt på 1 190 000 kroner. Det er per i dag registrert i overkant av 6300 stiftelsar. Meirinntektene kjem av at vi får fleire stiftelsar i dei høgare kapitalklassane, og at det gir høgare årsavgift.

Samla sett vog meirinntekter under post 71 nesten opp for mindreinntektene under post 02. Dermed er vi tilnærma i balanse og får ein reduksjon på 124 000 kroner i overførbart beløp på driftsposten 01.

Figuren under viser utviklinga i driftsutgifter dei seinare åra. Varer og tenester har lege stabilt ein periode, men auka i 2022. Lønsutgifter har hatt ein moderat auke. Det er i hovudsak er ei følge av fleire utførte årsverk, men også av normal lønsauke.




Våre største leverandørar i 2022 var: det finske konsulentselskapet Vaadin Oy (10,7 millionar), som vi nyttar til utvikling av systemløysing for tilskot, huseigar Futurum (7,4 millionar), system- og tenesteleverandøren Sopra Steria (4 millionar) og IT-leverandøren iteam (3,8 millionar).

6

I note 3 til rekneskapen rapporterer vi mellom anna på bruken av konsulenttenester.

Lotteri- og stiftelsestilsynet er finansiert gjennom avgifter, gebyr og refusjonar. Dei største inntektskomponentane er refusjonen frå Norsk Tipping og årsavgift frå stiftelsar.



Årsavgifta frå stiftelsane har lege stabilt. Refusjonen frå Norsk Tipping har hatt ein moderat auke for å dekke auka kostnader knytte til forvaltning og tilsyn med penge-spelfeltet.

Det har over tid vore god stabilitet og tryggleik på inntektskomponentane og inntektsmodellen. Innkrevjingsprosenten for årsavgift frå stiftelsar er tilnærma hundre.

Tilleggsopplysningar

Riksrevisjonen er revisor og skal stadfeste årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet. Årsrekneskapen er per dags dato ikkje ferdig revidert, men revisjonsberetninga er venta å vere klar i andre kvartal av 2023.

Førde, mars 2023

Atle Hamar
direktør

Prinsippnote til årsrekneskapen

Årsrekneskapen for Lotteri- og stiftelsestilsynet er utarbeidd og levert etter nærare retningslinjer i føresegn om økonomistyring i staten («føresegnene»), fastsette 12. desember 2003 med endringar, seinast 23. september 2019.

Årsrekneskapen er i samsvar med punkt 3.4.1 i føresegnene, nærare føresegn i Finansdepartementet sitt rundskriv R-115 og eventuelle tilleggskrav fastsette av eige departement.

Oppstillinga av løyvingsrapporten omfattar ein øvre del med løyvingsrapport og ein nedre del som viser beholdningar som verksemda står oppført med i kapitalrekneskapen. Oppstillinga av artskontorrapporten har ein øvre del som viser kva som er rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder, og ein nedre del som viser grupper av kontoar som inngår i mellomvære med statskassa.

Følger kalenderåret

Oppstillinga av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidd med utgangspunkt i punkt 3.4.2 i føresegnene – dei grunnleggande prinsippa for årsrekneskapen.

Rekneskapen følger kalenderåret:

- Rekneskapen inneheld alle rapporterte utgifter og inntekter for rekneskapsåret.
- Utgifter og inntekter er førte i rekneskapen med brutto beløp.
- Rekneskapen er utarbeidd i tråd med kontantprinsippet.

Oppstillingane av løyvings- og artskontorrapporten er utarbeidd etter dei same prinsippa, men gruppert etter ulike kontoplanar. Prinsippa er i tråd med krava i punkt 3.5 i føresegnene til korleis verksemdene skal rapportere til statsrekneskapen. Sumlinja «Netto rapportert til løyvingsrekneskapen» er lik i begge oppstillingane.

Alle statlege verksemder er knytte til statens konsernkontoordning i Noregs Bank i samsvar med krav i punkt 3.7.1 i føresegnene. Ordinære forvaltningsorgan (bruttobudsjetterte verksemder) blir ikkje tilført likviditet gjennom året. Ved overgang til nytt år blir saldoen nullstilt på den enkelte oppgjerskontoen.

Løyvingsrapporten

Løyvingsrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen. Informasjonen blir stilt opp etter dei kapittel og postar i løyvingsrekneskapen som tilsynet har fullmakt til å disponere. Oppstillinga viser finansielle egedelar og forpliktingar tilsynet står oppført med i statens kapitalrekneskap. Kolonna for samla løyving viser kva verksemda har fått stilt til disposisjon i tildelingsbrev for kvar kombinasjon av kapittel/post.

Artskontorrapporten

Artskontorrapporten viser rekneskapstal som Lotteri- og stiftelsestilsynet har rapportert til statsrekneskapen etter standard kontoplan for statlege verksemder. Verksemda har ein trekkrett for disponible løyvingar på konsernkonto i Noregs Bank. Tildelingane skal ikkje inntektsførast og blir derfor ikkje viste som inntekt i oppstillinga.

Note 8 til artskontorrapporten viser skilnader mellom avrekning med statskassa og mellomvære med statskassa.

Løyvingsrapport for 2022

Utgifts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst	Note	Samla løyving	Rekneskap 2022	Meirutgift (-) og mindre- utgift
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	01	Driftsutgifter	A, B	98 067 000	94 088 705	3 978 295
0339	Lotteri- og stiftelsestilsynet	21	Spesielle driftsutgifter	A, B	6 730 000	12 143 363	-5 413 363
0315	Frivillighetsformål	61	Straumstøtte til frivillige organisasjonar	A, B	300 000 000	161 223 853	138 776 147
0315	Frivillighetsformål	70	Mva.-kompensasjon (frivillige organisasjonar)	A	2 053 000 000	2 030 031 726	22 968 274
0315	Frivillighetsformål	82	Mva.-kompensasjon (bygging av idrettsanlegg)	A	345 470 000	343 506 760	1 963 240
0325	Frivillighetsformål	77	Koronaordningar	A, B	476 736 000	450 217 239	26 518 761
1633	Nettoordning for mva. i staten	01	Driftsutgifter		0	8 557 448	
Sum utgiftsført					3 280 003 000	3 099 769 094	

Inn- tekts- kapittel	Kapittelnamn	Post	Posttekst		Samla løyving	Rekneskap 2022	Meirinntekt og mindre- inntekt(-)
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	02	Gebyr frå lotteri	B	8 695 000	7 347 413	-1 347 587
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	04	Registreringsgebyr frå stiftelsar	B	180 000	214 490	34 490
3339	Inntekter frå spel, lotteri og stiftelsar	07	Inntekter ved oppdrag	B	7 319 000	12 735 000	5 416 000
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	71	Årsavgift frå stiftelsar	B	24 175 000	25 364 648	1 189 648
5568	Sektoravgifter under Kulturdepartementet	73	Refusjon frå Norsk Tipping og Rikstoto		46 635 000	46 635 000	0
5309	Tilfeldige inntekter	29	Ymse		0	8 799 731	
5700	Arbeidsgivaravgift	72	Arbeidsgivaravgift		0	8 276 289	
Sum inntektsført					87 004 000	109 372 571	

Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen	2 990 396 523
--	----------------------

Kapitalkontoar		
60075901	Noregs Bank KK / innbetalingar	109 585 100
60075902	Noregs Bank KK / utbetalingar	-3 101 028 170
703803	Endring i mellomvære med statskassa	1 046 547
Sum rapportert		0

Behaldningar rapporterte til kapitalrekneskapen (31.12)

	31.12.2022	31.12.2021	Endring
703803 Mellomvære med statskassa	-4 184 463	-5 231 011	1 046 548

Note A: Forklaring av samla løyving

Kapittel og post	Overført frå i fjor	Årets tildelingar	Samla løyving
33901	4 504 000	93 563 000	98 067 000
33921	610 000	6 120 000	6 730 000
31561	0	300 000 000	300 000 000
31570	0	2 053 000 000	2 053 000 000
31582	0	345 470 000	345 470 000
32577	0	476 736 000	476 736 000

I supplerande tilelingsbrev nr. 1 av 10. februar 2022 fekk vi fullmakt til å belaste kapittel 325 post 77 med inntil 15 millionar kroner for utgifter til forvaltning av kompensasjonsordningane. Det blei belasta 14 999 000 kroner, som inngår i rekneskapsført beløp.

Note B: Forklaring av brukte fullmakter og berekning av mogleg overførbart beløp til neste år

Kapittel og post	Stikkord	Meirutgift (-) / mindreutgift	Utgiftsført av andre etter avgitte belastningsfullmakter (-)	Meirutgift (-) / mindreutgift etter avgitte belastningsfullmakter	Meirinntekter / mindreinntekter (-) etter meirinntektsfullmakt (justert for eventuell mva.)	Omdisponering frå post 01 til 45 eller til post 01/21 frå neste års løyving	Innsparingar (-)	Sum grunnlag for overføring	Maks. overførbart beløp*	Mogleg overførbart beløp berekna av verksemda
33901		3 978 295	3 978 295	-123 449				3 854 846	4 678 000	3 854 000
33921	«kan overførast»	-5 413 363	-5 413 363	5 416 000				2 637		3 000
31561	«kan overførast»	138 776 147	138 776 147	0				138 776 147		138 776 000
32577	«kan overførast»	26 518 761	26 518 761	0				26 518 761		26 519 000

* Maksimalt beløp som kan overførast, er 5 % av årets løyving på driftspostane 01–29, unntatt post 24, eller sum av dei siste to års løyvingar for postar med stikkordet «kan overførast». Rundskriv R-2/2013 inneheld meir informasjon om overføring av ubrukte løyvingar.

Forklaring til bruk av budsjettfullmakter

Romartalsvedtak

Lotteri- og stiftelsestilsynet si ubrukte løyving på kapittel/post 33901 er på til saman 3 854 000 kroner, og dette blir rekna som mogleg overføring til neste budsjettår ut frå 5 %-regelen. Beløpet som står på kapittel/post 33921, kan overførast i sin heilskap, då stikkordet «kan overførast» er knytt til kapittel/post.

Løyvingane under kapittel/post 31570 og 31582 er ikkje overførbare. 31561 har eit mindreforbruk på 138 776 000 kroner, og 32577 har eit mindreforbruk på 26 519 000 kroner. Desse postane har stikkordet «kan overførast».

Artskontorrapport for 2022

	Note	2022	2021
Driftsinntekter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Innbetalinger frå gebyr	1	7 561 903	8 434 078
Andre innbetalinger	1	12 735 000	8 827 000
Sum innbetalinger frå drift		20 296 903	17 261 078
Driftsutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetalinger til løn	2	67 840 631	63 986 573
Andre utbetalinger til drift	3	48 455 565	35 983 527
Sum utbetalinger til drift		116 296 196	99 970 100
Netto rapporterte driftsutgifter		95 999 293	82 709 022
Investerings- og finansutgifter rapporterte til løyvingsrekneskapen			
Utbetaling til investeringar	5	1 831 937	2 611 822
Utbetaling av finansutgifter	4	3 095	2 131
Sum investerings- og finansutgifter		1 835 031	2 613 953
Netto rapporterte investerings- og finansutgifter		1 835 031	2 613 953
Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten			
Innbetaling av skattar, avgifter, gebyr m.m.	6	80 696 465	75 662 853
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten		80 696 465	75 662 853
Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten			
Utbetalinger av tilskot og stønader	7	2 973 080 419	4 096 330 022
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten		2 973 080 419	4 096 330 022
Inntekter og utgifter rapporterte på felleskapittel			
Gruppelivsforsikring, konto 1985 (ref. kap. 5309, inntekt)		102 915	96 984
Arbeidsgivaravgift, konto 1986 (ref. kap. 5700, inntekt)		8 276 289	7 788 209
Nettoføringsordning for meirverdiavgift, konto 1987 (ref. kap. 1633, utgift)		8 557 448	6 352 545
Netto rapporterte utgifter på felleskapittel		178 245	-1 532 648
Netto rapportert til bevilgningsrekneskapen		2 990 396 523	4 104 457 497
Oversikt over mellomvære med statskassa			
Eigedelar og gjeld		2022	2021
Skuldig skattetrekk og andre trekk		-3 058 713	-2 409 541
Skuldig meirverdiavgift		-1 087 261	-737 524
Løn (negativ netto, for mykje utbetalt løn m.m.)		9 017	2 010
Differansar på bank og uidentifiserte innbetalinger		-47 507	-2 085 955
Sum mellomvære med statskassa	8	-4 184 463	-5 231 011

Note 1: Inntekter rapporterte til bevilgningsrekneskapen

	2022	2021
Innbetalinger frå gebyr, avgifter og refusjonar		
Gebyr frå lotteri	7 347 413	8 260 278
Registreringsgebyr frå stiftelsar	214 490	173 800
Sum innbetalinger frå gebyr	7 561 903	8 434 078
Andre innbetalinger		
Oppdrag med utvikling av Anleggsregisteret	4 200 000	2 600 000
Handlingsplan mot speleproblem	8 535 000	6 227 000
Sum andre innbetalinger	12 735 000	8 827 000
Sum innbetalinger frå drift	20 296 903	17 261 078

Note 2: Utbetalinger til løn

	2022	2021
Løn	56 720 146	51 364 256
Arbeidsgivaravgift	8 276 289	7 788 209
Pensjonsutgifter	3 843 493	5 830 089
Sjukepengar og andre refusjonar (-)	-2 335 321	-2 464 950
Andre ytingar	1 336 023	1 468 969
Sum utbetalinger til løn	67 840 631	63 986 573
Tal årsverk	75	70

Note 3: Andre utbetalinger til drift

	2022	2021
Husleige	6 717 099	6 216 380
Vedlikehald og ombygging av leigde lokale	192 699	25 506
Andre utgifter til drift av eignedom og lokale	1 397 881	1 488 860
Reparasjon og vedlikehald av maskiner, utstyr m.m.	226 006	234 886
Mindre innkjøp av utstyr	78 989	392 631
Leige av datautstyr og system (årlege lisensar m.m.)	5 725 599	4 077 013
Kjøp av konsulenttenester*	18 861 714	11 205 453
Kjøp av framande tenester*	9 021 352	8 869 154
Reiser og diett	2 001 557	461 952
Andre driftsutgifter	4 232 671	3 011 692
Sum andre utbetalinger til drift	48 455 565	35 983 527

* spesifisert under.

Våre største leverandørar i 2022 var: det finske konsulentselskapet Vaadin Oy (10,7 millionar), som vi nyttar til utvikling av systemløyning for tilskot, huseigar Futurum (7,4 millionar), system- og tenesteleverandøren Sopra Steria (4 millionar) og IT-leverandøren iteam (3,8 millionar). Summane her inkluderer for IT-leverandørane også lisensar. Derfor er summane høgare enn i oversikta nedanfor.

Det er brukt 4 321 000 kroner på drift og utvikling av Anleggsregisteret, på oppdrag frå departementet. Det er brukt 7 823 000 kroner på tiltak knytte til handlingsplanen mot speleproblem. Av desse utgjør driftsstøtte til organisasjonar som jobbar med speleproblem, 3,1 millionar kroner. Dette er såleis ikkje knytt til drifta av Lotteri- og stiftelsestilsynet, men 9 044 000 kroner inngår likevel i andre driftsutgifter.

Spesifikasjon av konsulenttenester		
Vaadin Oy	Utviklingstenester til Anleggsregisteret og system for tilskotsforvaltning	10 299 178
Sopra Steria AS	Utviklingstenester til tipssystem for kampfiksing, saksflyt for Stiftelsestilsynet og ROS-analyse for IT-drift	3 968 405
PwC AS	Konsulentbistand til ekstraoppdrag med kulturkompensasjon (covid-19) og bistand til internkontroll og evaluering av omorganisering	2 376 224
Oslo Economics AS	Samfunnsøkonomisk analyse av stiftelsessektoren	527 000
NTB Arkitekt AS	Informasjons- og rettleiingsprodukt, informasjonsdeling og rettleiing for stiftelsar i ulike kanalar	416 912
Vassbund Consult	Rådgivingstenester på pengespelområdet	300 000
Vest Booking AS	Reklamefilm/informasjonskampanje, tiltak under handlingsplanen mot speleproblem	260 000
Div. kommunikasjon	Andre kommunikasjonstenester, fleire leverandørar, m.a. Retriver AS, Rakkar AS og Photoevent AS	261 093
Div. IT	Andre IT-utviklings- og driftstenester, fleire leverandørar, m.a. TietoEVERY AS	181 143
Andre tenester	Div. andre tenester, fleire leverandørar, m.a. Sentio Research AS, Playsafe Group AS	271 759
		18 861 714

Spesifikasjon av framande tenester		
Universitetet i Bergen	Forsking på speleåttferd, befolkningsundersøking Tiltak under handlingsplanen mot speleproblem	3 450 000
Sykehuset Innlandet HF	Drift av Hjelpelinjen for speleavhengige Tiltak under handlingsplanen mot speleproblem	1 239 889
iteam AS	Installasjons- og driftstenester, IT-nettverksdrift	1 220 297
Agnitio AS	Driftsløsning for Anleggsregisteret	826 770
Adecco AS	Innleige av vikar på rekneskap	348 588
Trigger AS	Informasjonskampanje under handlingsplanen mot speleproblem	250 850
Corporater AS	Tilpassing av system for verksemdsstyring og oppgradering til ny versjon	215 688
Difi	Drift av Altinn	220 000
Dekode Interaktiv AS	Drift og forvaltning av nettstad	196 410
Funka Nu AB	Analyse av universell utforming på nettstad	173 250
DFØ	Løns- og rekneskapstenester og brukartilgang/lisensar	130 142
Sportsdata AG	Tenester knytte til tilsyn med kampfiksing	77 093
Respons Analyse AS	Brukarundersøking blant tilsynet sine brukargrupper	74 400
Framtidsfylket AS	Traineeordning	70 000
Div. IT	Andre IT-tenester, fleire leverandørar, m.a. TietoEVRY AS, Playsafe AS – trekkingssystem, Siteimprove AS	232 796
Andre tenester	Div. tenester, fleire leverandørar, m.a. Sentio Research AS, Norsk Telegrambyrå AS, Gambling Capital, Reiakvam Foto AS	295 179
		9 021 352

Note 4: Finansutgifter

	2022	2021
Utbetaling av finansutgifter		
Renteutgifter	3 095	2 131
Sum utbetaling av finansutgifter	3 095	2 131

Note 5: Utbetaling til investeringar og kjøp av aksjer

	2022	2021
Utbetaling til investeringar		
Maskiner og transportmiddel	0	27 120
Inventar, datamaskiner (serverar m.m.)	1 831 937	2 584 702
Sum utbetaling til investeringar	1 831 937	2 611 822

Note 6: Innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten

	2022	2021
Refusjon frå Norsk Tipping	44 090 634	44 099 144
Refusjon frå Norsk Rikstoto	2 544 366	2 544 856
Avgifter på stiftelsesområdet	25 364 648	24 934 783
Tilfeldige og andre inntekter	8 799 731	4 084 070
Sum innkrevjingsverksemd og andre overføringer til staten	80 799 379	75 662 853

Tilfeldige og andre inntekter gjeld i hovudsak tilbakebetalt momskompensasjon som mottakar ikkje har hatt krav på. Den største enkeltsaka utgjer 6,6 millionar kroner av summen i 2022.

Note 7: Tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten

	2022	2021
Straumstøtte til frivillige organisasjonar	161 223 853	0
Meirverdiavgiftskompensasjon til frivillige organisasjonar	2 030 031 726	1 817 419 779
Meirverdiavgiftskompensasjon ved bygging av idrettsanlegg	343 506 760	292 945 348
Kompensasjonsordningar for arrangørar innan kultur, frivilligheit og idrett	450 217 239	1 983 214 895
Tilskot til handlingsplanen mot speleavhengigheit	3 100 000	2 750 000
Sum tilskotsforvaltning og andre overføringer frå staten	2 826 855 725	4 096 330 022

Note 8: Samanheng mellom avrekning og mellomvære med statskassa

	31.12.2022 Spesifisering av bokført avrekning med statskassa	31.12.2022 Spesifisering av rapportert mellomvære med statskassa	Skilnad
Omløpsmidlar			
Kundefordringar	402 523	0	402 523
Andre fordringar	-50 960	0	-50 960
Sum	351 563	0	351 563
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld	-603 763	0	-603 763
Skuldig skattetrekk	-3 058 713	-3 058 713	0
Skuldig meirverdiavgift	-1 087 261	-1 087 261	0
Anna kortsiktig gjeld	-38 490	-38 490	0
Sum	-4 788 226	-4 184 463	-603 763
Sum	-4 436 663	-4 184 463	-252 200



Lotteri- og
stiftelsestilsynet

Storehagen 1B – Postboks 800, 6805 Førde
Tlf.: 57 82 80 00
postmottak@lottstift.no
lottstift.no